

Vi trur på Noreg

Høgre trur at kvar enkelt av oss kan utgjere ein forskjell i samfunnet.

Noreg er eit lite land der vi stolar på kvarandre. Vår felles tiltru til kvarandre er fundamentet som vi har bygd samfunnet på. Saman har vi skapt eit samfunn med økonomisk velstand og god velferd. Gjennom pandemien har tilliten vi har til kvarandre, vist seg å vere livsviktig.

Vi står overfor fleire utfordringar i åra som kjem. På kort sikt skal økonomien gjenreisast. Vi må skape jobbar for å erstatte dei vi har mist i pandemien. På lang sikt må vi sikre berekrafta i velferdssamfunnet vårt. Då må vi satse på kunnskap og kompetanse. Vi må skape meir og inkludere fleire.

Høgre trur på friheit under ansvar. Vi trur at du sjølv veit best kva som passar best for deg. Derfor vil Høgre ha eit helsevesen som set pasienten i sentrum. Når det offentlege samarbeider med private aktørar, spelar dei kvarandre betre. Vi må bruke alle dei gode kreftene i samfunnet. For at ikkje private tilbod berre skal vere tilgjengelege for dei med stor lommebok, meiner Høgre at det offentlege skal kjøpe ledige plassar hos private aktørar og tilby dei til dei som treng det. Dersom folk treng ein barnehageplass, ein sjukeheimplass, ein operasjon eller hjelp med å kome ut av eit liv med rus, er det viktigaste for dei at dei får eit tilbod av høg kvalitet raskt, på det offentlege si rekning - ikkje kven som driv tilbodet. Høgre vil ha eit samfunn som set menneska framfor systemet.

Skal vi bygge framtidens Noreg, treng vi kunnskap. Høgre vil satse på kompetanseheving for elevar, studentar og folk i jobb. Vi trur at alle ønskjer å bidra i samfunnet. Då må vi ha gode ordningar som gjer det mogleg. Ingen i Noreg skal gå ut på dato på grunn av manglande kompetanse, og færre skal falle frå i skulen. Ein god skule er nøkkelen til god integrering og god inkludering.

At folk har ein jobb å gå til, er viktig både for samfunnet og for kvar enkelt av oss. Høgre trur på den skaparkrafta som ligg i oss alle og ute i norske bedrifter. For at det skal skapast arbeidsplassar, må næringslivet få friheita til å skape meir. Det får dei med eit konkurransedyktig skatte- og avgiftsnivå, færre reguleringar og meir digitalisering. Samstundes må vi gi dei som står utanfor arbeidslivet, betre moglegheiter til å kome inn. Vi trur at kvar enkelt av oss ønskjer å bidra. Då er det samfunnet si oppgåve å legge til rette for det. Ingen ønskjer å vere den som blir ekskludert. Ein ønskjer å vere den som bidrar.

Vi trur på Noreg fordi vi trur på alle oss som bur her: på enkeltmenneske, familiar og lokalsamfunn og på den enkeltes initiativ i næringsliv og frivillige organisasjonar. Vi trur at fellesskapet blir sterkare når det blir prega av friheit og ansvar, og når flest mogleg avgjerder vert tekne nærmast mogleg den det gjeld. Vi trur at innsatsvilje og skaparkraft styrker fellesskapet. Vi trur på Noreg fordi vi trur at kvar enkelt av oss som bur her, vil bidra til å skape eit betre samfunn for alle. Vi trur på Noreg fordi vi trur på deg.

Innhaldsoversikt

Skape meir, inkludere fleire.....	6
Skape fleire jobbar og større verdier	6
Flere gründarar, meir jobbskaping	7
Næringsutvikling i heile landet.....	7
Eit grønt næringsliv	9
Det smarte næringslivet	9
Havnasjonen Noreg	10
Fiskeri og havbruk – ei evig fornybar næring	11
Næring i fjellet – industri, mineralar og bergverk.....	12
Ei berekraftig olje- og gassnæring	13
Reiseliv og handel	13
Jordbruk	14
Skogbruk.....	15
Økonomi.....	17
Trygg økonomisk styring.....	17
Skatt og avgift	17
Eigarskap	18
Arbeid og inkludering	19
Eit trygt og fleksibelt arbeidsliv	19
Det skal lønne seg å jobbe	19
Fleire inn i jobb – eit inkluderande arbeidsliv	20
Fleire unge inn i jobb	21
Arbeidskriminalitet	22
Auka kompetanse – ingen skal gå ut på dato	22
Leve lenger og jobbe lenger i eit aldersvennleg samfunn	23
Skule og utdanning	25
Barnehage – barnas første år	25
Ein kunnskapsskule som gir moglegheiter for alle.....	26
Ungdomsskulen.....	26
Vidaregående skule	27
Fag- og yrkesopplæring.....	28
Digitalisering i skulen.....	29
Dyktige lærarar og skuleleiarar	30
Gode skuleeigarar	31

Høgare yrkesfagleg utdanning – fagskular	32
Høgare utdanning og forskning	32
Studentvelferd	33
Helse	35
Sjukehusa og spesialisthelsetenesta – pasientena sitt helsevesen	35
Folkehelse	36
Kommunale helsetenester	37
Leve heile livet – livsglede for eldre	37
Fagleg sterk helse- og omsorgsteneste	38
Pårørande	39
Legemiddel	39
Psykisk helse	39
Ei god og verdig rusomsorg	40
Bioteknologi	41
Helseberedskap og smittevern	42
Tannhelse	43
Verdiskapinga skal opp, utsleppa skal ned	44
Vegen mot lavutsleppssamfunnet	44
Klimavennleg næringsliv og industri	44
Energi	45
Grøn transport	46
Sirkulær økonomi	46
Lokale utsleppskutt	47
Naturmangfald	48
Samferdsel	49
Framtidas transportløyser	49
Meir, betre og tryggare veg	49
Jernbane	50
Ein utsleppsfri transportsektor	51
God ressursbruk – meir transport	51
Kollektivtransport og god framkomelegheit i byområda	52
Flytilbodet er distrikta sin kollektivtransport	53
Modernisering av norske hamner	54
Justis, sikkerheit og beredskap	55
Politi og påtale	55
Domstolar	56

Lover, reglar og straff	56
Ungdoms- og gjengkriminalitet	57
Offera si stilling	58
Kriminalomsorg.....	58
Hatkriminalitet og ekstremisme.....	59
Vald i nære relasjonar	60
Samfunnssikkerheit og beredskap.....	60
<i>Ein god offentleg sektor</i>	62
Offentlige tenester – innbyggjarane i sentrum	62
Offentleg tilsette	62
Ein digital og effektiv offentleg sektor.....	63
Meir lokalt sjølvstyre, meir lokaldemokrati	64
Bustad som ein heim	65
Levande distrikt og bygdesamfunn.....	65
Storbyar og byregionar	66
Val og demokrati.....	67
<i>Innvandring og integrering</i>	68
Streng, føreseieleg og berekraftig	68
Opphaldsløyve og statsborgarskap	68
God integrering	69
<i>Familie, mangfald og likestilling.....</i>	71
Familie	71
Barnevern	71
Likestilling, inkludering, mangfald og leiing	72
Urfolk og nasjonale minoritetar	73
<i>Kultur, idrett og frivilligheit.....</i>	74
Kultur.....	74
Tru og livssyn	75
Medium	75
Idrett, frivilligheit og friluftsliv	76
Norsk kulturarv og språk	77
<i>Utanriks og forsvar</i>	78
Noreg i verda	78
Europapolitikk og EU	78
Utvikling og menneskerettigheiter	79
Nordområdepolitikk	80

Eit sterkt forsvar..... 81

Skape meir, inkludere fleire

Skape fleire jobbar og større verdier

Høgre vil prioritere jobbar først. Det er folk i jobb som skaper verdiane vi alle nyt godt av. Velferdssamfunnet bygger på skuldrane til norske arbeidstakarar og bedrifter. Store delar av næringslivet slit som ein konsekvens av koronapandemien. I tida som kjem, vil Høgre arbeide for å løfte bedriftene og jobbane som er særleg ramma. Høgre vil føre ein politikk som bidrar til innovasjon, kunnskap, kompetanse og høgare produktivitet. Den skal gjere Noreg betre rusta til å møte den globale og digitale konkurransen i fremtida og gi rom for fleire folk i arbeid. Vi skal skape meir og inkludere fleire.

Meir enn ein million arbeidstakarar jobbar i små og mellomstore bedrifter. Dei er heilt sentrale for verdiskaping og velferd. Høgre vil føre ein politikk som gjer at bedriftene kan skape jobbar og berekraftig vekst i det som er ryggrada i norsk næringsliv. Høgre vil føre ein konsekvent og føreseieleg politikk som sikrar bedriftene ein enklare kvardag og god tilgang til kapital og kompetanse. Staten må sørge for gode rammevilkår og samstundes bidra til utviklinga på område der Noreg har spesielle fordelar.

Høgre vil trygge arbeidsplassar og styrke norsk eigarskap av norske bedrifter. Derfor vil vi fjerne formuesskatten på arbeidande kapital, som berre blir betalt av norske eigarar. Vi vil samstundes halde fram med å auke botnfrådraget slik at fleire arbeidstakarar og pensjonistar slepp å betale formuesskatt.

For å skape eit berekraftig velferdssamfunn vil vi legge til rette for nye lønsame jobbar, ta omsyn til miljøet og kutte i klimautsleppa. Det krev nytenking, utvikling og omstilling. Norsk arbeidsliv treng Høgre-politikk.

Høgre vil

- at skattlegging av bedrifter og eigarskap i Noreg skal vere konkurransedyktig overfor land vi kan samanlikne oss med, for å trygge jobbane og stimulere til at det blir skapt nye
- etablere eit eige forenklingspanel etter dansk modell, med omvendt bevisbyrde
- styrke ordninga med gunstig skattemessig handsaming av kjøp av aksjar i eiga bedrift
- fjerne formuesskatten på arbeidande kapital for å styrke norsk eigarskap til norske jobbar. Fortsette å auke botnfrådraget på all formuesskatt
- føre ein konkurranse- og skattepolitikk som styrker norske bedrifter si konkurransevne i møte med internasjonale plattformbedrifter
- vidareføre SkatteFUNN-ordninga
- gjere det enklare å etablere ny industri i Noreg
- legge til rette for at fleire bedrifter kan flagge heim heile eller delar av verksemda
- legge til rette for sterkare næringsklynger og utvikle ein nasjonal strategi for å tiltrekke internasjonale selskap sine forskings-, utviklings- og hovudkontorfunksjonar
- stimulere til at fleire sjølvstendig næringsdrivande og frilansarar vel å organisere si næringsverksemd gjennom aksjeselskap

- fortsette å redusere næringslivet sine samla kostnader ved forenkling av regelverk og rapporteringskrav
- vidareføre den sterke satsinga på næringsretta forskning og innovasjon der hovuddelen av verkemidla blir sette inn der dei gir størst vekst og samfunnsnytte
- vidareføre og styrke arbeidet med ein offensiv strategi for foredling og eksport i samarbeid med næringslivet
- legge til rette for offentleg–privat samarbeid og sikre at staten gjennom sine innkjøpsstrategiar fremmar innovasjon i privat næringsliv

Fleire gründarar, meir jobbskaping

Dei største mogleheitene for Noreg kan ligge i bransjar og teknologiar som ikkje er oppfunne enno. Det ufødde næringslivet treng politikk som legg til rette for å løyse samfunnet sine utfordringar på nye måtar og opnar for nye forretningsmodellar som kan gi folk betre tilbod, tenester og jobbar. Høgre sin ambisjon er at Noreg skal vere ein av verdas beste stader å gjere ein god idé om til ei bedrift.

Høgre vil

- utgreie «gründarpermisjon» etter svensk modell, der heiltidstilsette med fast stilling kan kreve seks månaders ubetalt permisjon for å starte eiga næringsverksemd som ikkje er i konkurrerende verksemd med der du er tilsett
- legge til rette for at fleire kan starte eiga bedrift, mellom anna gjennom entreprenørskapsprogram
- forenkla og forbetre opsjonsskatteordninga for oppstartsbedrifter
- vurdere om dagens vedtekter i arbeidsmiljølova er hensiktsmessige for gründarar, tilsette i ei gründarbedrift og bedrifter i oppstartsfasen
- styrke ordningar som Forny, Såkorn og Presåkornfond
- endre lovverket slik at finansieringskjelder som folkefinansiering blir enklare og sikrere for folk og bedrifter
- i større grad utforme offentlege tilbodskonkurransar slik at små og mellomstore bedrifter får moglegheit til å delta
- legge til rette for private initiativ for etablering og skalering av norske bedrifter, som start-up-labar, regulatoriske sandkasser og testsenter
- peike ut ein eller fleire testkommunar som får vere regulatorisk sandkasse og teste ut ulike nye transportteknologiar, velferdsteknologiar og andre løysingar som gir betre informasjon og betre tenester til innbyggjarane
- ta i bruk innovasjonskrafta blant gründarar ved å legge til rette for auka samarbeid mellom oppstartsselskap og det offentlege
- tilgjengeleggjere offentlege data for å skape fleire digitale gründarar og bedrifter, og tillate at aggregerte anonyme data vert nytta til å forbetre kvaliteten på offentlege tenester
- forbetre ordninga med skattefrådrag for investeringar i oppstartsselskap

Næringsutvikling i heile landet

Noreg er eit langstrekt og allsidig land med ulike utfordringar og moglegheiter, anten du bur i ein kystkommune eller ein innlandskommune, om du bur i ein by eller eit lite bygdesamfunn.

Høgre vil styrke lokalsamfunnet si mogleheitt til å skape verdiar og arbeidsplassar frå dei naturgitte fordelane som finst lokalt.

Høgre ønskjer ein politikk som utviklar moglegheiter, ressursar og jobbar i heile Noreg. Vi vil føre ein politikk for balansert utvikling mellom dei store byregionane og resten av landet. Ein sterk hovudstad, sterke regionbyar og levande distrikt må gå hand i hand for å styrke Noreg i møte med fremtidas utfordringar.

Levande distrikt er avhengige av lønsame bedrifter, arbeidskraft og ein god infrastruktur. Digitaliseringa av Noreg bidrar til å redusere avstandar; folk kan bu og jobbe i heile landet. Noreg har ei svært digitalt moden befolkning, og dette kan ha ein viktig desentraliserande effekt dersom myndigheitene legg til rette for desentraliserte arbeidsplassar.

Høgre vil

- bygge ut digital infrastruktur i heile landet gjennom å legge til rette for ei rask utbygging av 5G-nettet, der spreiddbygde strok blir prioriterte
- vidareføre den historiske satsinga på veg og samferdsel for å knyte landet saman
- legge til rette for at kortbanenettet skal opererast av utsleppsfrie fly
- styrke innovasjonsarbeidet med utsleppsfrie og sjølvgåande båtar og legge til rette for ny infrastruktur til sjøs
- sørge for størst mogleg lokale ringverknader av verdiskapinga som blir gjort basert på bruk av lokale naturressursar
- intensivere arbeidet med forenkling av utmarksforvaltinga med samordning og reduksjon i talet på forvaltingsorgan
- styrke lokalt sjølvstyre ved å redusere moglegheita statlege myndigheiter, herunder statsforvaltaren, har til merknader i saker som er viktige for lokalsamfunna
- føre ein rovviltpolitikk som ivaretar tryggheta til enkeltmenneske og lokalsamfunn og bidrar til at berekraftige rovviltbestandar blir ivaretekne
- styrke eigedomsretten og gi grunneigarane auka påverknad på forvalting, regulering og bruk av areal, også i verneområde
- bidra til god stadsutviklingspolitikk med vekt på jobbskaping for at fleire skal ønskje å bu i distrikta
- oppretthalde ei differensiert arbeidsgivaravgift
- tillate omsynsfull kraftutbygging i verna vassdrag viss det ikkje forringar verneverdiane
- auke kommunane sitt sjølvstyre, blant anna i spørsmål om aktivitet i strandsona og motorferdsel i utmark
- bidra til å vidareutvikle byregionane som kraftsenter for mangfaldig næringsutvikling og aktiv kapitalforvalting
- vere ein pådrivar for berekraftig fritidsbusetnad der hytter kan byggast klima- og miljøvennleg
- vurdere å bygge opp sterkare desentraliserte, regionale kompetansemiljø på sentrale næringsområde som ein del av verkemiddelapparatet
- etablere enklare søknadsprosessar for naust og flytebrygger samt bygging i strandsona for etablerte hytteområde
- innføre lokal forvalting for statsgrunn i Troms og Nordland som sikrar lokalsamfunna større påverknad og verdiskaping, og som samstundes ivaretar samiske interesser

Eit grønt næringsliv

Det grønne skiftet er avhengig av ei vellykka omstilling av norsk næringsliv. Grøn vekst handlar om å gjere det meir lønsamt å skape verdiar på ein miljøvennleg måte. Det er derfor viktig at vi kombinerer berekraft i forbruk og produksjon. Strengt klima- og miljøkrav er nødvendig, men det er endå viktigare at det er lønsamt å velje miljøvennleg omstilling. Høgre meiner at vi må vri skattesystemet slik at det lønner seg for bedriftene å kutte utslepp.

Høgre vil

- legge til rette for utvikling av nye produkt, prosessar og teknologiar for produksjon av berekraftige biobaserte produkt
- sikre betre ressursutnytting, god samfunnsnytte og høgare verdiskaping i avfallsbransjen
- sørge for føreseielege og stabile rammevilkår for fornybart drivstoff og energiberarar
- bidra til risikoavlasting i oppstarts-, pilot- og demoanlegg
- utgreie ei CO₂-merkeordning på alle varer, slik at forbrukarane kan ta meir informerte val
- innføre eit frivillig berekraftsmerke etter modell frå Svanemerket som viser at ei verksemd har forplikta seg til å rapportere på berekraftsmåla
- legge til rette for at bedrifter, organisasjonar og utdanningsinstitusjonar kan rapportere på berekraftsmåla nasjonalt og globalt viss dei ønskjer det
- styrke Noregs grønne konkurransekraft og redusere klimagassutsleppa ved å legge til rette for industriklynger som bidrar til å utvikle ny climateknologi og skape nye lønsame jobbar

Det smarte næringslivet

Digitalisering og teknologisk utvikling skaper store moglegheiter for bedriftene. Noreg blir digitalisert i høgt tempo. Føreseielegheit og tilrettelegging er viktig for at næringslivet kan ta ny teknologi i bruk. Noreg skal vere eit attraktivt land å etablere nye teknologibedrifter i. Samstundes skal vi legge til rette for at eksisterande næringsliv blir digitalisert vidare. Koronapandemien har vist kor viktig det er med gode digitale løysingar og plattformer. Våre ressursbaserte næringar som energibransjen, havbruket og landbruket har kome langt, men også industrien, byggenæring, transportbransjen og varehandelen ønskjer å ta i bruk dei enorme moglegheitene den datadrivne økonomien gir for å skape nye arbeidsplassar. Noreg skal vere verdsleiande i å nytte verdien av data. Dette skal kome folket, offentleg sektor og næringslivet til gode. Bruk av data vil bidra til utvikling av eit nytt næringsliv og nye jobbar.

Norsk næringsliv blir utfordra av internasjonale teknologiselskap. Derfor er eit nært europeisk digitalt samarbeid avgjerande for å sikre bedriftene si konkurransekraft. Ein førsteklasses digital infrastruktur legg til rette for at Noreg skal vere eit av dei leiande landa innanfor den datadrivne økonomien. Den nye og strenge europeiske personvernforordninga aukar tilliten til digitale tenester og gir oss ein konkurransefordel samanlikna med land som er mindre opptekne av å verne om privatlivets fred. Det er viktig å bygge kultur og kompetanse både i verksemdar og hos forbrukarane på kva som er eit godt personvern, og straffe dei som bryt reglane.

Høgre vil

- styrke moglegheitene den datadrivne økonomien gir for nytt næringsliv og nye jobbar

- legge til rette for at det blir utvikla nye tenester og blir skapt verdiar ut av offentlege data og data som blir delte mellom verksemdar
- gjere Noreg til eit av verdas mest attraktive land å etablere datasenter i, med rein kraft, god infrastruktur, høg digital kompetanse og eit næringsliv som står i spissen for omstillinga til digitale driftsmodellar som utnyttar sensorteknologi, kunstig intelligens og stordata
- stimulere til nye former for offentleg–privat samarbeid som kan auke innovasjonen i helsenæringa
- legge til rette for «tingenes internett», med bruk av sensorar og stordata, for å fornye og effektivisere transport, energibruk og samhandling på tvers av sektorar, innanfor ramma av streng sikkerheit og personvern
- at Noreg skal vere verdslaiende i å bygge ut 5G-nettet og utnytte moglegheita det gir for jobbar over heile landet
- fortsette å føre ein marknadsbasert og teknologinøytral politikk for utbygging av breiband
- sikre god konkurranse mellom mobilselskapa for å fremme innovasjon og betre og billigare tenester til forbrukarane
- utvikle eit framtidretta regelverk som mogleggjer at nye digitale plattformer innan delingsøkonomi kan takast i bruk
- arbeide aktivt for like konkurransevilkår på tvers av landegrensene i den digitale økonomien, blant anna ved å vere ein pådrivar for EU sin digitale indre marknad
- at bedrifter og arbeidstakarar skal kunne forhalde seg til færre tilsyn og rapporteringspunkt, og at tilsyn og rapporteringar skal skje digitalt
- legge til rette for bruk av industriell bioteknologi innanfor eit etisk rammeverk og vere ein pådrivar for oppdatert og moderne GMO-regelverk i EU
- oppheve kravet for private bedrifter om å ta imot kontantar

Havnasjonen Noreg

Noreg er og skal fortsette å vere ei maritim stormakt. Havet har alltid vore grunnlaget for hovuddelen av verdskapinga i landet vårt. Norsk skipsfart er verdslaiende og fornyar seg i ei grønare retning. Noreg har eit stort potensial innanfor grøn skipsfart, og Høgre vil at Noreg si rolle som ein global skipsfarts- og offshore-nasjon skal ivaretakast og vidareutviklast. For å bevare norske havindustriar sin sterke posisjon, vil Høgre realisere Ocean Space Centre, som skal vere eit internasjonalt leiande kunnskapssenter for havromsteknologi.

Høgre vil

- at Noreg skal fortsette å ta ei leirolle internasjonalt i arbeidet med å sikre ein berekraftig havøkonomi
- vidareutvikle ei sterk norsk havklynge gjennom å stimulere til auka digitalisering og teknologioverføring mellom dei havbaserte næringane
- styrke forskinga på mineralutvinning på havbotnen
- vidareføre vilkåra for norsk havbotnmineralnæring
- stimulere til ytterlegare grøn vekst og konkurransekraft i norsk maritim næring og legge til rette for auka eksport av lav- og nullutsleppsteknologi i maritim sektor
- legge til rette for auka forskning på flytande hydrogen og ammoniakk som brensel i skipsfarten

- bidra til at fleire norskeigde skip seilar under norsk flagg, gjennom å oppretthalde dagens reiarlags-skattlegging, konkurransedyktige tilskotsordningar for sjøfolk, eit kundeorientert Sjøfartsdirektorat og konkurransedyktige skipsregister
- realisere Ocean Space Centre
- sørge for sameksistens mellom eksisterande og nye næringer i havrommet, slik at vi kan hauste fleire ulike ressursar på ein berekraftig måte

Fiskeri og havbruk – ei evig fornybar næring

Havbruksnæringa er landets nest største eksportnæring. Saman med fiskeria bidrar næringa til at Noreg er sjølvforsynt med sjømat, samstundes som vi forsyner store delar av verda med sunn, klimavennleg mat. Næringa bidrar sterkt til sysselsetting langs kysten og har eit svært stort vekstpotensial framover. Høgre vil at fiskeri- og havbruksnæringa skal ha gode, stabile og føreseielege rammevilkår.

Fiskeri- og havbruksnæringa har potensial til ytterlegare berekraftig vekst, og Høgres ambisjon er å legge grunnlaget for fleire tusen nye arbeidsplassar innan 2050. Høgre meiner at fiskerinæringa må sikrast oppdaterte og moderne reglar og reguleringar, samt god marknadstilgang, slik at næringa kan vekse. Høgre ønskjer at meir av fisken blir foredla i Noreg. Med nye teknologiske løysingar og konkurransedyktig marknadstilgang er dette mogleg. Høgre vil vidareutvikle ei sterk havgåande fiskeflåte for å kunne fangste norske ressursar i internasjonal sone og hevde norsk suverenitet, samt kunne fangste opparbeidde kvotar i andre farvatn, samstundes som vi vil ivareta kystflåten.

Høgre vil

- sikre stabile og føreseielege rammevilkår for fiskeri- og havbruksnæringa gjennom eit modernisert, forenkla og effektivt regelverk tilpassa næringa sitt behov og potensial for vidare vekst
- forenkla, effektivisere og modernisere byråkratiet og regelverka i fiskeri- og havbrukssektoren
- sikre ein berekraftig vekst og auka verdiskaping innan fiskeri- og sjømatnæringa gjennom blant anna styrka ressurskontroll og teknologiutvikling spesielt retta mot utvikling av lukka anlegg
- forsterke ressurskontroll av fiskeria, innføre strengare straffer for fiskerikriminalitet og bruke teknologi for å sikre kontroll, dokumentasjon og berekraftig forvaltning av våre fiskeri og marine ressursar
- styrke forskning på biomarine artar
- legge til rette for at Noreg kan bli meir sjølvforsynt med fiskefor gjennom forskning og utvikling
- realisere oppdrett på nye artar, som for eksempel torsk
- vurdere ei eiga konsesjonsordning for lukka sjøbaserte anlegg og havbasert oppdrett
- avsette areal for havbruk utanfor dagens produksjonsområde i dialog med fiskerinæringa for å sikre god sameksistens
- vidareføre ei berekraftig utvikling av fiskeri- og havbruksnæringa, blant anna gjennom trafikklyssystemet, og vere opne for endringar og tilpassingar i takt med erfaringane
- legge til rette for at oppdrettarar brukar nye teknologiske løysingar, blant anna for å forhindre lus og røming frå oppdrettsanlegg
- at deltakarlova og havressurslova skal vere førande for norsk fiskeripolitikk
- stimulere til bruk av ny teknologi samt sørge for gode rammevilkår og marknadstilgang for å legge til rette for at meir fisk blir foredla i Noreg

- vidareføre berekraftig forvaltning av fiskebestandar og marine artar, basert på faglege råd og forskning
- legge aktivt til rette for utvikling av innlandsfiske som næring
- legge til rette for at privat sektor kan skape nye jobbar i den biomarine verdikjeda
- legge til rette for at nye aktørar kan etablere seg i havbruksnæringa
- utgreie og gjennomføre ei prøveordning med utleige av konsesjonar til foredlingsbedrifter
- legge til rette for lokale ringverknader og aktivitet fra fiskeri- og havbruksnæringa
- forenkla søknadsprosessen for konsesjon i blå næringar
- gjennomgå deltakarlova og vurdere ei styrking av nasjonalitetskravet
- utnytte våre naturgitte fordelar for havbruk gjennom å auke kunnskapen om sameksistens mellom havbruk, fiskeri, miljø, samt andre næringar i kystsona og våre havområde
- sette i gang ei kunnskapsinnhenting om arealbruk, arealbehov og arealforvaltning til havs, og vurdere behovet for ei meir samordna arealforvaltning som betre og meir føreseieleg avveg dei ulike interessene
- arbeide aktivt for å bygge ned tollbarrierar på foredla fisk, og sikre marknadstilgang
- jobbe for at meir av fisken som blir levert i kystsamfunna blir bearbeidd der

Næring i fjellet – industri, mineralar og bergverk

Noreg er eit land med store naturressursar. Høgre meiner at desse ressursane må utnyttast for å skape jobbar, sikre økonomisk vekst samt bidra til å produsere dei materiala som er nødvendige for å gjennomføre det grønne skiftet.

Høgre vil

- sikre konkurransekrafta til norsk industri gjennom stabile rammevilkår, tilgang til eksportmarknader og føreseieleg tilgang på kraft til konkurransedyktige prisar
- gjennomføre ei kartlegging av mineralressursane i landet og på sokkelen og legge til rette for auka utvinning gjennom innovasjon og enkle reguleringar og planprosessar
- støtte etablering av testsenter som norske bedrifter kan gjere seg nytte av, gjennom å styrke infrastruktur og utstyr til forskinga
- støtte etablering av eit toppindustrisenter som skal bidra til at metodar, kompetanse og kunnskap kan utvekslast betre mellom små og store bedrifter, slik at Noreg fortset å levere industriprestasjonar i verdsklasse
- auke krava til miljøsjikkerheit og berekraft, med mål om størst mogleg verdiskaping innanfor berekraftige rammer
- støtte fleire storskala testanlegg for å bidra til at bedrifter utviklar og tar i bruk miljø- og klimavennleg teknologi
- bidra til auka samhandling mellom kunnskapsmiljø som kan sikre berekraftige løysingar for avgangsmasser frå mineralindustri på land og sjø
- tillate sjødeponi med strenge krav til ei sikker miljøovervaking
- forkorte saksbehandlingstida for mineralprosjekt i Noreg, men innanfor gjeldande krav til kvalitet og forsvarleg sakshandsaming
- saman med næringa utvikle norsk mineralnæring til å bli verdas grønaste

Ei berekraftig olje- og gassnæring

Petroleumsnæringa er Noreg si største og viktigaste næring. Høgre meiner oljenæringa må fortsette å ha gode og føreseielege rammevilkår som bidrar til investeringar og vekst på sokkelen. Samstundes må klimagassutsleppa frå norsk sokkel reduserast for at vi skal nå klimamåla. Høgre vil samarbeide med næringa om å kutte utsleppa frå sokkelen med 50 prosent innan 2030, blant anna gjennom elektrifisering av sokkelen.

Høgre meiner at vi ikkje skal sette nokon sluttdato på norsk petroleumsnæring, men heller støtte næringa i det vidare arbeidet med leiting etter nye ressursar og det grøne skiftet.

Høgre vil

- sikre petroleumsnæringa stabile og føreseielege rammevilkår som gir aktivitet i heile landet
- at petroleumsverksemd skal skje med strenge krav til miljø, sikkerheit og beredskap, og i sameksistens med fiskeri og andre næringar
- redusere utsleppa på norsk sokkel med ambisjon om 50 prosent utsleppskutt innan 2030
- legge til rette for vidare elektrifisering av norsk sokkel, men ta omsyn til kraftsituasjonen på land og tiltakskost
- vurdere skattetiltak og andre ordningar som kan bidra til å auke konkurransen og dermed gi ein høgare utnyttingsgrad for alle lønsame ressursar på felt i drift og på nærliggande marginale felt på norsk sokkel
- auke utvinningsgraden på norsk sokkel ved å stille krav om ein plan for lønsam auka utvinning ved fornying av konsesjonane
- i samarbeid med oljenæringa vurdere endringar for å sikre auka lønsemd og effektivitet på norsk sokkel
- sørge for at norsk petroleumsindustri framleis skal vere verdsléiande på helse, miljø og sikkerheit
- sikre ein god oljevernberedskap i samarbeid med private aktørar
- konsekvensutgreie olje- og gassverksemd i Lofoten, Vesterålen og Senja

Reiseliv og handel

Noreg har ein vakker natur, eit variert kulturliv, ein rik landbruks- og matkultur, eit mangfald av kulturminne og unike verdsarvområde. Reiselivsnæringa er ein viktig arbeidsgivar, spesielt i distrikta, med mange små og mellomstore bedrifter. Samstundes har reiselivsnæringa blitt særleg hardt ramma av koronapandemien, og det er behov for å legge til rette for ny vekst når smitteverntiltaka kan opphevast. Høgre meiner at Noreg har eit stort potensial for å skape arbeidsplassar gjennom heilårsturisme og auka verdiskaping ved å legge til rette for kvalitetsturisme.

Detaljhandelen er ein av våre største sysselsettarar og ein bransje i stor endring. Høgre vil samarbeide med bransjen for å handtere omstillinga den skal gjennom.

Høgre vil

- legge til rette for at attraksjonar og aktivitetar er tilgjengelege heile året når det er mogleg, og bidra til å utvikle heilårsturisme
- styrke samarbeidet mellom friluftsliv og reiseliv, slik at viktige naturattraksjonar blir godt tilrettelagt og framstår som attraktive for brukarane og utan unødige slitasje og forsøpling
- legge til rette for god merkevarebygging rundt norske og samiske natur- og kulturopplevingar
- vurdere korleis det offentlege reiselivsarbeidet bør organiserast
- gi kommunar som legg til rette for cruiseturisme, moglegheita til å innføre ei form for lokal cruiseavgift til lokal infrastruktur, og gi destinasjonar rett til å avgrense talet på cruiseanløp
- ikkje innføre ein generell lokal eller nasjonal turistskatt
- definere jakt, fiske og utmarksopplevinar som næring
- legge til rette for å fremme norsk mat og drikke som kulturberar og skapar av lokal identitet, og for at norsk mat- og drikkekultur skal bidra til næringsutvikling og til å fremme Noreg som destinasjon for kulturturisme, med Stiftelsen Norsk gastronomi som ein sentral aktør
- redusere særavgifter på enkelte grensehandelsutsette varer
- utvide moglegheita lokale produsentar av alkoholhaldige drikkevarer har til å selje varene sine til besøkande
- tillate sal av drikke med alkoholinnhald opp til åtte prosent i daglegvarebutikkar
- tillate alkoholsal i butikk fram til klokka 23 på kvardagar og laurdagar
- bevare eit offentleg vinmonopol, men tillate Vinmonopolet å halde ope til klokka 20 på kvardagar og laurdagar
- avvikle statsforvaltaren si godkjenningsordning for turistkommunar og overlate til kommunen sjølv å bestemme korvidt det skal vere tillate med søndagsopne butikkar i heile eller delar av kommunen
- gjennomføre eit kompetanseløft for handelsnæringa i samarbeid med partane i arbeidslivet
- gjennomføre tiltak for å styrke konkurransen i norsk daglegvare, inkludert ei styrking av Konkurransetilsynets moglegheit til å følge bransjen

Jordbruk

Jordbruket er sentralt for matproduksjon, busetting, ivaretaking av kulturlandskapet og sysselsetting. Høgre vil skape eit levedyktig jordbruk over heile landet. Jordbrukspolitikken skal legge til rette for auka berekraftig matproduksjon, meir mangfald og styrka konkurransekraft. Innanfor desse rammene vil Høgre at bonden, som sjølvstendig næringsdrivande, skal få større moglegheiter for lønsam drift gjennom å kunne investere i og utnytte eigen eigedom. Vi vil styrke berekrafta i det norske jordbruket og matsystemet, og gjennom det bidra til utvikling av distriktsøkonomien og bøndene sine levekår. Jordbruket er også ein sentral aktør i klimaarbeidet.

Høgre vil

- styrke dei lokale fjellstyra og deira oppgåver med naturoppsyn, skjøtsel og rettleiing
- innrette tilskots- og kvoteordningar slik at dei stimulerer til mest mogleg effektiv drift, auka matproduksjon og betre lønsemd for den enkelte bonde

- at jordbruksavtalen skal ha effektiv drift og berekraftig produksjon tilpassa marknaden behov som primært mål
- sørge for at budsjettstøtta sikrar ein god balanse mellom tilskot til produksjon og areal
- gjennomgå innrettinga og finansieringa av marknadsreguleringsordningane slik at dei verkar effektivt og bidrar til auka konkurranse
- justere konsesjons- og jordlova slik at vedtektene fremmar aktiv forvaltning og aktivt eigarskap av ressursane
- at odelslova blir endra berre til å gjelde for etterkomarar etter noverande eigarar
- behalde eit importvern, men gjennomgå og lette på importvernet for enkelte varer
- fjerne buplikta, men oppretthalde driveplikta
- forenkle regelverket for foredling av mat på eigen gard når helsemessig matvaretrygghet er ivaretatt
- gi bonden større næringsfridom og ha som målsetting at den vesentlege delen av bondens inntekter skal hentast frå marknaden
- evaluere måloppnåing og gjennomgå kanaliseringspolitikken i lys av klima-, marknads- og rekrutteringsutfordringane norsk jordbruk står overfor
- at konsesjonsgrenser og kvoteordningar for produksjon i jordbruket blir gjennomgått og optimalisert med omsyn til både geografi og lønsemd
- at Noreg skal vere fremst i arbeidet med å avgrense antibiotikabruk i husdyrhaldet og oppretthalde eit strengt regime for sprøytemiddelbruk
- jobbe for auka norsk grøntproduksjon
- ha høge krav til dyrevelferd for alle husdyrslag
- auke strafferamma for grove brot på dyrevernlova og auke bøtesatsane for grovt uaktsame brot på dyrevelferdslova
- dyreeigarar som ikkje følgjer pålegg frå myndighetene etter brot på dyrevelferdslova, bør lettare fråtakast dyr og nektast å drive
- styrke og vidareutvikle eit landsdekkende dyrepoliti og sørge for at fleire saker om alvorleg kriminalitet mot dyr blir påtalt til domstolane
- legge til rette for auka foredling og eksport av norske landbruksprodukt
- styrke arbeidet med merking av norske landbruksprodukt
- fortsette å jobbe for godt jordvern og auka nydyrking

Skogbruk

Mykje av vår velstand både i byane langs kysten og i distrikta er tufta på skogressursar. Skogbruk har innverknad på svært mange interesser, og skogen er råvare for viktige verdikjeder. Samstundes skaper skog eit stort rom for binding av CO₂ gjennom god og rasjonell skogpleie. Skogen bind halvparten av dei årlege klimagassutsleppa i Noreg. Skog er også viktig for biologisk mangfald, jakt og rekreasjon.

Høgre vil

- auke den årlege treplantinga med ti millionar tre innan utgangen av 2030
- stimulere til auka nyplanting, auka plantetettheit og planting med bearbeidd plantemateriale som gir auka tilvekst og betre kvalitet og levetid på trevirket
- fremme skoggjødsling for å auke vekst og karbonopptak i skogen
- framleis satse på og støtte frivillig vern av skog

- aktivt jobbe for at skog blir forvalta som ein berekraftig ressurs innanfor gjeldande lovverk og sertifiseringsordningar for å sikre auka verdiskaping og effektiv karbonfangst
- forbetre offentleg infrastruktur og stimulere til bygging av fleire skogsbilvegar, tømmerterminalar og tømmerkaier for å auke næringa si konkurransekraft
- stimulere til meir bruk av tre som byggemateriale
- legge til rette for nye lønsame jobbar i bionæringane
- vurdere moglege skattestimulansar for skogbruk for å stimulere til ny og auka verdiskaping med skog som råvare
- justere konsesjonslovbestemmingane for skog for å fremme aktiv forvaltning og aktivt eigarskap
- auke privat og lokalt eigarskap til norske skogressursar ved reduksjon av det offentlege eigarskapet til skog
- auke satsninga på FOU innanfor skogbruk og utvikle nye forretningsområde

Økonomi

Trygg økonomisk styring

Den økonomiske politikken må legge til rette for å skape fleire lønsame, konkurransedyktige jobbar i privat sektor. Det er eit viktig mål å sikre lav arbeidsløyse og høg sysselsetting. Økonomien har vore under press som følge av koronapandemien. Konsekvensane av pandemien vil prege norsk økonomi i lang tid framover. Berekraftig økonomisk vekst og ein sterk privat sektor er avgjerande for å sikre framtidig velferd og jobbar. Høgre vil føre ein ansvarleg økonomisk politikk der målet er å skape meir og inkludere fleire. Vi vil halde fast ved handlingsregelen for bruk av pengar frå oljefondet. Vi har eit ansvar for å sikre eit berekraftig velferdssamfunn og miljø for komande generasjonar. Den økonomiske situasjonen er avgjerande for dei politiske prioriteringane som kan gjerast i åra framover.

Høgre vil

- føre ein ansvarleg økonomisk politikk som gir handlingsrom for investeringar til beste for framtidige generasjonar
- sikre ein god balanse mellom privat og offentleg sektor gjennom ansvarleg pengebruk
- bruke ein større del av uttaket frå oljefondet på investeringar i infrastruktur, forskning og utvikling, vekstfremmande skatte- og avgiftsletter og investeringar i miljøteknologi
- ha ein effektiv og brukarorientert offentleg sektor og legge til rette for eit større innslag av private og ideelle aktørar i utføring av ulike oppgåver
- sikre likeverdige og konkurransedyktige rammevilkår i finansnæringa og legge til rette for berekraftig finans
- vurdere tiltak som sikrar at ein auka del av privat sparing kan bidra til investeringar som skaper nye jobbar og vekst i økonomien
- vidareføre dagens rammer for individuell pensjonssparing, men vurdere korleis denne ordninga kan forbeholdt slik at fleire sparar til pensjon

Skatt og avgift

Høgre vil føre ein skattepolitikk som sikrar ei stabil finansiering av velferdssamfunnet. Nivå og innretting på skattar og avgifter skal motivere fleire til arbeid, fremme maktspreiing og privat eigarskap og stimulere til miljøvennleg framferd. Høgre vil gradvis redusere skattar og avgifter som svekkar incentiv til å jobbe, og som hemmar investeringar i norske arbeidsplassar. Tempoet på og omfanget av skatte- og avgiftsletter må tilpassast situasjonen i norsk økonomi.

Noreg har i hovudsak eit velfungerande skattesystem, der dei som tener mest, også betaler mest skatt. Vi skal fortsette å redusere skatten på vanlege lønnsinntekter, og det grønne skatteskiftet held fram.

Høgre vil

- gjennomføre moderate letter i det samla skatte- og avgiftsnivået og sikre at alle med skatteevne betalar skatt
- sørge for at alle sit igjen med meir av si eiga inntekt
- føre ein skattepolitikk som gjer at det alltid lønner seg å jobbe

- stimulere til arbeid gjennom å innføre eit jobbskattefrådrag for unge arbeidstakarar under 30 år
- utvikle skattesystemet slik at det legg til rette for etablering av nye jobbar, auka verdiskaping og omstilling til eit grønt skifte
- ikkje gjeninnføre arveavgift
- forbetre dei skattemessige vilkåra når tilsette kjøper aksjar i eiga bedrift, slik at fleire kan bli medeigar
- forenkla systemet for utrekning av skatt på naturalytingar og personalrabattar
- at Noreg skal fortsette å vere ein pådrivar for eit internasjonalt forpliktande samarbeid mot aggressiv skatteplanlegging og utholing av skattegrunnlag, slik at internasjonale selskap ikkje oppnår konkurransevridande fordelar gjennom å organisere seg vekk frå skatteplikt der verdiane blir skapt – samstundes som Noreg held fram med å gjere nødvendige endringar i norsk skattelovgiving for å motverke dette
- fortsette å auke frikortgrensa
- oppretthalde Taxfree-ordninga
- ikkje bruke oljefondet som politisk verktøy

Eigarskap

Høgre vil legge til rette for maktspreiing og eit sterkare privat eigarskap. Statens rolle som eigar i norsk næringsliv er stor og bør reduserast. Statleg eigarskap kan likevel begrunnast ut frå særlege nasjonale omsyn, som ønsket om å bevare hovudkontor i Noreg. Statleg eigarskap i kommersielle selskap skal ikkje bety politisk styring, og det statlege eigarskapet må vere føreseieleg, profesjonelt og førast med ei armlengdes avstand. Høgre vil styrke sjølveigardemokratiet, slik at flest mogleg får moglegheita til å eige sin eigen bustad, drive si eiga bedrift og vere medeigar i næringslivet.

Høgre vil

- styrke det private eigarskapet og redusere statleg eigarskap i dei selskapa der staten ikkje har viktige strategiske grunnar for å eige
- sikre at hovudkontorfunksjonar i strategisk viktige selskap forblir i Noreg
- føre ein politikk for auka privat eigarskap
- sette eit tak på den samla verdien i Statens pensjonsfond Noreg – Folketrygdfondet og overføre det overskytande til Statens pensjonsfond utland

Arbeid og inkludering

Eit trygt og fleksibelt arbeidsliv

For å oppretthalde eit høgt velferdsnivå er vi avhengige av at fleire har ein jobb å gå til. Eit ryddig og godt organisert arbeidsliv gir trygge jobbar og lønsame bedrifter. Høgres mål er eit trygt og fleksibelt arbeidsliv der dei som kan og vil jobbe, får moglegheit til det. Den norske arbeidslivsmodellen der arbeidstakar og arbeidsgivar har eit godt forhold, tener både næringslivet, landet og den enkelte. Høgre vil ta vare på vårt trygge arbeidsliv med eit velfungerande trepartssamarbeid og ein høg organisasjonsgrad, som sikrar nødvendig omstilling og produktivitetsvekst.

Hovudregelen i norsk arbeidsliv skal vere heile, faste stillingar. Ein føreseieleg arbeidskvardag bidrar til eit meir familievennleg og inkluderande arbeidsliv. Samstundes som Høgre aktivt vil jobbe for å redusere ufrivillig deltid, skal det leggast til rette for at folk skal få tilpasse arbeidslivet og kvardagen på den måten som passar den enkelte og familien best.

Høgre vil

- legge til rette for eit organisert arbeidsliv med eit godt og velfungerande trepartssamarbeid
- behalde fagforeiningsfrådraget
- sikre ei sterk og moderne arbeidsmiljølov
- vurdere moderate justeringar og oppmjukingar i arbeidsmiljølova for å gi meir fleksibilitet
- behalde faste, heile stillingar som hovudregel og utvikle arbeidsvedtekter som gjer at flest mogleg kan jobbe i heile og faste stillingar, særleg i offentleg sektor
- legge til rette for framtidsretta arbeidslivsreguleringar som ivaretar nødvendig fleksibilitet og tilpassing for så vel arbeidstakarar som arbeidsgivarar
- opne for delvis uavhengige stillingar med sterkare vern enn dagens uavhengige stillingar
- ha eit innleigeregelverk som sikrar næringslivet sitt behov for arbeidskraft, samstundes som dei tilsette blir sikra gode vilkår
- sikre fleire lærlingplassar, mellom anna gjennom å vidareutvikle lærlingkravet for offentlege innkjøp
- fortsette å legge til rette for alternative turnusordningar, spesielt i helse- og omsorgsteneste

Det skal lønne seg å jobbe

Høgre meiner at det norske velferdssamfunnet til eikvar tid er og skal vere meir enn summen av offentlege velferdsordningar og sosiale ytingar. Velferdspolitikken skal sørge for eit sosialt sikkerhetsnett som tar vare på dei som av ulike grunnar, i kortare eller lengre periodar, ikkje kan delta i arbeidslivet. Velferdsordningane våre er avhengige av at flest mogleg deltar mest mogleg i arbeidslivet.

For å sikre velferden for oss og dei som kjem etter oss, må fleire jobbe meir og stå lenger i arbeid enn i dag. Då må vi halde fast ved arbeidslinja, slik at det alltid lønner seg å jobbe. Samstundes må vi sørge for at dei som treng det, får rask og tett oppfølging for å kome inn i

eller tilbake til arbeidslivet, eller sikrast ein anstendig stønad til livsopphald. Samfunnet skal stille krav, men også stille opp.

Høgre vil

- innføre ei forsøksordning der trygdebudsjettet, med unntak av pensjon, blir overført til enkelte kommunar for å gi betre og meir heilheitleg oppfølging av brukarane
- ha ei tettare oppfølging av arbeidstakarar på lønnstilskotsordning, og styrke samarbeidet med bedrifter for å målrette og auke bruken av lønnstilskot for utsette grupper i arbeidsmarknaden
- gjennomføre forsøk med helsejustert lønn for personar på gradert uføretrygd og på arbeidsavklaringspengar
- gjennomgå alle inntektssikringsordningar for å sikre at det lønner seg å jobbe for dei som kombinerer sosiale ytingar med arbeidsinntekt – både ved at ytingane ikkje er urimeleg høge samanlikna med arbeidsinntekt, og at det blir enklare å kombinere ytingar med arbeid og lønn
- innføre rett til å opptene pensjon frå første krone innan 2023 og ha mellombelse kompensasjonsordningar for næringslivet

Fleire inn i jobb – eit inkluderande arbeidsliv

Deltaking i arbeidslivet er viktig for at den enkelte skal kunne realisere seg sjølv og forsørge seg og sin familie. Det motverkar fattigdom og sørger for at fleire blir inkludert. Den største forskjellen i Noreg er mellom folk som har ein jobb å gå til, og dei som ikkje har det. Høgre meiner derfor at det viktigaste vi kan gjere for å redusere forskjellane, er å sørge for at fleire får moglegheita til å jobbe. Koronapandemien har ført til at fleire som elles ville vore i arbeid, anten er permitterte eller har mist jobben. Vi må sørge for at denne ledigheita ikkje blir varig, og at folk kan kome tilbake til arbeid så raskt som mogleg.

Høgre vil

- gjere det enklare å kombinere utdanning og kompetansepåfyll med dagpengar og andre ytingar
- auke bruken av kvalifiseringsprogrammet for personar med nedsett arbeids- og inntektsevne
- fortsette satsinga for å inkludere fleire i arbeidslivet, inkludert målet om at fem prosent av dei nyttilsette i staten skal vere personar med hol i CV-en eller nedsett funksjonsevne, og jobbe for at kommunane skal innføre det same målet
- auke talet på læreplassar, også for personar med tilretteleggingsbehov
- tilrettelegge for mentorordningar i bedrifter som mottar lønnstilskot
- gjennomføre ein innovasjonsreform i Navs arbeidsmarknadstiltak som sikrar at fleire sosiale entreprenørar får bidra, gjennom innovative innkjøp, auka lokal kontroll samt fleire mindre tilbodsrunder
- legge større vekt på oppnådde resultat i tilbodskonkurransar, inkludert formidling til både utdanning og arbeid
- gjennomføre eit forsøk med fritt brukarval for enkelte tiltaksplassar
- auke talet på plassar og erstatte varig tilrettelagt arbeid (VTA) og varig tilrettelagt arbeid i ordinært arbeidsliv (VTA-O) med ei meir fleksibel og individorientert ordning kalla tilrettelagt arbeid (TA), med tettare oppfølging både i og utanfor ordinært arbeidsliv

- gå gjennom alle verkemiddel i Navs arbeidsmarknadstiltak for å sikre ein meir effektiv og målretta bruk av ressursane
- fortsette satsinga på eit digitalt Nav som skal vere tilgjengeleg, forståeleg og effektivt
- auke kunnskapen hos sjukmeldar om viktigheita av helse i arbeid og vurdere om også arbeidsgivar eller Nav skal ha ei rolle i sjukmeldingsarbeidet
- ha gradering som absolutt hovudregel ved mottak av helserelaterte ytingar og ved sjukmelding, for å sikre at dei som kan jobbe litt, får bruke restarbeidsevna si
- styrke den tilsette si medvirkingsplikt for å få fleire raskare tilbake i jobb
- forbetre arbeidsgivar sine insentiv til å redusere langtidsfråver, blant anna gjennom å vurdere å la bedriftene betale ein del av langtidsfråveret mot å betale færre dagar av korttidsfråveret
- ha meir koordinert oppfølging frå helsetenesta og Nav overfor arbeidssøkarar med psykiske helseutfordringar, og auke satsinga på program som kombinerer helsebehandling med jobbtrening og arbeidsdeltaking
- sørge for at personar som mottar arbeidsavklaringspengar, får rask og tett oppfølging for raskare å kunne avklarast for arbeid, aktivitet eller nødvendig inntektssikring ved uførheit

Fleire unge inn i jobb

Altfor mange unge er uføre eller står utan arbeid eller utdanning. Høgre meiner det viktigaste vi kan gjere for å inkludere fleire unge i arbeidslivet, er å sikre at fleire fullfører skulen. Dei unge har blitt hardt ramma av koronapandemien. Dess lenger ein blir ståande utanfor arbeid og utdanning, dess større er sjansen for at ein aldri kjem seg inn. Høgre vil derfor prioritere unge hos Nav, sikre tettare oppfølging av unge utan jobb eller utdanning og satse på aktivitetar som gir arbeidserfaring og kompetanse. Høgre sitt mål er at samfunnet aldri skal gi opp unge som kan jobbe.

Høgre vil

- innføre fleire snu-i-døra-program for unge som møter opp hos Nav – gjennom tettare samarbeid mellom fylka, skulesystemet, oppfølgingstenesta og Nav skal unge haldast borte frå ytingar og kome tilbake på skulebenken eller i jobb
- sikre at Nav har ei forsterka oppfølging av unge, og korte ned minstekravet til tilbod om oppfølging frå 8 til 5 veker
- ha ei sterk satsing på utdanning for unge både gjennom utdanning som tiltak, auka bruk av ordinær fagopplæring og ein kraftig auke av lærekandidatstillingar og praksisbrev som alternativ til fagbrev for elevar med svakt grunnskulegrunnlag
- ha fleire utdanningsstillingar retta mot ungdom utan fullført vidaregående opplæring, der dei opparbeider kompetanse i bedrifta mot at dei får lønn på nivå med lærlingar i ein avgrensa periode
- utvide aktivitetsplikta for sosialhjelpsmottakarar så den omfattar alle, i første steg alle opp til fylte 40 år, og sikre at norskopplæring er ein del av aktivitetsplikta i alle kommunar
- sikre endå tettare oppfølging av unge AAP-mottakarar
- innføre ein oppfølgingsmodell for unge uføre før fylte 30 år som blant anna inneheld ei tettare oppfølging og ei ny vurdering av uføregrad, men sikre unntak for dei med alvorlege lidningar

Arbeidskriminalitet

Eit seriøst arbeidsliv er ein føresetnad for lønsame bedrifter, trygge jobbar og finansieringa av vår felles velferd. Arbeidskriminalitet bryt ned grunnmuren i velferdssamfunnet, svekkar konkurransekrafta blant seriøse norske verksemdar og undergrev rettighetene til arbeidstakarane. Derfor skal arbeidskriminalitet og økonomisk kriminalitet nedkjempast i samarbeid mellom offentlege myndigheiter og partane i arbeidslivet.

Høgre vil

- ha nulltoleranse for arbeidskriminalitet i offentlege innkjøp og byggeprosjekt
- sikre at arbeidskriminalitet blir møtt med klare sanksjonar og strenge straffer, og at arbeidet blir prioritert både gjennom a-krimsentra og i politi og påtalemyndigheit
- sikre ei oppdatert verktøykasse i kampen mot arbeidskriminalitet, blant anna gjennom betre informasjonsdeling, strengare reglar for innkjøp, samarbeid med partane, nye godkjeningsordningar og styrking av senter for nedkjemping av arbeidslivskriminalitet
- gjere lønnsinndrivning for arbeidstakarar som ikkje får utbetalt lønn frå arbeidsgivar, til ein del av ordninga med fri rettshjelp
- styrke arbeidet for å avdekke organisert trygdesvindel i samband med arbeidskriminalitet
- ha ei pådrivarrolle for å sikre arbeidstakarane sine rettigheter internasjonalt og for å nedkjempe grenseoverskridande arbeidslivskriminalitet
- vurdere å gi Sjøfartsdirektoratet ei rolle i jobben med å avdekke arbeidslivskriminalitet til havs
- saman med kommunane og partane lage ein nasjonal minstestandard for å sikre eit seriøst arbeidsliv når det offentlege kjøper inn varer og tenester
- utgreie RUT- og ROT-frådrag for å motarbeide svart økonomi og sørge for at utsette grupper opparbeider seg sosiale rettigheter gjennom pensjonsgivande inntekt

Auka kompetanse – ingen skal gå ut på dato

For Høgre er det viktig at ingen går ut på dato i norsk arbeidsliv. Arbeidslivet stiller stadig større krav til formell kompetanse. Det betyr at menneske med ingen eller lav utdanning blir særleg sårbare, samstundes som mange med lengre utdanning vil oppleve at kompetansen deira ikkje lenger er etterspurd, før dei har nådd pensjonsalder. Det stiller større krav til enkeltmennesket, arbeidslivet og utdanningssektoren vår for at alle skal kunne lære heile livet. Dette er særleg aktuelt no som fleire står utanfor arbeidslivet som følge av koronapandemien. For mange vil løysinga for å kome tilbake til arbeidslivet vere å tileigne seg ny kompetanse.

Noreg har også tidlegare omstilt seg frå gammal til ny industri og nye moglegheiter. Eit godt trepartssamarbeid er ein føresetnad for å lykkast med framtidige omstillingar.

Høgre vil

- stimulere til at det blir oppretta fleire fleksible vidareutdanningstilbod som folk har behov for, og som arbeidslivet etterspør
- styrke kompetanseprogrammet
- etablere fleire treparts bransjeprogram, det vil seie utdanningsprogram der staten og partane i arbeidslivet samarbeider om å skreddersy vidareutdanningstilbod i utvalde bransjar

- gi bedrifter moglegheita til å betale for eigne skreddarsydd kurs frå høgare utdanningsinstitusjonar og oppfordre små og mellomstore bedrifter til å samarbeide om slike bestillingar
- oppfordre større bedrifter til å dele sine bedriftsinterne opplæringsprogram med små og mellomstore bedrifter i dei regionale næringsklyngene
- stille krav om at ordninga med fagbrev på jobb skal tilbydast i alle fylke, slik at fleire ufaglærte som står i jobb, kan gjennomføre yrkesfagleg opplæring i kortare modular
- gi auka støtte til arbeidsplassar som gir opplæring til dei tilsette i grunnleggande ferdigheiter som lesing, skriving og rekning, muntleg, IKT og norsk for framandspråklege (Kompetansepluss)
- innføre ein rett til nytt fagbrev dersom retten til vidaregåande opplæring er brukt opp
- stille krav om at alle fylkeskommunar utarbeider ein kompetansestrategi med forpliktande samarbeid med fagskular og universitet/høgskular for å tilby relevante utdanningstilbod i regionen
- støtte forsøk med realkompetansevurdering og dokumentering, der partane i arbeidslivet samarbeider om å dokumentere realkompetansen ein arbeidstakar har tileigna seg i ein bransje
- samarbeide med høgskular og utdanningsinstitusjonar for å utvikle gode modular tilpassa behovet i arbeidslivet
- gjere det enklare å kombinere vidareutdanning med mottak av trygdeytningar
- sikre at Lånekassen er tilpassa vaksne som står i jobb og ønskjer å gjennomføre kortare formelle utdanningsprogram ved sidan av jobb

Leve lenger og jobbe lenger i eit aldersvennleg samfunn

Folk lever lenger enn før, men er også friske lenger, og fleire kan og vil jobbe lenger. For å bevare berekrafta i velferdssamfunnet blir vi framover avhengige av at fleire jobbar meir og står lenger i arbeid. At folk har jobb, er eit gode for både den enkelte og samfunnet. Høgre vil nedkjempe aldersdiskriminering i arbeidslivet og evaluere ytingar og ordningar som kan skape barrierar for bedrifter eller arbeidstakarar for å kunne stå lenger i arbeid.

Høgre vil

- vidareutvikle eit berekraftig og føreseieleg pensjonssystem som stimulerer til å stå lenger i arbeid
- auke sysselsettinga blant dei over 62 år ved å legge til rette for at fleire kan stå lenger i arbeid
- gjennom partssamarbeidet ta initiativ til å finne ordningar der fleire kan stå i jobb utover aldersgrensa, med justerte lønns- og arbeidsvilkår slik at både arbeidstakar og arbeidsgivar tener på dette
- satse på auka kompetanseutvikling for vaksne og eldre arbeidstakarar
- evaluere sosiale ytingar og ordningar slik at seniorarbeidstakarar ikkje mister retten til desse medan dei framleis er i arbeidslivet
- redusere kostnaden ved å tilsette eldre arbeidstakarar gjennom å utvikle generelle særordningar og erstatte desse med moglegheit for individuelle ordningar for tilpassa arbeidstid og annan fleksibilitet i stilling
- at alle særaldersgrenser blir gjennomgått i samarbeid med partane for å stimulere til fortsatt arbeid
- fjerne aldersgrensa på 72 år i arbeidslivet

- forhindre at pensjonsordningane bidrar til «innlåsing» mellom bransjar i privat sektor og mellom offentleg og privat sektor
- gi sjølvstendig næringsdrivande, og alle andre, moglegheit for pensjonssparing før skatt på same nivå som tenestepensjon for offentleg tilsette gir

Skule og utdanning

Barnehage – barnas første år

Barnehagen er ein god arena for utvikling, læring, sosialisering, inkludering og integrering. Barna skal oppleve trygge og gode relasjonar til tilsette og andre barn, og dei skal få utforske og oppdage nye samanhengar gjennom leik.

Høgre er opptatt av mangfald i barnehagesektoren. Vi ønskjer både offentlege og private barnehagar velkomne. Det viktigaste for Høgre er at barnehagane har god kvalitet. Høgre meiner at alle som ønskjer det, skal ha moglegheit til å velje barnehage for sine barn.

Høgre vil

- ha eit mål om å auke pedagogtettheita i barnehagane til 50 prosent
- gi fleire tilsette i barnehagane etter- og vidareutdanning
- vidareføre kravet om norskkunnskapar for barnehagetilsette og auke moglegheita for norskopplæring på arbeidsplassen
- etablere fleire utdanningsbarnehagar, det vil seie barnehagar som har eit formalisert samarbeid med ein utdanningsinstitusjon om utvikling av profesjonen og betre praksis
- etablere fleire tiltak for å auke delen av minoritetsbarn som går i barnehage
- ha mål om at alle barn uansett bakgrunn skal ha gode ferdigheiter i norsk når dei startar på skulen
- sikre at fleire barnehageleiarar blir tilbydde pedagogisk leiarutdanning, og utvikle fleire karrierevegar for barnehagetilsette, etter modell av lærarspesialistordninga
- at kommunane må legge til rette for meir fleksibel opningstid i barnehagane tilpassa folks ulike arbeidsmønster
- ha seksualitet og grensesetting som tema i barnehagen, for å bidra til at barn blir kjende med eigen kropp og utviklar bevisstheit om eigne og andres grenser
- fortsette å gi gratis kjernetid og moderasjonsordningar i barnehagen til lavinntektsfamiliar, framfor å prioritere enkeltkommunar eller enkeltområde i byar
- tilrettelegge for at skulestartarar får delta på frivillig sommarskule før skulestart
- styrke samarbeidet mellom barnehagar og skular for å sikre ein god overgang for barna
- likebehandle offentlege, ideelle og private barnehagar for å sikre ein mangfaldig barnehagesektor
- føre tilsyn med kommunane sine tildelingar av offentlege tilskot for å sikre at alle barn får nok støtte, uavhengig av om dei går i ein privat, ideell eller kommunal barnehage
- utvikle gode kvalitetsindikatorar for barnehagane og ha openheit om kvaliteten og nøkkeltala til kvar enkelt barnehage
- kreve at alle barnehagar har eit kvalitetsvurderingssystem
- vidareføre ordningane med gratis kjernetid og redusert betaling for familiar med lav inntekt
- gradvis utvide søskenmoderasjonsordninga i barnehage til også å gjelde for familiar som har fleire barn i barnehage og SFO/AKS
- avskaffe foreldrebetalinga frå det tredje barnet ein familie har i barnehage samtidig

Ein kunnskapsskule som gir moglegheiter for alle

Høgre vil ha ein kunnskapsskule som gir moglegheiter for alle, uavhengig av bakgrunn, kjønn og kven foreldra er. Høgre har høge ambisjonar for kvar enkelt elev. Veldig mykje har gått rett veg i norsk skule dei siste åra, men vi har framleis utfordringar. Altfor mange elevar blir hengande etter i skuleløpet, det er forskjellar på prestasjonane til gutar og jenter, og for mange elevar går ut av grunnskulen med manglande grunnleggande ferdigheiter. Det er for store forskjellar i kvalitet mellom skulane.

Høgre vil

- styrke skulane si plikt til å gi ekstra oppfølging og intensiv opplæring til elevar som heng etter i lesing, skiving og rekning i 1.–4. klasse
- sikre at skulane har plikt til å følge opp elevar frå første fråversdag i grunnskulen
- tilpasse undervisninga betre til den enkelte elev, anten eleven treng ekstra oppfølging eller ekstra utfordringar
- heve lærarane sin kompetanse i å fange opp barn med høgt læringspotensial og gi tilpassa opplæring
- sikre at alle elevar har moglegheita til å gi tilbakemelding på korleis dei trivst og lærer på skulen, for eksempel gjennom ei elevundersøking
- sikre betre lese-, skrive- og rekneopplæring for dei yngste barna, blant anna ved å innføre ei plikt om at alle skular har tilgang til lærarspesialistar i begynnaropplæringa innan 2025
- opne for meir fleksibel start i grunnskulen
- stramme inn dagens praksis slik at elevar med rett til spesialundervisning i mindre grad får fritak i enkelte fag, men heller får tilpassa undervisning med krav om vurdering
- sikre at elevråda si rolle i prosessar i skulen er formalisert og blir følgt opp, og at elevane blir inkludert i prosessar i skulen som omhandlar dei
- ha ei nasjonal ordning med redusert foreldrebetaling i SFO for lavinntektsfamiliar
- innføre eit Talentsenter for realfag på alle Vitensenter i Norge for å styrke tilbodet til elevar med høgt læringspotensial
- gjennomføre ein pilot med nivåinndeling i kortare periodar i skulen slik at alle elevar opplever tilpassa opplæring i dei ulike faga, og evaluere ordninga
- innføre heimebesøk hos foreldre som ikkje møter opp på foreldremøte eller utviklingssamtalar
- forsterke innsatsen mot mobbing, vald, trakassering og diskriminering i skule og barnehage
- styrke ei heilheitleg seksualitetsundervisning, herunder reproduktiv helse, kjønns mangfald, LHBT+, kropp og grensesetting

Ungdomsskulen

Overgangen mellom barneskule og ungdomsskule kan for mange vere stor. Nokre elevar opplever å få kunnskapshol, mister motivasjon og går ut av ungdomsskulen utan å kunne lese, skrive og rekne godt nok. For Høgre er det viktig å ta tak i problema før dei får vekse seg store. Skulen må i større grad imøtekomme og tilpasse seg elevane sine behov. Høgre meiner at vi må ha forventingar og stille krav til alle elevar, anten dei er fagleg flinke eller treng litt ekstra hjelp for ikkje å bli hengande etter.

Høgre vil

- gjennomføre ei heilheitleg ungdomsskulereform som tar sikte på å auke læring, trivsel og motivasjon i ungdomsskulen ved å endre fagsamansettinga på ungdomsskulen og innføre obligatorisk yrkesfagleg valfag for elevane på lik linje med språkfag
- tilby opplæring i entreprenørskap i fleire ungdoms- og vidaregåande skular
- innføre ei plikt for ungdomsskulane til å følge opp fråver som overstig ti prosent, og kreve at alle kommunar har felles, konkrete og praktiske retningslinjer for førebygging og tiltak for elevar med høgt fråver
- stille krav om at alle kommunar har ein oppdatert fråversprotokoll, der føresette automatisk får beskjed digitalt eller på mobil ved alle typar fråver
- behalde lekser, eksamen og karakterar i skulen og prøve ut fleire nye eksamensformer
- reformere faget utdanningsval slik at fleire ungdommar får god innsikt i ulike yrkesmoglegheiter, og gjennomføre forsøk der fleire yrkesgrupper utanfor grunnskulen kan undervise i faget
- reformere rådgivningstenesta og sørge for at rådgivarane på ungdomsskular og vidaregåande skular er oppdaterte om elevane sine moglegheiter innan høgare utdanning og arbeidsliv
- rekruttere fleire med erfaring frå anna arbeidsliv inn i rådgivningstenesta
- legge til rette for ei tverrfagleg rådgivarteneste og eit godt samarbeid mellom skuleeigar, rådgivartenesta, den vidaregåande skulen og arbeidslivet, samt vurdere om karriererettleiar skal vere ein eigen stillingskategori i skulen
- styrke vidareutdanningstilbodet for rådgivarar og stille kompetansekrav til rådgivartenesta
- redusere talet på norskkarakterar slik at det blir éin karakter i norsk skriftleg og éin karakter i norsk muntleg i ungdomsskulen og vidaregåande skule
- legge til rette for forserte løp slik at fleire elevar får moglegheita til å forsere enkeltfag eller skuleår
- legge til rette for fleire profilskular på ungdomstrinnet, for eksempel yrkesfaglege ungdomsskular og realfagsungdomsskular, slik at ungdomsskuletilbodet blir meir mangfaldig, og elevar på ungdomstrinnet kan fordjupe seg i ulike område
- prøve ut tidsavgrensa nivåval i fellesfaga på ungdomsskulen slik at elevane møter faglege utfordringar som gjenspeilar deira faglege nivå
- auke frivillig arbeidstrening i ungdomsskulen gjennom tilbod om vekebasert utplassering i bedrift i samarbeid med næringslivet
- innføre moglegheit for eit frivillig 11. skuleår etter 10. klasse etter modell frå Oslo og Drammen

Vidaregåande skule

Tre av fire elevar som startar vidaregåande opplæring, fullfører innan fem år. Talet har auka dei siste åra. Det er bra for samfunnet, og det er bra for den enkelte. Samstundes veit vi at konsekvensane av ikkje å fullføre og bestå vidaregåande skule, vil bli endå større i tida som kjem. Høgre meiner derfor at ei av våre viktigaste oppgåver framover er å sørge for at fleire elevar fullfører og består vidaregåande opplæring.

Utforminga av tilbodet i vidaregåande skule må ta høgde for at elevane har ulike føresetnader. Høgre meiner at vi treng fleire forskjellige tiltak for å fange opp dei som fell frå i skuleløpet. Det må vere mogleg å få tilrettelagt undervisning på ulike stader og med ulike innretningar, både fagleg og sosialt.

Høgre vil

- at 5000 fleire elevar skal fullføre vidaregåande skule innan 2025, og at innan 2030 skal minst ni av ti elevar som begynner i vidaregåande opplæring, fullføre og bestå
- behalde den nasjonale fråversgrensa på ti prosent
- innføre modellar for fritt skuleval i alle fylke
- seie ja til vidaregåande profilskular som satsar på realfag, språk og økonomi, etter modell av toppidrettsgymnas
- at vidaregåande skular inngår samarbeid med institusjonar innan høgare utdanning for å sikre at elevar som ønskjer det, skal få ta fag på høgare nivå
- arbeide i samråd med elevane for at russetida blir flytta til etter avlagt skriftleg eksamen
- tillate forsøk med filming av muntleg eksamen i skulens regi for å sikre elevane ei meir reell klagemoglegheit
- ha eit forsøksprosjekt der skuleåret blir delt inn i terminar, og gi elevane opplæring i eit mindre tal på fag i kvar termin
- tilrettelegge for betre samarbeid mellom rådgivingstenesta i skulen, Nav og karriererettleiingssentra for å sette dei i stand til å nå ut til fleire elevar
- sikre at elevane får det talet på undervisningstimar dei har krav på, ved å tydeleggjere krav til kva ein undervisningstime er, og ved at det i planlegginga blir tatt høgde for forventna timebortfall
- behalde moglegheita til å etablere og drive offentleg finansierte friskular som eit alternativ til den offentlege skulen
- sikre elevar og lærlingar sin rett til å vurdere undervisnings- og læringsmiljøet i skule og lærebedrift
- styrke oppfølginga av elevar som står i fare for å falle ut av skulen, sikre moglegheita til å ta opp og få opplæring i fag som ikkje er bestått, og sørge for at dei som avbryt vidaregåande opplæring før dei har gjennomført med full sluttkompetanse, skal få oppnådd delkompetanse
- gi elevar med lave karakterar rett til eit meir tilpassa og variert løp, og fylkeskommunen og kommunen plikt til å tilby dette, for å sikre at fleire fullfører vidaregåande opplæring
- elevar som har karakteren 1 eller 2 i norsk, matematikk eller engelsk, skal få tilbod om ekstraundervisning i desse faga når dei går vidare til neste trinn, etter modell frå kombinasjonsklasser
- legge betre til rette for utveksling og internasjonalisering i vidaregåande opplæring, både innanfor studieførebuande og yrkesfaglege utdanningsprogram

Fag- og yrkesopplæring

Stadig fleire vel yrkesfag, får læreplass og fullfører med fagbrev. Dette er ei positiv utvikling som Høgre vil styrke i åra som kjem. Samstundes ser vi at fråfallet ved dei yrkesfaglege linjene framleia er høgare enn på studieførebuande. Høgre vil derfor ytterlegare utvikle og styrke yrkesfaga så fleire fullfører og består.

Noreg står i fare for å mangle 90 000 fagarbeidarar i 2035. Derfor vil Høgre fortsette yrkesfagløftet for å sikre elevane ei god og relevant fagutdanning og landet den fagkompetansen vi har behov for.

Høgre vil

- fortsette å auke lærlingtilskotet og ha som mål at det på sikt skal ligge på same nivå som kostnaden til ein yrkesfagleg skuleplass
- auke utstyrsstipendet til dei dyraste studieretningane
- innføre ei gåveforsterkingsordning for å sikre betre og meir oppdatert utstyr i dei vidaregåande skulane, og innføre krav til minstestandard på utstyr som blir utvikla i samarbeid mellom skular og næringsliv
- gjennomføre ei forsøksordning der stat, fylke og industri samarbeider om deling av avansert utstyr mellom fleire skular ved bruk av ei mobil eining som kan behandle fleire skular i eit fylke / ein region
- støtte alternative opplæringsarenaer og vurdere ordningar der ein større del av yrkesfagopplæringa kan takast gjennom aktørar utan eigenproduksjon
- styrke opplæringa i vg3 i skulen for elevar som ikkje har fått lære plass, og vurdere å utvide dette til to år for å få plass til ei meir praktisk og arbeidslivsrelevant innretting
- at dimensjonering av studietilbod i sterkare grad blir fastsett ut frå næringslivet sitt behov og tilgjengelege lære plassar, og at Y-nemndene si rolle skal styrkast, og deira tilrådingar blir tillagt avgjerande vekt
- stille krav om at alle fylkeskommunar må ha tilbod om YSK – yrkesteknisk og studiespesialiserande kompetanse
- få ned fråfall på påbyggslinja ved å vurdere karakterkrav for å gå frå yrkesfag til påbygg
- vidareutvikle fleire utdanningsløp (Y-vegen) som gir større utviklingsmoglegheiter og betre overgang mellom fagbrev og høgare utdanning
- vurdere lærlingfond der alle verksemdar innan bransjar som det er utvikla fag- eller svennebrev for, skal bidra økonomisk for å dekke delar av utgiftene til opplæring av lærlingar i bedrift
- sjå på moglegheita for å gi yrkesfagelevar eit utdanningsløp som resulterer i eit fagbrev på engelsk, etter modell frå IB-linja
- gi fleire elevar moglegheit til å kombinere yrkesfag og toppidrett
- styrke opplæring i små handverksfag for å ta vare på kulturarven
- gi fleire moglegheita til å kombinere yrkesfag og realfag
- sørge for å rekruttere fleire menn i helse- og omsorgsyrke og bygge vidare på modellen «menn i helse»
- gjennomføre eit kompetanseløft i spesialpedagogikk i kommunane og fylkeskommunane, og sikre eit godt tverrfagleg samarbeid mellom skule, skulehelseteneste og PP-teneste

Digitalisering i skulen

Teknologiutviklinga skjer raskt, og samfunnet blir stadig meir digitalisert. For Høgre er det viktig at barn og unge lærer å handtere og leve med dei utfordringane og moglegheitene som finst i eit digitalt samfunn. Elevar er ulike og har ulike behov. Ved å satse på digitale løysingar kan ein enklare tilpasse undervisninga til elevane og bidra til betre inkludering og auka læringsutbytte. Føresetnaden er at lærarar og skuleleiarar har høg digital kompetanse og gode moglegheiter for etter- og vidareutdanning innan pedagogisk bruk av digitale verktøy.

Høgre vil

- fortsette opptrappinga av teknologiutdanningane og opprette fleire studieplassar innan IKT og teknologifag
- vidareutvikle omgrepet *digitale ferdigheiter* og bidra til betre opplæring om teknologi og bruk av teknologi gjennom fagfornyinga
- vidareføre Den teknologiske skulesekken for å stimulere til innovasjon av læringsressursar, materiell og prosjekt innanfor teknologi retta spesielt mot fag- og yrkesopplæring, realfaga og det grønne skiftet
- ta i bruk digitale verktøy, inkludert virtualiserings- og simuleringsteknologi, for å styrke undervisninga, særleg innan yrkesfag og på fagskulane
- legge til rette for smart bruk av dataspelbasert undervisning i skulen
- utvikle eit kortare nettbasert kompetansehevande kurs i programmering for lærarar i naturfag og matematikk og inkludere teknologi og koding i fleire fag på grunnskulen
- gi fleire lærarar vidareutdanning i pedagogisk bruk av IKT, utdanne fleire lærarspesialistar innan IKT og styrke digital kompetanse i lærarutdanninga
- la den enkelte rektor bestemme reglane for mobilbruk på sin skule
- ha gode digitale læringsplattformer og rutinar som gjer det mogleg å ha god digital undervisning dersom det ikkje er mogleg å gjennomføre ordinær undervisning
- bruke teknologi og digital heimeundervisning for å redusere fråfall frå skule og utdanning, for eksempel ved å følge opp elevar med høgt fråver grunna skulevegring eller fysisk eller psykisk sjukdom
- legge til rette for konkurranse om utvikling av digitale læremiddel i skulen, for å få betre kvalitet og fleire tilbydarar
- auke bruken av modulbasert opplæring i vidaregåande skule for å tilrettelegge for desentralisert og fleksibel utdanning

Dyktige lærarar og skuleleiarar

Norsk skule har mange fagleg sterke, engasjerte og motiverte lærarar og leiarar som jobbar kvar dag for å gi elevane den kunnskapen dei treng. Læraren er den enkeltfaktoren som betyr mest for elevane si læring. Høgre vil vidareføre lærarløftet og gi fleire lærarar moglegheit til etter- og vidareutdanning.

Å bygge ein betre skule er eit lagarbeid. Ein kunnskapsskule føreset at lærarane og skuleleiarane finn gode løysingar saman til beste for elevane, og sørger for at alle elevar blir sett og høyrte. Vi vil fortsette kampen mot unødvendig byråkrati og rapporteringskrav i skulen, slik at dei tilsette har tid til å prioritere det aller viktigaste, nemlag tilpassa opplæring for kvar enkelt elev.

Høgre vil

- ha som mål at alle lærarar skal ha fordjuping i faga dei underviser i
- vidareføre kompetansekrava til lærarar som skal undervise i norsk, matte og engelsk, og vurdere å innføre kompetansekrav i fleire fag
- behalde opptakskrava for å kome inn på lærarutdanninga, med mål om å innføre krav om karakteren 4 i norsk og engelsk
- fortsette den rekordstore satsinga på vidareutdanning av lærarar
- fortsette å fjerne unødvendig byråkrati og rapporteringskrav i skulen slik at lærarar kan konsentrere seg om god undervisning, kollegasamarbeid og tilpassa opplæring

- fortsette arbeidet med å etablere nye karrierevegar i skulen, blant anna ved å vidareføre nye stillingskategoriar som lærarspesialist, førstelærer og førstelektor i høvesvis grunnskulen og den vidaregåande skulen
- styrke satsinga på profesjonsfagleg digital kompetanse i lærarutdanninga og etter- og vidareutdanninga av lærarar
- sørge for at fleire rektorar får tilbod om etter- og vidareutdanning, og styrke deira moglegheit til å drive pedagogisk leining ved å frigjere tid frå det administrative arbeidet
- fortsette satsinga på rektorutdanninga, blant anna ved å gjere rektorutdanninga til eit permanent utdanningsprogram
- prøve ut nye ordningar for å sikre fleire kvalifiserte lærarar i skulen, for eksempel ved å gjere det mogleg for tilsette i skulen å få tilleggskompetanse og undervise på fleire trinn eller ved å få fleire tilsette i skulen til å fullføre lærarutdanninga medan dei står i jobb
- bidra til å få fleire yrkesgrupper inn i skulen for å bygge lag rundt eleven og frigjere tid for lærarane til å prioritere sine kjerneoppgåver
- innføre ei stipendordning som gjer det enklare for fagarbeidarar å utdanne seg til yrkesfaglærarar
- legge til rette for at vidaregåande opplæring, også dei studiespesialiserande retningane kan samarbeide meir med andre institusjonar, næringsliv og alternative opplæringsarenaer for meir fordjuping, meistring og gjennomføring
- styrke rettleiingsordninga for nyutdanna lærarar for å bidra til at fleire blir i yrket lenger
- legge til rette for at lærarar utdanna før krav om mastergrad får tilbod og eit tilrettelagt opplegg for å ta mastergrad i løpet av arbeidslivet, som eit alternativ til tradisjonell vidareutdanning

Gode skuleeigarar

Høgre meiner at alle barn fortener ein god skule, uavhengig av kvar dei bur. Skuleeigarar må ha gode system for kvalitetssikring, kvalitetsutvikling og kvalitetskontroll. Tilsynet som blir ført med skular, må i større grad vektlegge elevane sitt læringsutbytte og skulens kvalitet. Det er viktig at skular og kommunar kartlegg elevane si læring og trivsel gjennom skuleløpet og brukar resultatane til å forbetre undervisninga og elevane sin skulekvardag.

Høgre vil

- utvide den nasjonale ordninga med eit nasjonalt «rettleiarkorps» som følger opp skuleeigarar og skular med vedvarande svake resultat, og sørge for at kommunar og fylkeskommunar som hamnar under ei nedre grense for kvalitet, blir pålagt bistand
- skuleeigarar skal kartlegge læringsresultatane gjennom heile skuleløpet og sikre full openheit om resultat på skulenivå
- at skuleeigarar skal ha god informasjonsflyt om elevane ved alle overgangar til ny skule i løpet av utdanningsløpet, for eksempel ved å gjennomføre eigne overgangsprøver
- innføre ei ny nasjonal prøve i skrivning, og erstatte kartleggingsprøva i lesing i 3. klasse med ei nasjonal prøve
- gi kommunane og skulane rettleiing i korleis ein skal analysere og bruke nasjonale prøver til å forbetre undervisninga for elevane
- sikre openheit rundt resultatane frå nasjonale prøver
- pålegge skuleeigarar å gi elevane i grunnskulen eit tilbod fem dagar i veka
- styrke kunnskapen om skuleeigarrolla i kompetanse- og forskingsmiljøa og stimulere til deling av den beste praksisen

- stramme opp lovkravet til kommunane og fylkeskommunane si behandling av den årlege rapporten om tilstanden i skulane ved å utvide innhaldet, medverkinga i utarbeidinga og krava til saksbehandling hos skuleeigar

Høgare yrkesfaglig utdanning – fagskular

Fagskulane er ein viktig del av det norske utdanningstilbodet. Mange fagarbeidarar både ønskjer og har behov for kompetanse utover fagbrev, og arbeidslivet etterspør i stor grad slik kompetanse. Fagskulane er også viktige for å nå målet om at fleire skal kunne lære heile livet. For Høgre er det viktig å fortsette arbeidet med å styrke fagskulane slik at fleire ser moglegheitene ei fagskuleutdanning gir

Høgre vil

- utarbeide ein strategi for høgare yrkesfagleg utdanning med mål om betre kvalitet, auka kapasitet og tydelegare ansvar for å tilby relevant etter- og vidareutdanning
- sikre likebehandling av offentlege og private fagskular
- legge betre til rette for utveksling og internasjonalisering i fagskulesektoren
- sikre at kriteria for godkjenning av fagskular bidrar til høg kvalitet og er basert på aktuell kunnskap og praksis i yrka
- sørge for at rådgivingstenesta i grunnskulen, den vidaregåande skulen, Nav og dei regionale karrieresentra styrkar sin kompetanse på fagskuleutdanning for å bidra til synlegheit og rekruttering til fagskulane
- sikre kvalitet i gjennomføringa av fagskuleutdanningar og vurdere auka bruk av eksterne sensorar og nasjonale eksamensnemder

Høgare utdanning og forskning

Skal Noreg lykkast i den internasjonale konkurransen i framtida, må vi satse meir på forskning og utdanning. I Noreg skal vi ha forskings- og utdanningsmiljø av høg kvalitet, og Høgre vil bidra til å styrke desse miljøa. For å nå dette målet må vi fortsette satsinga på internasjonalisering og kommersialisering av forskingsresultat.

Ei god utdanning skal gi studentane eit godt utgangspunkt i møte med arbeidslivet. Vi vil gjere meir for at fleire studentar fullfører påbegynte studium, og for at dei blir betre inkludert i det faglege miljøet der dei studerer. Digitale løysingar gjer også at utdanning og kompetanse blir langt meir tilgjengeleg for folk over heile landet. Høgre vil jobbe for at endå fleire studieprogram også blir tilbydde digitalt, desentralisert og fleksibelt. I tillegg bør fleire forelesingar og læringsverktøy gjerast tilgjengelege for alle som ønskjer å bruke dei, uavhengig av om dei er innrullert som studentar på den aktuelle institusjonen.

Høgre vil

- vidareføre gratisprinsippet og framleis sikre lik tilgang og rett til høgare utdanning
- reformere opptakssystemet til høgare utdanning med sikte på å redusere talet på tilleggspoeng monaleg og sikre at fleire konkurrerer på likare vilkår
- etablere ein digital plattform med oversikt over alle utdanningar som blir tilbydde, og gi arbeidslivet moglegheit til å etterspørre relevante tilbod

- gjennomgå og justere finansieringssystemet til utdanningsinstitusjonane med mål om å heve undervisnings- og forskingskvaliteten, bidra til meir etter- og vidareutdanning og sørge for at fleire studentar gjennomfører
- innføre ei studieavgift for studentar som kjem utanfrå EØS-området og Sveits
- sikre norsk deltaking i EUs forskings- og innovasjonsprogram og jobbe for at norske miljø stiller sterkt i konkurranse om midlane, med mål om at gode norske søknader hentar meir pengar ut av ordningane enn Noreg betalar inn
- gjennomføre langtidsplanen for høgare utdanning og forskning og lage ein ny langtidsplan i 2022
- styrke satsinga på forskning av særleg høg kvalitet, slik som Fri prosjektstøtte, og vidareutvikle ordningar som støttar opp under framstående miljø innan utdanning (SFU), forskning (SFF), innovasjon (SFI) og fornybar energi og miljøteknologi (FME)
- styrke satsinga på kommersialisering av forskingsresultat
- vidareføre eit høgt nivå på den offentlege forskingsinnsatsen for å nå målet om at dei totale forskingsinvesteringane skal utgjere tre prosent av BNP innan 2030, der to prosent bør utgjera av privatfinansiert forskning
- stimulere til meir forskning i næringslivet og tettare samarbeid mellom forskning og næringsliv, blant anna gjennom SkatteFunn-ordninga, Brukarstyrt innovasjonsarena (BIA) og andre næringsretta program i Forskningsrådet
- vidareutvikle instituttstrategien for framleis å sikre ein sterk instituttsektor som bidrar til auka verdiskaping
- auke innsatsen på open forskingspublisering for å gjere kunnskapen tilgjengeleg for fleire
- trappe opp satsinga på Sentre for framifrå undervisning (SFU), med mål om å styrke utdanningskvaliteten og utdanningspraksisen
- stimulere til at det blir oppretta fleire *honours*-program utan at det går ut over ordinært studietilbod
- gjere det enklare å reise på utvekslingsopphald både for studentar og vitskapleg tilsette
- tilrettelegge for at internasjonale toppuniversitet kan gjere digitale utdanningar tilgjengelege for norske studentar i Noreg
- at universitet og høgskular skal vere heildigitaliserte innan 2025, og innføre krav om at offentlege universitet skal legge ut forelesingar gratis
- følge opp strategien for å utvikle fleire fleksible og desentraliserte utdanningar
- legge til rette for at fleire studentar kan ta fag om sommaren
- teste ut modellar for trisemester, først og fremst på masterprogram, der studiet vil vare i 15 månader med tre semester med sommarferie mellom semester 1 og 2
- auke studiestøtta for dei studentane som ønskjer å ta heile gradar raskare enn på normert tid
- la utdanningsinstitusjonane i større grad kunne stille eigne opptakskrav
- auke inntektsgrensa for stipend- og låneordninga til Lånekassen
- at kontinuasjonseksamen skal gjennomførast utanfor den ordinære eksamensperioden, på eit tidspunkt som ikkje hindrar at studenten kan fullføre studiet på normert tid
- innføre fast ordning med to sensorar på eksamen med karakterar som vurderingsuttrykk

Studentvelferd

Studietida er ein viktig del av mange menneske sitt liv. Det er ei tid for å lære, men også ei tid for å bli sjølvstendig og bli kjent med nye menneske. Høgre vil legge betre til rette for at fleire studentar kan fullføre graden dei har starta på. I ei tid der fleire menneske studerer lenger, skal

det også være mogleg å få barn i studietida. Høgre vil at studieprogramma skal legge betre til rette for dette.

Høgre vil

- fortsette å auke studiestøtten utover pris- og lønnsvekst
- jobbe for at fleire studentar får moglegheit til å skrive bachelor- og masteroppgåver på bestilling frå offentleg sektor, privat næringsliv eller organisasjonar
- innføre praksis som ein integrert del av studiet i fleire studieprogram og innføre ei ordning for praksisopphald i staten
- sikre nok praksisplassar og at kvaliteten på desse er god, gjennom tydelege forventingar til universiteta og høgskulane om betre organisering og oppfølging, samt vurdere å lovfeste kommunane sitt ansvar for å tilby praksisplassar for helse- og sosialfaglege utdanningar
- legge til rette for at fleire kan få barn i studietida gjennom å tilby meir fleksibilitet i studieløpa, bygge fleire studentbustader for familiar og ytterlegare auke studiestøtta til studentar med barn
- bygge og oppgradere fleire studentbustader for å sikre ein tilstrekkeleg dekningsgrad
- gi norske studentar i utlandet moglegheita til å jobbe ved sidan av studiane utan å miste medlemskapet i folketrygda
- sjå på moglegheita for å ha to fastlegar i ein periode for studentar og elevar som er busette i ein annan kommune enn der dei er folkeregistrert
- auke omgjeringsstipendet for studentar som får barn under studietida
- studentar med funksjonsnedsettingar må få moglegheit til meir fleksible utdanningsløp, bustøtte tilpassa særskilde behov og ei betre overgangsordning for BPA ved flytting til studiekommune
- auke Lånekassens lånetid for studentar med barn til inntil 10 år

Helse

Sjukehusa og spesialisthelsetenesta – pasientane sitt helsevesen

Høgre vil ha pasientens helseteneste. Det betyr at ingen avgjerder om deg skal takast utan deg i helsetenesta. Det handlar om møtet med kvar enkelt pasient i helsetenesta, men også om at pasientane er med på alle nivå når det blir tatt avgjerder om korleis helsetenesta skal organiserast. Brukarvennlege IT-løysingar er sentralt for at pasientar kan få informasjon om eiga helse, avtalar og oppfølging samt om helsetilbodet som finst.

Pasientens helseteneste betyr at kvaliteten på behandlinga skal vere høg, at ventetida skal vere så kort som mogleg, og at pasienten skal bli høyrtd i alle delar av helsetenesta. Pasientane skal møtast med kunnskap og respekt. God informasjonsflyt og kommunikasjon mellom pasienten, kommunehelsetenesta, fastlegen og spesialisthelsetenesta er viktig for å sikre det. Det skal framleis vere ein desentralisert sjukehusstruktur i Noreg som gir likeverdig og god behandling i heile landet.

Høgre vil

- sikre trygge sjukehus og betre helsetenester for alle, uansett kvar dei bur i landet
- redusere ventetida underveis i behandlingsforløpet og for behandlingar og utgreiingar
- gi pasientane meir valfridom gjennom å utvide ordninga med fritt behandlingsval
- gjere det enklare for pasientane å forstå sine rettigheter i møte med helsetenesta
- gi kronisk sjuke meir heilheitleg oppfølging og behandling
- styrke arbeidet med rehabilitering, og betre overgangen frå behandling til rehabilitering
- auke bruken av private avtalespesialistar, med fleire heimlar og betre arbeidsdeling mellom sjukehus, poliklinikkar og avtalespesialistar
- satse vidare på helse- og velferdssamarbeid der private og ideelle verksemdar bidrar til å gi fleire tilgang til behandling på oppdrag frå det offentlege
- utvikle fleire pakkeforløp for å gi pasientane meir heilheitleg behandling og prioritere kvinnesjukdommar spesielt i dette arbeidet
- gjere kvardagen enklare og gi betre støtte til familiar som har barn med behov for samansette tenester, ved å gjennomføre Likeverdsreformen
- fortsette satsinga på digitalisering av sjukehus og helsetenester samt redusere unødig rapportering og skjemavelde og forenkle kvardagen i sjukehusa
- legge til rette for bruk av ny teknologi for å redusere smitte- og infeksjonsfaren ved norske sjukehus
- betre samarbeidet mellom kommunane og spesialisthelsetenesta
- sikre eit trygt og kompetent fødetilbod i heile landet
- sikre at fødande med over 90 minutt reiseveg blir følgde av jordmor, slik dei har krav på
- sikre betre og langsiktig oppfølging av barn med alvorlege sjukdommar
- utvikle betre tenester og skape nye arbeidsplassar gjennom satsing på helseteknologi og helseindustri
- sikre enklare tilgang til og betre utnytting av helsedata og biobankar
- legge til rette for at helseklyngene blir motor for omstilling og teknologioverføring i næringslivet

- at helseføretaka skal samarbeide med helsenæringa ved etablering av nye sjukehus og helseklynger
- opne for at spesialsjukepleiarar kan tilby behandling i private avtalespesialistpraksisar på lik linje som det offentlege
- sikre betre og meir einheitleg ernæringsoppfølging for eldre og utsette pasientgrupper

Folkehelse

Høgre vil at det skal vere enkelt å ta gode val for eiga helse og eigen livsstil. Kvar enkelt av oss skal ha størst mogleg friheit til og ansvar for å forme vårt eige liv. Vi vil føre ein folkehelsepolitikk som i størst mogleg grad bygger på positive verkemiddel med belønning og stimulering. Det er særleg viktig å sikre barn, unge og sårbare grupper sin rett til å leve i helsefremmande omgjevnader og sikre alle retten til vern mot skade og avhengigheit. Gode levekår, god helse, livskvalitet og trivsel heng saman. Ein god skule som sikrar at flest mogleg fullfører vidaregående utdanning, er det viktigaste grunnlaget for god helse, både for den enkelte og for samfunnet. Folkehelsearbeidet må tilpassast menneske i alle livsfaser og bidra til å redusere sosiale forskjellar. Høgre vil jobbe for redusert tobakksbruk.

Einsemd er vår tids store folkehelseutfordring. Vi kan alle gjere ein innsats, og Høgre vil invitere til ein brei samfunnsdugnad for å redusere einsemd for menneske i alle aldrar.

Høgre vil

- vidareføre samarbeidet med næringslivet for å legge til rette for sunne produkt i matbutikkane og lettfatteleg merking av sunne alternativ
- innføre kvalifikasjonskrav til dei som utfører kosmetiske inngrep
- auke bruken av grøn resept
- auke bruken av fysisk aktivitet i behandlingar der dette er relevant
- bidra til at det blir utvikla eigne planar for å styrke folkehelsa i kommunane
- fortsette arbeidet med å redusere uønskede svangerskap og abortar
- innføre differensiert sukkeravgift slik at den i større grad gjenspeilar mengda tilsett sukker
- forske meir på førebyggjande helsearbeid, også gjennom føringar til Forskningsrådet
- bruke ny teknologi som helseappar og dulting for å nå ut til fleire med informasjon om gode helseval
- etablere ei kunnskapseining med spesifikt ansvar for folkehelsefeltet
- forsterke samarbeidet med matbransjen om å redusere innhald av sukker, salt og feitt i mat og drikke og auke salet av frukt og grønt
- utarbeide ein handlingsplan for å redusere einsemd og verktøy for å måle førekomsten av einsemd
- styrke forskning på einsemd og auke kunnskapen om tiltak som motverkar einsemd
- styrke samarbeidet mellom det offentlege, næringslivet og frivillige lag og organisasjonar for å førebygge einsemd
- innføre krav om at helsepersonell har relevante vaksinar
- sikre kvinner betre oppfølging etter spontanabort
- innføre fritt val av sjukeheim der forholda ligg til rette for det

Kommunale helsetenester

Primærhelsetenesta er grunnlaget for førebygging og tidleg innsats. Grunnlaget for eit godt helsetilbod blir lagt lokalt. For Høgre er barn og unge høgt prioritert, og vi vil fortsette å satse på ei god helseteneste for barn, unge og deira familiar gjennom helsestasjonane og skulehelsetenestea. Fastlegen er ein av berebjelkane i helsetenesta vår. Fastlegeordninga må sikre heile befolkninga ei tilgjengeleg, kompetent og moderne primærlegeteneste, uavhengig av bustad, sosial tilhøyrighet og personleg økonomi. Framtidas fastlegeordning må tilby tverrfagleg oppfølging av menneske med samansette behov.

Høgre vil

- innføre screening av prostata for menn på lik linje med mammografi for kvinner
- sikre ei trygg fastlegeordning, sørge for god rekruttering og forhindre fråfall av fastlegar
- bevare næringsdrift som hovudform for fastlegar
- gi pasientane eit betre og meir samanhengande behandlingstilbod gjennom etableringa av primærhelseteam
- vidareutvikle legevakttenesta i heile landet
- sikre kreftomsorgstilbodet i kommunane og gjennomføre «pakkeforløp heim»
- vidareutvikle ei tverrfagleg helsestasjons- og skulehelseteneste som sørger for god tilgang på hjelp og støtte til barn og unge
- styrke jordmortenesta i kommunane blant anna ved å gi jordmødre eit større ansvar for å sikre kvinner god helse, der jordmødre bidrar gjennom meir ansvar for svangerskapskontrollar, prevensjons- og familierådgiving, helsekontrollar og prøvetaking
- vidareutvikle barselomsorga og følgetenesta
- styrke kommunane sitt rehabiliterings- og habiliteringstilbod
- opne for at helsesjukepleiarar og jordmødre med relevant utdanning kan rekvirere alle typar prevensjon også til kvinner under 16 år
- styrke ordninga for allmennlegar i spesialisering (ALIS)

Leve heile livet – livsglede for eldre

Vi blir fleire eldre, og dei eldre lever lenger. Derfor må vi førebu helsetenesta og eldreomsorga. Auka kompetanse, endringar i korleis vi organiserer eldreomsorga, og auka bruk av velferdsteknologi skal bidra til betre kvalitet og større valfridom for dei eldre. Høgre vil tilrettelegge for at eldre kan bu heime så lenge som mogleg, og fortsette arbeidet med å gjennomføre kvalitetsreforma «Leve heile livet» i alle landets kommunar. I pasientens helseteneste er valfridom ein verdi i seg sjølv. Derfor må vi ønskje alle offentlege, ideelle og private aktørar som ønskjer å levere gode tenester til våre eldre, velkomne.

Høgre vil

- gjennomføre kvalitetsreforma «Leve heile livet» i alle landets kommunar
- at alle kommunar skal ha ein plan for å skape eit aldersvennleg samfunn
- gi fleire av landets eldre større valfridom ved å innføre eit standardisert regelverk kommunane kan bruke for å opne for valfridom innan heimetenester og heimesjukepleie
- innføre ein byterett for eldre som bur på sjukeheim eller mottar heimhjelpstenester, som dei kan gjere seg nytte av dersom dei ikkje er fornøgde med tilbodet dei får

- innføre lovkrav om at kommunestyret årleg skal behandle ein rapport om tilstanden i helse- og omsorgstenesta, der både brukarundersøkingar, objektive kvalitetsindikatorar og brukartilfredsheit blir målt
- gi fleire eldre moglegheit til å bu heime lenger, blant anna ved bruk av ny velferdsteknologi, og auke forskingsinnsatsen på området
- etablere ei tilskotsordning for seniorbustader i område med ein svak bustadmarknad
- sørge for eit mer demensvennleg samfunn og bygge fleire demenslandsbyar
- legge hospicefilosofiens heilheitlege tilnærming til grunn for utviklinga av tenestetilbodet i lindrande behandling til menneske i alle aldrar, og samstundes legge til rette for at fleire skal kunne døye trygt heime
- reformere dei heimebaserte tenestene ved å slå saman for eksempel praktisk bistand i heimen og heimesjukepleie, og la desse tenestene bli ytte av faste team som sikrar større fleksibilitet og at eldre og pårørande får færre pleiarar å forhalde seg til
- sørge for at eldre gifte og sambuande kan få bu og leve saman på sjukeheim
- styrke det systematiske ernæringsarbeidet og sikre at mat, måltid og ernæring er ein del av alt førebyggjende, behandlande, habiliterande og rehabiliterande arbeid med eldre

Fagleg sterk helse- og omsorgsteneste

Høgre vil fortsette satsinga på kompetanseheving, leiarutvikling, forskning og fagleg utvikling i heile helse- og omsorgstenesta. Noreg vil i åra framover trenge stadig fleire kloke hovud og dyktige hender i helsetenestene. Høg kvalitet på den helsehjelpa som blir gitt, sikrar rett behandling til rett tid og skaper trygghet og verdigheit for pasientane. Trygghet og verdigheit må skapast kvar dag i møtet mellom den som treng helsehjelp, og den som gir helsehjelp. Høgre vil fortsette å føre ein aktiv kompetansepolitikk i helsesektoren som sikrar viktig rekruttering, samstundes som vi beheld dyktige helsearbeidarar i sektoren. Vi vil fortsette arbeidet med å sikre gode leiarar i heile helsetenesta.

Høgre vil

- auke talet på lærlingar innan helsefag og bruke kompetansen deira betre i heile helse- og omsorgstenesta
- fortsette arbeidet med å sikre høg kompetanse i dei kommunale helsetenestene gjennom Kompetanseløft 2025
- legge til rette for at lege- og sjukepleieutdanning også gir kunnskap om helseteknologi og innovasjonsprosessar
- utdanne fleire klinisk avanserte sjukepleiarar med spesialistgodkjenning for å styrke helsetilbodet til pasientar med kroniske og samansette lidningar
- gi tilbod om etter- og vidareutdanning til fleire i helsetenesta
- fremme ein openheitskultur og godt leiarskap i helse- og omsorgstenestene og satse på utdanning av leiarar
- styrke forskinga på kvinnehelse
- styrke forskinga på demens og hjernesjukdommar
- etablere eit hovudpinesenter i Noreg
- auke kunnskapen hos helsepersonell om seksuell helse og kjønnsjukdommar
- styrke forskinga på dei kommunale helsetenestene, herunder eldreomsorga

Pårørande

Pårørande er ein viktig ressurs og skal ha påverknad på hjelpetilbodet til den dei er glad i. Dei pårørande kan ha fleire roller, både som avlastarar, omsorgspersonar og beslutningstakarar for behandlingssløpet. Høgre vil anerkjenne pårørande som den ressursen dei er, både for dei dei bidrar til å ta vare på, og for helsevesenet som heilheit. Helsetenestene har eit særskilt ansvar for å ivareta barn og unge som pårørande.

Høgre vil

- sørge for at alle kommunar har ein pårørandestategi
- gi pårørande anerkjenning for den viktige jobben dei gjer
- gi pårørande større påverknad når viktige beslutningar blir tatt
- gi pårørande lett tilgang til informasjon, bistand, opplæring, råd og rettleiing
- gi pårørande meir fleksible avlastingstilbod
- ta dei pårørande si eiga helse på alvor for å unngå at folk blir sjuke av pårøranderolla

Legemiddel

Vi får stadig tilgang på fleire og betre legemiddel som gjer det mogleg å leve lenger, få auka livskvalitet og også bli friske raskare. Høgre meiner legemiddelpolitikken skal sikre god kvalitet ved behandling med legemiddel. Legemiddel skal ha lavast mogleg pris, folk skal ha ein likeverdig og rask tilgang til legemiddel, og vi skal legge til rette for forskning og innovasjon. Desse måla må alltid sjåast i samanheng.

Høgre vil

- innføre eit elektronisk system som gjer det enkelt for helsepersonell å sjå kva legemiddel ein pasient allereie nyttar (Pasientens legemiddelliste)
- styrke forskinga på vaksinar og legge til rette for auka utvikling og produksjon i Noreg
- auke kunnskapen om vaksinar for å sikre ein høgast mogleg dekningsgrad
- gjennomføre fleire kliniske studiar i Noreg
- legge til rette for at fleire pasientar får tilgang til utprøvande behandling
- sikre at legemiddelpolitikken, herunder innkjøp av legemiddel, bidrar til forskning og innovasjon
- ta ei leiande rolle internasjonalt i arbeidet med å forhindre og redusere antibiotikaresistens
- styrke apoteka si rolle for å sikre rett legemiddelbruk
- utvide opphentingprogram for HPV-vaksinen for gutar
- vidareutvikle vaksineprogrammet og innføre vaksineprogram for vaksne
- styrke forskning på fødselsdepresjon
- sikre betre oppfølging og hjelpeapparat i samband med svangerskap og barseltid for å førebygge og behandle fødselsdepresjon

Psykisk helse

Ei god psykisk helse er viktig for god livskvalitet. Innsatsen må derfor settast inn så tidleg som mogleg for dei som slit med si psykiske helse. Koronapandemien har ført til auka einsemnd, og fleire har opplevd psykiske utfordringar som følge av den sosiale nedstenginga av samfunnet. Samstundes har fleire opplevd usikkerheit, blant anna knytt til jobb. Høgre vil framleis

prioritere psykisk helse som ei av våre viktigaste satsingar. Vi må også førebygge at psykiske problem oppstår, ved å forhindre mobbing og sosial isolasjon blant barn, unge og vaksne.

Høgre vil

- ha ein nullvisjon for sjølv mord
- auke forskinga på årsaker til at mange unge opplever psykiske helseplager
- fortsette å sikre lett tilgjengeleg hjelp for dei som opplever psykiske helseproblem, og jobbe for at spesielt fleire unge skal lære å handtere utfordringar i kvardagen betre, gjennom blant anna livsmeistring i skulen
- vidareutvikle helsestasjonstenesta slik at barn og unge også får eit betre digitalt helsesjukepleiartilbod
- sørge for at alle kommunar har eit synleg og tilgjengeleg lavterskeltilbod
- oppdatere kompetansen på psykisk helse og sjølv mordsførebygging blant helsepersonell
- innføre rett til vurdering og møte med fagperson innan tre veker ved oversending til barne- og ungdomspsykiatrisk poliklinikk (BUP) eller distriktspsykiatrisk senter (DPS)
- barn og unge skal giast høgkvalitets utgreiing raskt slik at dei får den rette tverrfaglege oppfølginga ut frå sine behov
- utgreie og legge til rette for auka grad av oppgåvefordeling og etablering av spesialiserte tilbod for å sikre at dei beste metodane blir tilgjengelege for fleire
- styrke psykiatrien og differensiere behandlingsmetodane meir etter enkeltmennesket sine ulike behov
- sikre at barn og unge som ikkje har fått betra sin tilstand i løpet av eitt år i kommunalt psykisk helsevern, får ei ny vurdering av behandlingstilbodet
- sikre at barnevernsinstitusjonar har tilknytt ein eigen psykolog for å tilby barna og ungdommane den hjelpa dei treng
- sikre eit godt digitalt psykisk tenestetilbod med mål om førebygging og tidleg behandling av psykiske lidningar
- at Nav skal integrere hjelp til psykiske plager og økonomiske utfordringar i si oppfølging
- vidareutvikle arbeidsmarknadstiltaka og sørge for at Nav i større grad brukar eksterne leverandørar for å sikre eit mangfald i hjelpetilbodet til unge som slit psykisk
- samarbeide med frivillige organisasjonar som tilbyr hjelp og støtte til menneske som slit med psykiske utfordringar
- fortsette å bygge ut ACT-, FACT- og FACTung-team over heile landet for gode oppsøkande, samtidige og heilheitlege tenester til menneske med alvorlege psykiske lidningar og rusavhengigheit
- legge til rette for eit tilstrekkeleg tal på døgnplassar for barn og unge med alvorlege psykiske lidningar
- vidareutvikle pakkeforløp for psykisk helse for å sikre betre pasientbehandling
- vurdere å auke dagens minstetid på tre veker i døgninstitusjon for personar som er dømde til tvungen psykisk helsevern

Ei god og verdig rusomsorg

Høgre vil føre ein ruspolitikk som har som mål å førebygge rusproblem. Høgre vil jobbe for å avgrense dei negative skadeverknadene som følger av narkotika og alkohol. Vi skal framleis ha

eit forbod mot bruk og oppbevaring av narkotika, men Høgre ønskjer at personar med rusproblem skal få hjelp, behandling og oppfølging heller enn straff. Ønsket om å redde liv og sikre verdigheit ligg til grunn for vår politikk.

Overdosedødsfalla er for mange, spesielt etter rehabilitering eller soning. Derfor er det avgjerande at ettervernet i rusomsorga blir prioritert gjennom samarbeid med ideelle og private aktørar med kompetanse på feltet. Spesialisthelsetenesta må samarbeide tettare med kommunane for å sikre at brukaren blir vidareført til eit trygt og rusfritt miljø etter utskriving.

Høgre vil

- ikkje legalisere bruk og oppbevaring av narkotika, men gjennomføre rusreformen slik at personar som blir tatt for bruk og oppbevaring av narkotika til eige bruk, blir møtt med hjelp, behandling og oppfølging istadenfor straff
- styrke ettervernet i rusomsorga gjennom samarbeid med private aktørar, sosiale entreprenørar og ideelle aktørar, slik at fleire får moglegheita til arbeidstrening og annan aktivitet etter avrusing, rehabilitering og soning
- sikre at behandling for rusavhengigheit er ein del av retten til fritt behandlingsval
- redusere ventetida ytterlegare og sørge for ein betre overgang frå avslutta behandling til oppfølging
- ha eit betre tverrfagleg samarbeid om behandling og ettervern mellom psykisk helsevern, rusbehandling og somatisk helseteneste. Ettervernet skal sikre at den enkelte kan meistre eige liv
- styrke det førebyggjende arbeidet retta særleg mot barn og unge for å redusere risikoen for helseskadeleg rusbruk
- hjelpe fleire avhengige til rusfriheit under soning
- samarbeide med private avrusingstilbod slik at rusavhengige kan få tilbod som passar deira behov
- innføre ein nullvisjon for overdosedødsfall
- sikre at foreskriving av opioidar er svært avgrensa og strengt kontrollert, og at menneske som får opioidar på resept, får god oppfølging for å forhindre avhengigheit
- føre ein kunnskapsbasert ruspolitikk, både for førebygging, behandling og ettervern
- fortsette arbeidet med pakkeforløp som ein kvalitetsreform for rusbehandling
- styrke behandlingstilbodet for unge gjennom blant anna å etablere TSB-ung og FACT-ung
- reformere LAR-ordninga med sikte på å betre oppfølginga av somatisk og psykisk helse for LAR-brukarar
- bidra til at fleire av våre større byar får etablert gatehospital i regi av ideelle organisasjonar
- bidra til fleire lavterskel helsetilbod som driv oppsøkande verksemd i rusmiljøa
- jobbe for eit meir tilpassa butilbod til menneske med rusproblem
- sørge for at fleire rusavhengige kjem i arbeid gjennom utviding av IPS-ordninga
- at alle kommunane må utvikle eigne pårørandestategiar som sikrar god oppfølging og hjelp til pårørande

Bioteknologi

Alle menneske har ein ibuande og ukrenkeleg eigenverdi, uavhengig av eigenskapar, evner og funksjonsnivå. Høgre ser positivt på at genterapi og genredigering kan gi betre medisinsk

behandling for ei rekke sjukdommer og tilstandar. Høgre vil ikkje tillate genterapi og genredigering som ikkje har eit medisinsk formål, men berre tar sikte på å forbetre menneskelege evner og eigenskapar. Genterapi i kjønnseller, embryo eller befrukta egg som inneber varige endringar i arvelege anlegg, har ukjend konsekvens for utviklinga av menneskeheita og må derfor forbyast ut frå ei føre-var-tenking.

Høgre vil

- legge føre-var-prinsippet til grunn i spørsmål knytt til bioteknologi
- stimulere til vidareutvikling av persontilpassa medisin
- at dagens abortlov skal ligge fast
- tillate NIPT-test i privat regi, i tråd med faglege retningslinjer, for alle gravide, og sørge for at gravide som har rett på fosterdiagnostikk, får tilbod om NIPT-test i regi av det offentlege
- sørge for ei moderne og internasjonalt konkurransedyktig regulering av bioteknologi, basert på eit etisk forsvarleg rammeverk
- styrke forskinga på bioteknologi

Helseberedskap og smittevern

Høgre meiner at helseberedskapen skal vere god nok til å verne befolkningas liv og helse, og sørge for medisinsk behandling og pleie og omsorg til personar det gjeld. Koronapandemien har vist oss kor viktig det er at samfunnet er førebudd på potensielle helsekriser. Avklarte ansvarsforhold, tydelege varslings- og rapporteringsrutinar og god samhandling mellom aktørane ved kriser er særleg viktig.

Høgre vil

- opprette ein eigen reservestyrke tilknytt helsevesenet som kan settast inn i ein pandemi eller helsekrise
- sikre at helsevesenet alltid er førebudd på nye kriser som pandemiar, epidemiar eller etterverknader av andre katastrofar
- sørge for tilstrekkeleg produksjonskapasitet eller lager av nødvendig medisinsk utstyr og råvarer til viktige legemiddel for ein eventuell krisesituasjon, i samarbeid med helsenæringa
- sikre tilgang på nødvendig smittevernutstyr i alle delar av helsetenesta
- sørge for gode handelssamband og beredskapsavtalar med andre land, for å sikre rask og sikker tilgang på nødvendig helsemateriell i eventuelle krisesituasjonar
- sikre tilstrekkeleg intensivkapasitet
- legge til rette for auka produksjon av beredskapsmateriell i Noreg og våre nærmaste naboland
- sikre trygge blodleveransar gjennom objektive givarkriterium basert på livsførsel, ikkje legning og funksjonsnedsetting
- ta ei leiande rolle internasjonalt i arbeidet med å auke produksjonen av virkestoff og legemiddel i vår del av verda

Tannhelse

De siste 30 åra har det skjedd store framsteg i den norske tannhelsa. I dag har vi ei god tannhelse. Høgre vil vidareføre dagens ordning med næringsdrivande tannlegar, gratis tannlege inntil fylte 18 år og redusert pris fram til 20 år.

Høgre vil

- vidareføre dagens organisering av tannhelsetenesta
- vidareføre ordninga med gratis tannlege inntil fylte 18 år og redusert pris fram til 20 år
- sørge for gode tannhelsetenester og gode offentlege støtteordningar for sårbare grupper
- ikkje gi offentleg støtte til tannhelsetenester som berre har kosmetiske formål
- innføre fritt behandlingsval i tannhelsetenesta for menneske som får tannlege dekt av det offentlege

Verdiskapinga skal opp, utsleppa skal ned

Vegen mot lavutsleppssamfunnet

Klimaproblema er vår tids største utfordring. Noreg skal vere eit lavutsleppssamfunn i 2050. Høgre vil ta marknaden i bruk i miljøets teneste, for å gjere det lønsamt å gjennomføre god klimapolitikk og bidra til å skape vekst og lønsame grønne jobbar. Høgre vil vidareføre og forsterke forureinar betalar-prinsippet ved å bruke skatte- og avgiftssystemet – det skal lønne seg å ta klimavennlege val. Vi vil bidra til å utvikle ny miljøteknologi og ta i bruk offentleg innkjøpsmakt for å legge til rette for grønne og innovative løysingar som bidrar til å redusere klimagassutslepp.

Høgre vil

- fortsette eit forpliktande samarbeid med EU om utsleppsreduksjonar, som sikrar norske bedrifter føreseielegheit og like konkurransevilkår som europeiske bedrifter
- støtte og påvirke EUs arbeid for at import frå land utan tilsvarande karbonprising skal betale karbonavgift
- ta initiativ til forenkling av norske og europeiske reglar for sertifisering av bygningsmaterialar for å auke og forenkle ombruk
- jobbe for internasjonale, standardiserte krav for grønne obligasjonar
- sikre full sysselsetting innanfor ramma av eit nullutsleppssamfunn
- fortsette aukinga av CO₂-avgifta, men kompensere ved å redusere andre skattar og avgifter
- auke den årlege treplantinga med ti millionar tre innan 2030 gjennom planting av stadeigne treslag
- dreie hovuddelen av norsk bistand mot klimatiltak i utviklingsland
- vidareføre regnskogsatsinga under føresetnad av at den bidrar til verifiserbare utsleppsreduksjonar
- støtte opp om innføringa av EU taksonomi

Klimavennleg næringsliv og industri

Høgre meiner klimapolitikken må utformast i samarbeid med næringsliv og industri. Ein næringsvennleg klimapolitikk inneber at næringslivet blir stimulert til å velje klimavennlege løysingar, ved at vi gjer det dyrt å forureine. Noreg har i dag leiande miljø innanfor blant anna produksjon av reint hydrogen, fornybar energi, karbonfangst og lagring (CCS), skipsfart og grønne datasenter. Dette er kompetanse vi skal bygge vidare på.

Høgre vil

- gjennomføre Langskip-prosjektet for karbonfangst og lagring (CCS), legge til rette for ei verdikjede for CO₂ og bidra til at fleire CCS-prosjekt blir gjennomført i norsk industri
- vidareføre og styrke Enova som klimapolitisk verkemiddel
- bruke avgiftssystemet for å stimulere til auka energieffektivisering og -gjenbruk i bygg, for eksempel restvarme og varmegjenvinning frå industri
- legge til rette for batteriproduksjon i Noreg

- utvikle regelverket for emballasje slik at kjeldesortering og resirkulering blir enklare og meir motiverande i alle ledd frå produsent til gjenvinningsanlegg
- utgreie ei produktkastelov for produsentar, importørar og distributørar slik at varer kan donerast framfor å bli kasta
- vidareføre CO₂-kompensasjonsordninga
- stimulere til klimaforskning i næringslivet gjennom Skattefunn
- styrke energiforskningsprogramma i Forskningsrådet
- opprette eit FME-senter for berekraftig bruk av olje- og gassprodukt i form av for eksempel hydrogen og ammoniak
- stille krav om bruk av hydrogen ved offentlege tilbod på ferjestrekningar i Noreg der det er hensiktsmessig, for å utløyse ei verdikjede for hydrogenproduksjon
- gjennomføre ein datasenterstrategi som vil gjere det enklare og meir føreseieleg å etablere grønne datasenter i Noreg
- gjennomføre eit pilotprosjekt etter modell frå Danmarks Grønne Investeringsfond, der piloten skal gi ut lån til grønne oppstartsbedrifter framover
- sørge for føreseielege og stabile rammevilkår for fornybart drivstoff og energiberarar
- legge til rette for storskalaproduksjon av avansert biodrivstoff
- redusere lystgassutslepp frå kunstgjødselproduksjon
- utnytte næringspotensialet ved bruk av CO₂ som innsatsfaktor i industrielle prosessar og etablere ei verdikjede for handtering av CO₂ i industrien
- fortsette satsinga på Nysnø Klimainvesteringar

Energi

Noreg er svært rikt på energiresursar. Høgre vil legge til rette for sikker og miljøvennleg energiforsyning, der effektiv og lønsam utbygging av fornybar energi blir prioritert. God og berekraftig forvaltning av vasskraft, vindkraft og andre fornybare energiformer er nødvendig for å sikre eit grønt skifte. Noreg er også eit av dei landa i verda som har tent mest på sal av kraft og energi. Høgre vil sikre at Noreg skal fortsette å vere ein leiande energinasjon, som skaffar inntekter til fellesskapet og bidrar til nødvendig grøn omstilling.

Høgre vil

- gjennomgå dagens system for nettutbygging for å redusere byggetida, fjerne flaskehalsar og sikre eit mer effektivt straumnett som legg til rette for arbeidsplassar og verdiskaping
- delta aktivt i samarbeid mellom europeiske land for å fremme havvind som energikjelde
- legge til rette for elektrifisering av fleire felt på norsk sokkel
- redusere utsleppa på norsk sokkel med mål om 50 prosent utsleppskutt innan 2030
- sørge for eit robust og effektivt straumnett som sikrar rimeleg og trygg tilgang på straum for forbrukarar og industri
- gjere det attraktivt for kraftselskapa å oppgradere eksisterande vasskraftverk og legge til rette for utbygging av nye
- jobbe for ein tettare integrert europeisk energimarknad, kartlegge behovet for meir fornybar energi i den europeiske marknaden og vere positive til kraftutveksling
- gjennomgå regelverket og verkemiddelapparatet for å stimulere til bruk av solenergi
- legge til rette for grøn nabolagsdeling av energi og vurdere korleis det kan bli enklare å kople eigenprodusert kraft på straumnettet

- gjere det lettare for privatpersonar og bedrifter å sette opp solcelleanlegg ved å forenkle regelverket
- avklare interessekonflikter og sikre føreseielegheit for havvindproduksjon på norsk sokkel
- utgreie eit pantesarbeid mellom Noreg og andre nordiske land
- legge meir til rette for meir utvinning av blå og grøn hydrogen og satse meir på utbygging av hydrogeninfrastruktur
- følge opp havvind som ei industrisatsing og gi dei første konsesjonane så snart regelverk og avgjerdsgrunnlag ligg klart

Grøn transport

Skal vi nå klimamåla våre, må utsleppa i transportsektoren ned. Høgre meiner at det er mogleg å utnytte nye teknologiske løysingar for å gjere transporten meir klimavennleg samstundes som folk og bedrifter får auka mobilitet. Vi vil gradvis fase ut fossil energi i all transport og logistikk gjennom å innføre tiltak som bidrar til rask innfasing av null- og lavutsleppsloysingar.

Høgre vil

- følge opp Stortingets vedtatte målsetting om at alle nye personbilar innan 2025 skal vere nullutsleppskøyretøy
- legge til rette for utbygging av hurtig- og lynlading for elbilar i heile landet
- trappe opp støtta til utsleppsfrie nyttekøyretøy
- innføre miljødifferensiert avgift ved kjøp av utsleppsfrie motorar til fritidsbåtar
- vere ein aktiv pådrivar for strengare utsleppskrav i internasjonal skipsfart
- oppretthalde og vidareutvikle vår leiande posisjon som grøn skipsfartsnasjon og bruke den til å skape nye, grønne verdiar
- vurdere krav i konsesjonar for å sikre ein mest mogleg utslippsfri produksjon
- jobbe for auka ladeinfrastruktur i burettslag og leilegheitsbygg samt parkeringsanlegg og parkering for næringsbygg
- satse på utvikling, grøn produksjon og bruk av hydrogen og ammoniakk som energiberarar
- legge til rette for utbygging av ladeinfrastruktur for elektriske fritidsbåtar
- legge til rette for auka bruk av avansert flytande biodrivstoff og biogass i transportsektoren
- at Noreg skal vere pådrivar og arena for utvikling, testing og tidleg implementering av elektrifiserte fly og andre null- og lavutsleppsluftfartøy
- endre flyavgiftssystemet slik at det blir rimelegare å reise med null- eller lavutsleppsfly
- stimulere til ytterlegare grøn vekst og konkurransekraft i norsk maritim næring og legge til rette for auka eksport av lav- og nullutsleppsteknologi i maritim sektor
- gradvis innføre utsleppsforbod for skip etter kvart som teknologien tillet dette, og arbeide for eit internasjonalt utsleppsforbod

Sirkulær økonomi

Grøn vekst handlar om å gjere det meir lønsamt å skape verdiar på ein miljøvennlig måte. I framtidens lavutsleppssamfunn må vi kombinere verdiskaping med berekraftig produksjon og forbruk av varer og tenester. Betre utnytting av ressursane kan gi store gevinstar for miljøet, økonomien og samfunnet. Råvarene si maksimale levetid må nyttiggjerast, og den totale

avfallsmengda må reduserast. Avfall er ein ressurs som kan gjenbrukast, gjenvinnast og omdannast til nye ressursar. Det skaper jobber, samstundes som det gir betre miljø og auka verdiskaping for samfunnet.

Høgre vil

- innføre strengare straff for forsøpling og sikre effektiv handheving av forbodet
- utvide produsentansvaret og innføre eit livssyklusperspektiv på produksjon, bruk og utfasing av produkt
- at livssyklusperspektiv skal leggest til grunn for offentlege innkjøp og investeringar
- utgreie ei CO₂-merkeordning på alle varer, slik at forbrukarar kan ta meir informerte val
- stille omsetningskrav for biodrivstoff i anleggsdiesel
- stille miljøkrav som fremmar innovasjon, og sjå på ulike modellar for å bidra til å gjere resirkulering, energigjenvinning og gjenbruk meir attraktivt for privatpersonar og bedrifter
- endre grunnavgifta på drikkevareemballasje til ei materialavgift som avtar med aukande del fossilfri plast i emballasjen
- halvere matsvinnet i Noreg innan 2030 og styrke samarbeidet med næringslivet om reduksjon av matsvinn
- lage ein heilheitleg plan for å stimulere til restaurering og gjenbruk av bygg og materialar
- stille krav til gjenbruk av spillvarme frå industri, avfallsforbrenning, datasenter og hydrogenproduksjon
- legge betre til rette for større bruk av gjenbruk av byggematerialar med lavast mogleg klimagassutslepp
- gjennomgå regelverket med sikte på å fjerne unødvendige hindringar i regelverket som gjer det vanskeleg å bruke avfall som råvare
- støtte etableringa av fleire gjenvinningsanlegg for plast i Noreg

Lokale utsleppskutt

For å nå klimamåla våre må vi også kutte utslepp lokalt. Kommunane kjenner sine føresetnader og avgrensingar best og er best rusta til sjølv å kome med innspel på kva dei kan bidra med i klimakampen. Samstundes har det stor betydning korleis vi utformar stadane der vi bur. God arealplanlegging kan forhindre unødvendig bruk av bil og samstundes tilrettelegge betre for kollektivtrafikk, gang- og sykkelveggar og meir effektiv varetransport.

Høgre vil

- auke kommunane sitt handlingsrom for klima- og miljøtiltak gjennom Klimasats
- utvikle eigne klimabudsjett og rapporteringskrav for kommunar for å forplikte kommunane til å nå sine klimamål
- gi kommunane moglegheit til å innføre nullutsleppssoner
- vurdere å gi kommunane større handlingsrom til å fastsette lokale avgjerder for avgrensing av cruiseturismen, for eksempel utifrå talet på tilreisande eller skipets klima- og miljøstandard
- stille krav om kildesortering i alle kommunar og for alle hushaldningar, og innføre minimumskrav om utsortering av avfallstypar

Naturmangfald

Høgre vil ta vare på naturmangfaldet gjennom ein kombinasjon av frivillig vern, berekraftig bruk og naturbasert verdiskaping basert på ein sterk, privat eigedomsrett.

Økosystema i havet er i endring som følge av klimaendringar, forureining og overfiske. Dette er ei utfordring Høgre vil ta tak i. Satsing på havbaserte næringar er eit viktig bidrag til å løyse desse problema. Høgres ambisjon er at Noreg skal ta ein leiarsposisjon internasjonalt i å utvikle nye løysingar som tek vare på økosystem og styrkar langsiktig økonomisk vekstkraft.

Høgre vil

- vedta ein heilheitleg nasjonal plan for restaurering og bevaring av natur- og artsmangfald i tråd med internasjonale forpliktingar
- legge til rette for auka plante- og skogproduksjon
- stille nasjonale krav til oppfylling av berekraftskriterium i all bioenergi
- vidareutvikle norsk havforvaltning og marin arealplanlegging for å legge til rette for å utvikle berekraftig næringsliv til havs
- kartlegge, kvantifisere og integrere naturverdiane i havet i nasjonalrekneskapen for å styrke grunnlaget for avgjerder og investeringar i havøkonomien
- systematisk overvake klimaendringane i havøkosystema for å kunne treffe nødvendige tiltak for å redusere skadeverknader
- utvikle insentivordningar som gjer det lønsamt og attraktivt å utvikle teknologi og løysingar som kan bidra til å minimalisere eller reversere forureining, som avrenning frå landbruket og plastforureining
- at Noreg framleis skal ha ei leiarrolle innan forskning, nedkjemping, oppsamling og handtering av marint avfall
- at Noreg skal fortsette å ta ei leiarrolle internasjonalt i kampen mot plast i havet
- prioritere prosjekt som gir lav naturbelastning og høg klimanytte
- legge til rette for auka innovasjon og bruk av teknologi som gir lavare klimaavtrykk i landbruket, herunder satsing på utsleppsfrie anleggsmaskinar
- følge opp og om nødvendig forsterke innsatsen i klimaavtalen med jordbruket om reduserte utslepp for å oppnå målbare resultat
- forby mikroplast i kosmetikk og hushaldningsprodukt

Samferdsel

Framtidas transportløyningar

Høgre er opptatt av at vi skal ha ein god og moderne infrastruktur som sikrar at folk har moglegheit til å reise slik dei ønskjer, og at bedriftene lett kan frakte varer. Ei sterk satsing på samferdsel handlar om å bygge heile Noreg for framtida. Gode vegar, jernbane, kollektivtrafikk, sjøtransport og luftfart gir folk moglegheit til å bu og skape jobbar i alle delar av landet. Vi må gjere avstanden mellom by og land og mellom landsdelane kortare, og vi må ha byar der det er lett å ta seg fram. Den teknologiske utviklinga i transportsektoren går raskt og gjer det mogleg å reise meir, frakte meir og reise tryggare samstundes som vi forureinar mindre. Høgre vil utnytte moglegheitene teknologien gir oss.

Høgre vil

- fortsette den historiske satsinga på samferdsel gjennom å oppfylle Nasjonal transportplan
- legge til rette for at Noreg kan bli ein testarena for utvikling av autonome køyretøy
- legge til rette for at Noreg kan bli eit føregangsland i utviklinga av nye, sikre og berekraftige mobilitetsløyningar
- etablere ein nasjonal strategi for innovasjon innan transportteknologi, med tettare samarbeid mellom myndigheiter, samferdselsaktørar, teknologibedrifter og forskingsmiljø
- prioritere maritim teknologi, herunder autonome fartøy
- legge større vekt på innovative offentlege innkjøp i transportsektoren som stimulerer til nyskaping og utvikling av nye løyningar
- etablere ein nasjonal datastrategi for deling av transportinformasjon på tvers av sektorar og mellom offentlege og private aktørar på ein måte som ivaretar personvernet og nasjonale interesser
- gradvis trappe ned elbilfordelane, i første omgang på dei dyraste elbilane, men sørge for at det alltid skal lønne seg å kjøpe lav- og nullutslepps-bilar
- vidareføre nullutsleppsfordelane for varebilar og tungtransporten lengre enn for personbilane

Meir, betre og tryggare veg

Høgre har auka kvaliteten på riksvegane, og talet på hardt skadde og drepne i vegtrafikken er kraftig redusert. Sjølv om det er investert historisk mykje til vegbygging sidan 2013, er det framleis stort behov for oppgradering av vegnettet i Noreg. Vegane er livsnerven som knyter saman regionar og landsdelar, for verdiskaping i næringslivet og for betre kvardagar for familiane. Nye og betre vegar utvider og knyter saman bu- og arbeidsmarknadsregionane. Ein god veg gjer avstanden mellom folk kortare. Det handlar om å få varer og personar trygt og effektivt fram, og til rett tid. Høgre vil gjennomføre tiltak som løftar kvaliteten og sikkerheita i transportsystemet, og legge til rette for oppgradering av fylkesvegane.

Høgre vil

- sørge for målretta støtteordningar til fylka for å redusere vedlikehaldsetterslepet på fylkesvegane

- styrke arbeidet med flaum- og rassikring på utsette veg- og banestrekningar
- fortsette satsinga på tunnelsikkerheit
- la Nye Veier AS bygge fleire vegar raskare og billegare ved å auke rammene og gi dei ansvar for fleire prosjekt
- ta i bruk ny teknologi for eit nytt og berekraftig system for vegprising, som skal ivareta personvernet, vere enkelt å forstå og oppfattast som rettferdig
- tilpasse fartsgrensene til kvaliteten på vegane og vere open for å auke farten der det ligg til rette for det
- sikre at utanlandske vogntog betalar bompengar og andre avgifter, samt styrke kontrollverksemda langs vegen, særleg om vinteren
- legge til grunn nullvisjonen for hardt skadde og drepne i trafikken og prioritere haldningsskapande arbeid, møtefrie hovudvegar og vedlikehald og fornying av infrastrukturen for å auke trafikksikkerheita
- satse på førarteknologi som reduserer talet på ulykker og dødsfall i trafikken
- etablere tydelegare retningslinjer for korleis vegmyndigheitene kan fråvike krav i vegnormalen for gang- og sykkelvegar
- prioritere hovudvegnettet når 5G-teknologien blir rulla ut, slik at vi raskare kan ta i bruk teknologien som bidrar til effektiv trafikkavvikling og færre ulykker
- fortsette det målretta arbeidet i samarbeid med internasjonale aktørar for å bekjempe arbeidslivskriminalitet og sabotasje, legge til rette for ryddige konkurransevilkår og ivareta trafikksikkerheita på norske vegar
- gradvis redusere ferjeprisane, i første omgang slik at pendlarar og næringstransporten ikkje tar utgiftene for passasjerar som reiser gratis
- redusere prisen for å reise med hurtigbåt i samarbeid med fylkeskommunen
- gjere det enklare å ta førarkort ved å la private køyreskular gjennomføre heile køyreopplæringsløpet, herunder teori, praktisk køyring og sensur av kandidatane, og sørge for best mogleg kvalitet i køyreopplæringa ved å gjennomgå og vurdere godkjenningsordninga for køyreskular
- sørge for DAB-radiodekning og mobildekning i alle tunellar på hovudvegnettet
- redusere forskotsbeløpet på Autopass ferjekort
- tillate lengre nedbetalingstid for ferjeavløysings- og bompengefinansierte prosjekt som skal erstatte eller avløyse ferje- og båtstrekningar, slik at fleire fornuftige bru- og tunellprosjekt blir økonomisk gjennomførbare

Jernbane

Toget bind saman bu- og arbeidsområde slik at det er enklare å bu der ein ønskjer, og jobbe der ein vil. Høgre meiner tilbodet må forbetrast. Vi treng auka punktleghet, høgare hastigheiter og fleire avgangar på strekningane. Dei viktigaste grepa for dette er å styrke vedlikehaldet, bygge fleire kryssingsspor og auke talet på avgangar. Høgre vil sikre dei reisande og godstransporten eit best mogleg tilbod. Meir gods på jernbanen betyr færre trailerar på vegane, auka trafikksikkerheit, redusert vegslitasje og reduserte klimagassutslepp.

Nye Veier-modellen har gitt svært gode resultat i utbygginga av vegar. Denne suksessen vil Høgre gjenta for jernbanen og organisering av den gjennom Nye Baner-modellen.

Høgre vil

- fortsette reformarbeidet i jernbanesektoren for å sikre ei jernbane som set kundane i sentrum, kvalitet i heile sektoren og mest mogleg jernbane for pengane

- fortsette konkurranseutsettinga av togdrifta for å sikre eit best mogleg tilbod til dei reisande
- vurdere å bruke Nye Veier-modellen ved utbygging av jernbaneprojekt
- vere med på EUs internasjonale togsatsing som sikrar likare system i Europa og gjer jernbanen meir konkurransedyktig
- forbetre togtilbodet gjennom fleire togavgangar, nyare tog og betre service
- dimensjonere nye jernbanestrekningar for 250 km/t der det ligg til rette for det
- bygge ut det eksisterande jernbanenettet for å korte ned reisetida, auke kapasiteten og betre punktlegheita for gods og passasjerar
- bygge ut grensekryssande jernbane og sjå det skandinaviske jernbanenettet under eitt
- ta i bruk nye teknologiske løysingar i arbeidet med å sikre fleire avgangar og mindre utslepp frå tog

Ein utsleppsfri transportsektor

Dersom vi skal nå klimamåla våre, er vi nøydd til å kutte utsleppa frå transport. For Høgre er det viktig at dette ikkje blir gjort på ein måte som hindrar oss i å reise. Høgre vil ta i bruk ny teknologi som gjer det mogleg å reise den same avstanden, men med mindre utslepp. Vi vil bygge meir og betre veg, men sørge for at bilane som køyrer på vegen, er utsleppsfrie. Høgre sitt mål er ein transportsektor utan utslepp.

Høgre vil

- innrette avgiftene slik at det framleis lønner seg å velje klimavennlege køyretøy, men at bruksavgiftene blir fordelte meir rettferdig
- vidareføre nullutsleppsfordelane for varebilar og tungtransporten lenger enn for personbilane
- fortsette å iverksette tiltak frå regjeringas handlingsplan for fossilfri kollektivtransport
- satse på løysingane som best kuttar utslepp på veg, på bane, på sjø og i lufta
- ha som mål at det første elektriske passasjerflyet skal vere i lufta i 2025
- auke bruken av avansert flytande biodrivstoff i vegtransporten og flytransporten
- vidareutvikle gode byvekstavtalar og insentivordningar som bidrar til auka kollektivsatsing og auka utbygging av trasear for sykkel og gange i byar og tettstadar, samt legge til rette for ein bevisst arealbruk som bygger opp under dei miljøvennlege transportformene
- sørge for auka utbygging av infrastruktur til lav- og nullutsleppsteknologi for køyretøy, ferjer og skip i samarbeid med private aktørar
- legge til rette for effektivisering av godstransport på veg, herunder utvide modulvogntognettet
- vidareføre og styrke flaskehalsprosjektet og bruprogrammet på fylkesvegane
- kople næringspolitikk, transportpolitikk og klimapolitikk tettare saman
- stimulere til ytterlegare grøn vekst og konkurransekraft i norsk maritim næring og legge til rette for auka eksport av lav- og nullutsleppsteknologi i maritim sektor

God ressursbruk – meir transport

Vi veit at det økonomiske handlingsrommet blir mindre i åra framover, og den teknologiske utviklinga gjer at vi ikkje må låse prosjekta til gammaldagse løysingar fleire år før dei skal byggast. Høgre har i regjering sørga for at vi får meir veg for mindre pengar, gjennom blant anna Nye Veier. Det er framleis store utfordringar knytt til kostnadene i store

samferdselsprosjekt, og derfor ønskjer Høgre å fortsette tiltaka som gir oss meir og betre samferdsel for pengane. Høgre vil iverksette tiltak som gir betre avgjerdsgrunnlag og utnytting av den nyaste teknologien, og som gjer det enklare å prioritere klokare.

Høgre vil

- ta vare på den infrastrukturen vi allereie har
- utvikle Nasjonal transportplan for å få betre samanheng mellom planlegging og utbygging og slik redusere planleggingstida ytterlegare, samstundes som prosjekta må vere fleksible nok til å ta i bruk den nyast tilgjengelege teknologien
- sørge for tilstrekkelege insentiv til å auke den samla samfunnsnyten i prosjekta og samstundes sikre at vi løyser dei faktiske behova i samferdselssektoren i Noreg
- vurdere om kapasitetsbehov kan møtast på andre og meir effektive måtar enn med nye kostbare utbyggingar
- ta i bruk ny teknologi for å betre utnytte tidspunkt der veg, jernbane og annan transport er lite trafikkert, for å redusere kø, fordele trafikken meir utover døgnet og dermed utnytte kapasiteten betre
- sørge for at ein ved utrekning av samfunnsnytte inkluderer konsekvensen av nye teknologiske trendar og oppgir kor stor del av nytten som er sårbar for teknologisk endring
- prioritere å sette i gang prosjekt som gir høg nytte
- legge til rette for at kommunar og fylkeskommunar gjer seg nytte av det handlingsrommet dei allereie har til å fråvike vegnormalkrava, slik at dei kan bygge meir gang- og sykkelveg, som vi veit er viktige trafikksikringstiltak
- fornye Statens vegvesens vegnormalar og forenkle krava der det gir betre ressursbruk og samstundes opprettheld tilsvarande kvalitet for transporten
- fortsette arbeidet med å finne kostnadsreducerande tiltak

Kollektivtransport og god framkomelegheit i byområda

Høgre skal arbeide for å utvikle eit godt kollektivtilbod i alle delar av landet. Behova og moglegheitene er ulike i store byområde og område med spreidd busetnad. I område med lav befolkningstettheit er gode overgangar til buss og tog eit viktig tilskot til bilen, men også bil er nødvendig der det er få kollektivavgangar. Bil er viktig for effektiv transport av personar og varer i distrikta.

I storbyane er eit fleksibelt, klimavennleg kollektivtilbod kombinert med gode gang- og sykkelvegane nødvendig for å handtere ein framtidig befolkningsvekst og for at Noreg skal nå sine klimamål. Det krev store statlege investeringar. Høgre meiner at bruk av statlege midlar må følgast av krav om å legge til rette for bustader, næring og velferdstilbod i nærheita av kollektivknutepunkta. Byvekstavtalar er eit strategisk verktøy for å stimulere til bruk av kollektive løysingar og til sykling og gange gjennom ein meir miljøvennleg arealpolitikk.

Høgre vil

- oppretthalde statens del av kostnadane for kollektivutbyggingar i og rundt dei største byane
- ha brukarfokus i kollektivtransporten for å gjere den meir attraktiv og brukarvennleg
- fortsette å ruste opp kollektivnetta

- nå målet om at den nasjonale reiseplanleggaren Entur kan tilby både reiseinformasjon og billetter for all kollektivtransport
- etablere byvekst-/bymiljøavtalar med dei ni største byområda og vurdere ei utvikla belønningsordning for dei mindre byane
- ta i bruk ny teknologi og smartare og meir fleksible løysingar som gjer kollektivtransport mogleg for endå fleire
- ta i bruk stordataanalysar for å kartlegge reisebehov og tilpasse tilbod
- vidareutvikle drosjenæringa som ein viktig del av kollektivtransporten og med eit sterkt kundeperspektiv
- fjerne fordelsskattlegginga på kollektivkort betalt av arbeidsgivar
- sørge for auka frekvens og auka kapasitet der det er kundegrunnlag for det
- arbeide for meir sømlause overgangar mellom dei ulike transportformene
- etablere fleire pendlerparkeringar med større kapasitet på jernbanestasjonar og andre kollektivknutepunkt
- legge til rette for god mobildekning på alle togstrekningar og kollektivtrasear
- legge til rette for betre samordning av kollektivruter mellom fylka
- utvikle eit regelverk for selskap innanfor delingsøkonomien, som bidrar til auka seriøsitet, betre sikkerheit og meir konkurranse
- redusere transportbehovet gjennom smartare planlegging og bruk av digital kommunikasjon

Flytilbodet er distrikta sin kollektivtransport

Flytilbodet knyter oss saman og gir tilgang til resten av verda. Fleire stader i landet, særleg langs kysten, er det den som utgjer kollektivtilbodet for å frakte folk over lengre avstandar. Høgre meiner eit godt flytilbod er vesentleg for eit eksportorientert næringsliv, for internasjonal turisme til Noreg og for folks bevegelsefriheit. Høgre vil arbeide for ein mest mogleg sikker og effektiv luftfart.

Oppgraderte flyplassar og rullebaner og ein sunn konkurranse innan tårntenester og flynavigasjon vil sikre passasjerane meir stabile, føreseielege og kostnadseffektive tenester. Lufthamnene utgjer ein viktig infrastruktur i Noreg, og ei rekke lufthamner er under utvikling. Høgre meiner staten skal stille tydelege krav og vere ein langsiktig og føreseieleg eigar av Avinor, samt gi selskapet rammevilkår for å gjennomføre desse investeringane. Koronapandemien har ramma luftfarten hardt, og det vil ta fleire år før luftfarten igjen er på eit nivå som kan sjåast på som normalt. Høgre meiner det bør lagast ein nasjonal luftfartsstrategi for å sikre ei heilheitleg og berekraftig utvikling i norsk luftfart.

Høgre vil

- sikre eit godt flytilbod over heile landet og særleg prioritere utbygging og vedlikehald av kortbanenettet
- legge til rette for kommersiell konkurranse og lønsam luftfart gjennom eit balansert avgiftssystem og tilrettelegging av infrastruktur
- sikre at Avinor og dei ikkje-statlege flyplassane har føreseielege vilkår for å gjennomføre nødvendige utbyggingar i lufttransporten
- auke omsetningskravet for berekraftig biodrivstoff i flydrivstoff og legge til rette for andre miljøvennlege alternativ når teknologien er tilgjengeleg, for å redusere klimagassutsleppa frå flytransporten
- legge til rette for gode rammevilkår for dei privateigde/privatdrivne flyplassane

Modernisering av norske hamner

Noreg er ein havnasjon, og kysten er ei av våre store inntektskjelder, med viktige jobbar og reiseruter for nordmenn. Det er mange som brukar kysten vår, så det er viktig at det er enkelt og oversiktleg å navigere. Det er behov for å vidareutvikle hamnene og skipsleden for å oppretthalde og styrke den norske konkurransekrafta. Høgre meiner effektive hamner også er viktig for at meir av godstransporten kan flyttast frå veg til sjø.

Høgre vil

- forbetre infrastrukturen i tilknytning til hamnene
- sørge for gode rammevilkår for kommersielle hamner
- satse på vedlikehald og utvikling av farledane
- auke tilskota til nødvendig oppgradering av fiskerihamner slik at dei kan ta imot større båtar og auka produksjon frå havnæringane
- styrke sjøsikkerheita og beredskapen mot utslepp og ulykker til sjøs
- støtte mudring og anna vedlikehald av farledar for å sikre trygge og effektive innseilingar til hamner

Justis, sikkerheit og beredskap

Politi og påtale

Politiet bidrar til å skape trygghet og god beredskap i Noreg. Politiet skal ha ei tilstadevering der det er behov i heile landet, og løyse sine oppgåver i samspel med borgarane. Førebygging av kriminalitet er det viktigaste målet. Politiet skal vere lett å nå og yte god og effektiv service, også på nett.

Den registrerte kriminaliteten går ned, men inntar nye former i den globale og digitale tida. Meir av politiarbeidet vil i framtida foregå digitalt. Det norske politiet har høg tillit blant folk. Skilnaden oppretthaldast, må politiet vere i stand til å handtere eit komplekst og skiftande kriminalitetsbilde, anten det dreier seg om nye former for organisert kriminalitet, terrorisme eller overgrep på nett. Politiet må ha ressursar, kompetanse, utstyr og metodar som held tritt med utviklinga innanfor ramma av vår rettsstat og innbyggerane sitt personvern.

Høgre vil

- sikre at politiet har god bemanning og synleg tilstadevering i heile landet, og prioritere politiressursar i politidistrikta
- styrke dei geografiske driftseiningane meir enn dei funksjonelle driftseiningane på politidistriktsnivå i åra som kjem
- ha meir fleksible løysingar for tenestestadar, for eksempel mobile kontor og lokale saman med andre offentlege verksemder
- ha eit politi tilpasa eit moderne kriminalitetsbilde der fleire lovbrøt skjer på nett
- auke kapasiteten i politiets datakrimeiningar for å møte nye utfordringar med kriminalitet og truslar på internett og i sosiale medium
- styrke innsatsen mot organisert kriminalitet og arbeidslivskriminalitet, blant anna gjennom auka samarbeid mellom politiet, tolletaten, skatteetaten og andre offentlege instansar
- bygge vidare på hovudmåla i Politireforma
- vidareføre moglegheita for å gi punktbevæpning på sårbare stadar etter risiko- og sårbarheitsanalysar
- oppretthalde talet på tenestestadar på same nivå dei nærmaste åra, bortsett frå der det er lokal semje om noko anna
- vidareføre målet om 2 politifolk per 1000 innbyggerar
- styrke Noregs internasjonale samarbeid med organisasjonar som Europol og Eurojust
- styrke kampen mot internasjonal narkotikahandel
- sikre at politimetodar blir avvegd mot omsynet til personvernet og rettssikkerheita
- at norsk politi skal vere verdslende i arbeidet med å forhindre, avdekke og etterforske overgrep mot barn
- opne opp for at andre etatar eller private kan bistå politiet i større grad enn i dag, eksempelvis med fangetransport
- styrke påtalemyndigheita med fleire politijuristar
- ha ein nullvisjon for talet på bortlagde saker med kjend gjerningsperson
- løpande vurdere politiets arbeidsmetodar og bruk av blant anna moderne teknologi for å sikre mest mogleg politikraft

- vurdere alternative turnusordningar som kan auke beredskapen, når det er lokal semje om det
- utarbeide «pakkeforløp for seksuallovbrot», etter modell frå helsevesenet, der meldar får ei tettare oppfølging frå melding til straff er gjennomført
- rekruttere fleire med IKT-kompetanse til politiet for å nedkjempe digital kriminalitet

Domstolar

Domstolane og rettsvesenet skal ha tilgang på kompetanse og moderne fasilitetar som muleggjer raskast mogleg saksgang. Dette er ein grunnleggjande føresetnad for ein velfungerande rettsstat. Saker som kjem til domstolen i dag, er meir kompliserte anten det gjeld meir omfattande og organisert kriminalitet eller meir kompliserte tvistesaker. Høgre ønskjer å fortsette moderniseringa av domstolane. Høgre vil at folk skal ha god tilgang til retten og spesialiserte dommarar for å få avgjort konflikhtar.

Høgre vil

- auke kapasiteten ved domstolane for å handtere auka saksmengd, både i sivile og strafferettslege saker, og korte ned tida mellom lovbrøt og eventuell varetektsfengsling, domfelling og soning i straffesaker
- ha fleire hurtigspor for bestemte sakstypar for å avvikle sakene raskare
- legge til rette for lyd- og bildebruk i alle rettssalar, slik at saksgang og vitneprov blir dokumentert og kan brukast i ein eventuell anke
- vidareføre arbeidet for enklare og meir digital saksbehandling
- vedlikehalde og modernisere dei domstolbygga som treng det, blant anna gjennom offentlig–privat samarbeid

Lover, reglar og straff

Lover og reglar regulerer liva våre og samfunnet. Når dei ikkje blir verhaladne, kan straff vere ein effektiv, rettferdig og føreseieleg reaksjon. Høgre meiner eit godt straffesystem skal sikre god rehabilitering av dei som utfører kriminalitet, samstundes som det skal ha ein preventiv effekt og stemme overeins med innbyggjarane si rettsopfatning.

Høgre vil

- ha eit straffenivå som samsvarar med alvoret i den kriminelle handlinga og allmennheita si rettskjensle
- at det framleis skal vere særskilt straffeskjerpande at den fornærma er forsvarslaus eller er barn
- at hovudlinja i straffeutmåling skal vere at menneske skal rehabiliterast tilbake til samfunnet, men det skal tilretteleggast for å utvide strafferamma for særleg grove lovbrøt som eksempelvis terror, til 50 år
- auke maksstraffa for fleire straffbare handlingar utført samtidig
- gjennomføre endringar i reglane for forvaring og skjerpe vilkåra for prøvelauslating
- fjerne moglegheita for prøvelauslating for personar som har utført særleg integritetskrekkande kriminalitet mot personar og alvorleg kriminalitet mot grunnleggjande nasjonale interesser
- oppheve forbodet mot kjøp av seksuelle tenester for å betre sexarbeidarane sin situasjon
- oppheve rettsrådsmonopolet slik at fleire kan drive juridisk rådgiving

- liberalisere advokatlovgivinga slik at det ikkje er avgrensingar på kven som kan eige advokatfirma
- definere doping i toppidretten som svindel, slik at sakene blir straffeforfølgde deretter
- gi politiet moglegheit til å samarbeide med idrettens antidopingorganisasjonar i etterforskinga av dopingsaker
- forbetre ordninga med fri rettshjelp og justere inntektsgrensene slik at fleire kan få fri rettshjelp
- heve strafferamma for seksuelle overgrep og alt som har med framstilling av overgrepsmateriale
- foreslå å fjerne foreldingsfristen for vald og fleire typar seksuallovbrot mot barn under 16 år
- innføre ei plikt for norske tenesteleverandørar til å varsle politiet dersom dei oppdagar at tenestene deira blir brukte til å spreie eller oppbevare overgrepsmateriale
- gi dommarane større tillit og handlingsrom i straffeutmålinga ved å både redusere minstestraffer og auke maksstraffene
- endre flagglova for å gjere det enklare for det offentlege å flagge med andre flagg enn det norske, samiske, kommunale og fylkeskommunale flagget på ulike merkedagar, som for eksempel regnbogeflagget under Pride

Ungdoms- og gjengkriminalitet

Gjengkriminalitet utført av ungdomsgjengar er eit problem, spesielt i storbyane. Høgre meiner denne utviklinga må stoppast. Ungdommar som står bak kriminalitet, startar ofte i det små. Det kan dreie seg om nasking, hærverk eller små valdsepisodar. Høgre meiner at tidleg innsats, førebygging og god dialog med skulen, barnevernet og foreldra er det viktigaste for å snu ei negativ utvikling. Høgre vil føre ein politikk som i større grad ser, følger opp og ansvarleggjer den enkelte.

Gjengkriminalitet er eit samansett problem, særleg i bydelar med integreringsutfordringar, barnefattigdom og sosiale problem. Høgre vil føre ein politikk med mål om å bryte opp gjengstrukturane og førebygge nye gjengetableringar. Dette krev kontinuerleg og langsiktig innsats. Det må jobbast internasjonalt, nasjonalt og lokalt. Samfunnet må reagere tydeleg og raskt overfor dei som bryr lova, men også hjelpe dei som ønskjer seg ut av gjengmiljøa.

Høgre vil

- styrke politiets førebyggende arbeid og tilstadevering i særleg kriminalitetsutsette område
- styrke tverrfagleg samarbeid mellom politi, helsetenester og oppvekst- og kulturfunksjonar i kommunane
- sørge for målretta og heilheitlege reaksjonar og rehabiliteringstilbod for unge som utfører kriminalitet og ikkje kan idømast fengselsstraff
- auke kunnskapen om ungdomskriminalitet og gjengkriminalitet hos tilsette i skulen og elevane sine foreldre
- kartlegge årsakene til at ungdom blir rekrutterte inn i kriminelle gjengar, og sette inn tiltak basert på desse funna
- sikre rask, tett og koordinert oppfølging frå det offentlege til gjengmedlemmar som er motiverte for å kome seg ut av den kriminelle løpebana gjennom eigne, lokale Exit-program

- ha eit eige ungdomsløp i samarbeid med politiet, barnevernet og Nav for å hjelpe dei som ønskjer seg ut av gjengkriminalitet
- sikre eit meir koordinert oppfølgingstilbod frå det offentlege etter endt soning
- innføre nye reglar for sivilrettsleg inndragning slik at verdigjenstandar som kan sporast tilbake til kriminelle handlingar, lettare kan takast frå dei kriminelle
- utvide ungdomseiningane i norske fengsel og tydelegare skilje vaksne innsette og unge innsette
- utvide hurtigdomstolane slik at unge gjengangarar får ein reaksjon raskast mogleg
- styrke det internasjonale politisamarbeidet for å nedkjempe etableringa av internasjonale gjengförgreiningar i Noreg
- styrke konfliktråda og i større grad tilby konfliktmekling for å bryte opp gjengmiljø

Offera si stilling

Høgre vil styrke offera si stilling. Offera blir for ofte gløynde på vegen. Ikkje av vond vilje, men fordi samfunnet lett legg mest ressursar inn i etterforsking, domfelling og oppfølging av lovbyrtaren. Mange offer for kriminalitet opplever utryggheit og dårlegare livskvalitet etter å ha blitt utsett for lovbrøt. Offer for kriminalitet er ulike og reagerer forskjellig på det dei opplever. Det viktigaste samfunnet kan gjere, er å sikre at politi og rettsapparat handterer forskjellige typar kriminalitet raskt og godt. Høgre meiner offera for kriminalitet fortener meir merksemd og oppfølging enn i dag.

Høgre vil:

- at brot på vilkåra i ei ungdomsoppfølging skal føre til reaksjonar overfor den unge lovbyrtaren
- utvide den maksimale lengda for opphaldsforbod frå seks til tolv månadar
- utvide bruken av fotlenke som straff for unge som utfører kriminalitet
- at personar dømt for mishandling i nære relasjonar og andre alvorlege valdshandlingar som hovudregel skal ileggast evig kontaktforbod mot valdsoffer og relevante pårørande
- at bruken av omvendt valdsalarm skal aukast merkbart – det er gjerningspersonen som i større grad enn i dag skal ta belastninga, ikkje offeret
- at politiet skal kunne bruke omvendt valdsalarm som eit straffeprosessuelt verkemiddel utan å gå via domstolen
- at offer for valdskriminalitet og deira pårørande alltid skal varslast når det føreligg risiko for å møte på domfelte utanfor fengsel
- gjennomgå dagens vedtekter om seksuallovbrøt, med sikte på betre vern for offera

Kriminalomsorg

Straffedømde som skal tilbakeførast til samfunnet, må få god hjelp og oppfølging, både under og etter soning. Høgre meiner at dette arbeidet er viktig for å førebygge ny kriminalitet. Særleg er det viktig med god oppfølging av spesielt sårbare innsette. Høgre vil sjå på moglegheita for å utgreie eit bualternativ for psykisk sjuke innsette som fell mellom kriminalomsorga og psykiatrien, men som ikkje skal tilbake til samfunnet. Dette vil minske belastninga på både psykiatrien og fengsla og gi dei aller sjukaste betre framtidsutsikter.

Innsette som skal tilbake til samfunnet, må få god oppfølging og eit tilbod om jobb eller utdanning. Høgre meiner at frivillige organisasjonar som arbeider med dette, må fortsette å få

god støtte. Samstundes vil vi legge til rette for at private initiativ kan rekruttere fleire innsette til arbeidslivet.

Høgre vil

- redusere bruken av isolasjon i norske fengsel
- forbetre soningsforholda for kvinner, som ofte har dårlegare soningsforhold enn mannlege innsette
- endre organiseringa av kriminalomsorga slik at vi får færre administrative nivå og eit likare soningstilbod over heile landet
- fortsette å prioritere inngåing av soningsoverføringsavtalar slik at utanlandske innsette kan sone i heimlandet
- fortsette å tilby fotlenkesoning for dømde som skal sone for mindre alvorleg kriminalitet
- vidareutvikle eigne avdelingar i dei største fengsla for psykisk sjuke innsette, i samarbeid med helsevesenet
- opne for at private rekrutteringsbyrå lettare kan rekruttere innsette som skal ut i arbeid etter soning
- styrke oppfølging og ettervern av spesielt sårbare innsette
- vurdere eit nytt bualternativ for dei få tyngst psykisk sjuke som ikkje skal tilbake til samfunnet
- sikre betre oppfølging av tidlegare rusavhengige som slepp ut av norske fengsel
- fastsette ei minstenorm for sosialt samvær for innsette i fengsel for å forhindre isolasjon
- unngå at straffedømde blir lauslatne rett frå høgsikkerheitsfengsel, men bli tilbydde ei betre tilbakeføring til samfunnet gjennom lavsikkerheitsopphald og overgangsbustad

Hatkriminalitet og ekstremisme

Høgre meiner framveksten av høgreekstremisme, antisemittisme og radikal islam er truslar mot vårt demokrati. Kontakten mellom ekstremistar skjer digitalt og i mange tilfelle over landegrensar. Nedkjempinga av ekstreme haldningar som fører til vald, må skje på fleire område og i eit tett samarbeid mellom det offentlege nasjonalt og lokalt, politiet, næringslivet og frivillige organisasjonar.

Høgre vil

- førebygge radikaliserings og ekstremisme i særleg utsette miljø
- førebygge radikaliserings under soning
- utarbeide ein nasjonal handlingsplan mot hatkriminalitet og sørge for at alle politidistrikt har god hatkrim-kompetanse
- arbeide mot diskriminering generelt og mot framveksten av antisemittisme spesielt
- styrke tverrfagleg samarbeid mellom politi, helsetenester og oppvekst- og kulturfunksjonar i kommunane
- støtte ideelle og frivillige organisasjonar og sosiale entreprenørar som arbeider med å førebygge og motverke rekruttering til kriminelle miljø og ekstreme grupperingar
- auke kapasiteten i politiets datakrimeiningar for å møte nye utfordringar med kriminalitet og truslar på internett og i sosiale medium
- auke innsatsen i kampen mot politisk og religiøst ekstremistiske miljø

Vald i nære relasjonar

Innsatsen mot vald i nære relasjonar har blitt merkbart styrka dei seinare åra, og innsatsen skal vidareførast. Utryggheit eller vald i heimen fåa nærståande er noko av det vanskelegaste og mest integritetskrenkande eit menneske kan oppleve. Samfunnets reaksjon skal vere klar og tydeleg overfor den som utøver slik vald. Høgre meiner at kommunane og politiet er særleg viktige i arbeidet med å førebygge og avdekke vald og overgrep i heimane. Derfor bør alle kommunar ha en strategi mot vald i nære relasjonar, og det lokale politiet må prioritere dette særskilt.

Høgre vil

- intensivere arbeidet mot tvangsekteskap, familievald og hatmotivert vald
- styrke arbeidet mot vald i nære relasjonar gjennom betre samarbeid mellom politiet, helsevesenet og barnevernet
- etablere ei eiga lov for barnehusa som tydeleggjer barnehusa sitt mandat
- sikre krisesentertilbod i heile landet med høg kompetanse på å gi vern, sikkerheit, råd og rettleiing til kvinner, menn og barn som blir utsette for vald i nære relasjonar
- sikre krisesentra sin kompetanse på rusproblem og psykiske helseutfordringar
- utvide og auke bruken av omvendt valdsalarm
- sikre offera betre ved at gjerningspersonen kan påleggast å flytte frå nærområdet der offera bur
- sikre at politiet i heile Noreg har spesialkompetanse når det gjeld vald mot barn og vald i nære relasjonar
- bidra til at tilsette på skular og i barnehagar får meir kunnskap om vald og overgrep i nære relasjonar, og prøve ut pilotar med «barnas verneombod»

Samfunnssikkerheit og beredskap

God beredskap viser seg først når krisen inntreffer. Ei krise kan vere utløyyst av hendingar frå naturens side, eller den kan kome av enkeltpersonars eller nasjonalstatars handlingar. God samfunnsberedskap betyr at vi evnar å samhandle nasjonalt og lokalt, og at vi har tydelege ansvarsforhold og kommandolinjer mellom sivile og militære aktørar med god kompetanse på alle nivå.

Eit godt samarbeid mellom politiet og Forsvaret er viktig i ein krisesituasjon. Høgre står ved at det er politiet som innehar den nasjonale kriseleiinga ved ei alvorlig hending. Samstundes skal det vere mogleg å påkalle Forsvarets bistand raskt og effektivt dersom det er behov for det. Sivilforsvaret har også ein viktig funksjon som forsterkingsressurs og skal fortsette å fungere som dette.

Høgre vil

- gjennomgå samfunnsberedskapen og den nasjonale kriseleiinga jamleg for å sikre at vår beredskap er på best mogleg nivå til eikvar tid
- styrke sikringa mot ras, skogbrann og flaum
- styrke kommunane sin skogbrannkapasitet gjennom å betre beredskapsplanar
- sikre eit tett samarbeid med EU for å kunne bruke deira ressursar dersom vi har behov for det

- sikre at utbygging, drift, vedlikehald og leveransar av samfunnskritisk infrastruktur ikkje blir sett ut på tilbod til land vi ikkje har sikkerheitspolitisk samarbeid med
- sikre eit godt samarbeid mellom Forsvaret og politiet i dei situasjonene der eit slikt samarbeid er aktuelt
- oppdatere nasjonale varslingsystem slik at befolkninga kan nåast på SMS
- sørge for at politi og andre beredskapsstyrkar har nok av nødvendig materiell til å handtere ein krisesituasjon og styrke sivilforsvarets moglegheit til å ivareta sivilbefolkninga si trygghet og sikkerheit
- ha eit godt og moderne cybersikkerheitssystem for å beskytte samfunnsinstitusjonar, bedrifter og borgarar mot hacking og annan datakriminalitet
- delta aktivt i internasjonalt samarbeid om handtering av truslar frå teknologisk utvikling og hackerar
- vidareutvikle Nasjonalt Cybersikkerhetssenter som nasjonal responsfunksjon for digitale angrep
- gjennomføre ei omfattende kartlegging av materielle behov ved ulike krisesituasjonar og vurdere innkjøp og lagring, eventuelt auka produksjonskapasitet, av ulike varer som blir sett på som spesielt kritiske
- tydeleggjere sikkerheitslova som eit felles rammeverk for alle verksemdar som opprettheld dei viktigaste funksjonane i Noreg, og gå raskare fram i arbeidet med å implementere lova i alle samfunnssektorar

Ein god offentleg sektor

Offentlege tenester – innbyggjarane i sentrum

Høgre vil ha ein effektiv og open offentleg sektor som set innbyggjarane, næringslivet, frivillige organisasjonar og deira behov i sentrum. Offentleg sektor er til for innbyggjarane. Derfor vil Høgre jobbe for at det offentlege alltid skal tilby dei beste og enklaste løysingane for folk.

Offentleg sektor er ein viktig tilbydar av tenester, men bør supplerast av private og frivillige initiativ. Høgre trur at dei beste ideane for betre velferdstenester blir til når det offentlege samarbeider med private aktørar. Det styrkar kvaliteten, innovasjonen og valfridomen. Høgre vil ha ein trygg, moderne og lett tilgjengeleg offentleg sektor.

Høgre vil

- sikre eit godt velferdstilbod til innbyggjarane uavhengig av kvar i landet dei bur, gjennom universelt utforma, effektive, digitale og brukarorienterte tenester
- sørge for at private som leverer tenester til det offentlege, ikkje har dårlegare konkurransevilkår enn offentlege leverandørar
- gjere informasjon om valmoglegheit og kvalitet på ulike tilbod lett tilgjengeleg for den enkelte innbyggjar
- innføre standardiserte brukarundersøkingar om kommunale tenester som alle kommunar pliktar å gjennomføre årleg, og sikre openheit om resultatane av undersøkingane
- sørge for at offentlege aktørar i størst mogleg grad nyttar eller søker løysingar på den private marknaden framfor å utvikle eigne løysingar i konkurranse med private aktørar
- legge til rette for deling av innovative løysingar og beste praksis mellom kommunar
- auke graden av innovative innkjøp i det offentlege
- styrke partnerskapa mellom næringslivet og offentleg sektor gjennom innovasjonspartnerskap
- fortsette avbyråkratiserings- og effektiviseringsreformen
- kreve at kommunar, fylkeskommunar og andre offentlege verksemder legg berekraftsmåla til grunn for sitt arbeid
- utvikle eit nasjonalt program for berekraftige kommunar, fylke og byar med metodikk og verktøy som enkelt kan takast i bruk lokalt
- stille krav om universell utforming i tilbod der dette må til for å realisere målet om eit universelt utforma samfunn
- innføre felles standardar for saks- og arkivsystem for staten og kommunane
- sette ned ein kommisjon for å vurdere prinsipp og verkemiddell for god by- og stadutvikling, herunder arkitektur, estetikk og nabolagsutforming
- gjere bruken av tolk enklare, blant anna ved å innføre ei meir digitalisert tolketeneste

Offentleg tilsette

Det offentlige skal vere ein god arbeidsplass. Dyktige og engasjerte medarbeidarar utviklar betre velferdstenester. Høgre meiner at det offentlege må bruke si arbeidsgivarrolle til å skape gode fagmiljø med moglegheit for læring, personleg utvikling og utveksling av erfaringar.

Høgre vil

- at fleire toppleiarar i det offentlege skal tilsettast på åremål
- gi moglegheit for meir etter- og vidareutdanning for å sikre det offentlege best mogleg kompetanse, herunder digital kompetanse
- arbeide for at meir av lønnsdanninga i offentleg sektor kan skje gjennom lokale forhandlingar
- sørge for at leiarlønningar i staten er konkurransedyktige, men ikkje lønnsleiande
- følge opp den nye arbeidsgivarstrategien i staten og tydeleggjere leiaransvaret og handlingsrommet leiarar har for å utvikle og effektivisere verksemda
- vidareføre inkluderingsdugnaden med mål om at fem prosent av nytilsettingar i det offentlege skal vere menneske med hol i CV-en eller funksjonsnedsetting
- kreve bruk av lærlingar i alle offentlege byggeprosessar

Ein digital og effektiv offentleg sektor

Noreg har kome langt i arbeidet med digitalisering. Vi har ein digital offentleg sektor, befolkninga har høg digital kompetanse, og vi har digital infrastruktur i verdsklasse. Høgre meiner likevel at det er eit stort potensial for å utnytte ny og digital teknologi til å tilby innbyggjarane endå betre tenester.

Høgre vil

- bruke berre-én-gong-prinsippet, slik at innbyggjarar og bedrifter ikkje treng å sende inn same informasjon til det offentlege meir enn ein gong
- stille krav om digitale verktøy hos statlege tilsyn
- auke tempoet i digitaliseringa av offentlege tenester i tett partnerskap med næringslivet
- legge til grunn eit hovudprinsipp om at data i det offentlege er opne og skal tilretteleggast for vidare bruk, men samstundes sørge for eit strengt vern av data der personvern, sikkerheit og viktige rettssikkerheitsomsyn krev det
- fortsette tidstjuvjakta i det offentlege for å fjerne unødig tidkrevande reglar og prosedyrar, slik at tid blir frigjorde til å løyse dei viktigaste oppgåvene
- ikkje la offentleg sektor utvikle IT-løysingar i eigen regi der det allereie finst gode løysingar, eller der private kan gjere jobben betre
- sørge for at saksbehandling som ikkje krev skjønnsutøving, blir automatisert
- all saksbehandling i det offentlege skal innan 2025 skje i digitale system som dokumenterer avgjerder, gir innsyn for den enkelte og innhentar relevante data frå ulike offentlege register – automatisk for obligatorisk informasjon og ved samtykke når det er frivillig å dele egne data
- gjennomgå noverande regelverk i samarbeid med næringslivet for å sikre eit oppdatert lovverk utan hinder for utvikling og innovasjon, for eksempel gjennom digitalisering
- bruke innovasjon for å fremme samarbeidsprosjekt mellom private og offentlege aktørar som sikrar digitalisering av det offentlege, innovasjon og nye arbeidsplassar
- sørge for at offentlege IT-løysingar blir utforma slik at sikkerheit og personvern blir ivaretatt
- styrke samarbeidet om digitalisering i Norden slik at vi blir ein føregangsregion i Europa når det gjeld grensekryssande digitale løysingar
- investere i meir robust digital infrastruktur, spesielt i kommunar som er sårbare for naturkatastrofar

- sørge for at offentlig sektor tar i bruk kunstig intelligens som verktøy der det kan bidra til betre avgjerder, tilby betre og meir treffsikre offentlege tenester og avsløre misbruk og juks med offentlege midlar
- styrke konkurransen i mobil- og breibandsmarknaden slik at fleire får tilgang til fast og mobilt breiband til ein lavare pris
- ha som mål å dekke alle husstandar, næringsliv, offentlege bygg og viktige veg- og jernbanestrekningar med høghastigheitsbreiband i løpet av 2025, og legge til rette for at 5G-utbygginga bidrar til at vi når målet
- utvide moglegheita for utveksling av brukardata mellom offentlege og private digitale tenester basert på samtykke frå den enkelte, slik det i dag blir gjort ved søknader om bustadlån
- utgreie potensialet for bruk av dronar innan blant anna blålysetatane og følge opp med nødvendige tiltak og lovendringar
- styrke kommunane sine moglegheiter til å utvikle og betre sitt IT-sikkerheitsarbeid

Meir lokalt sjølvstyre, meir lokaldemokrati

Høgre vil styrke lokaldemokratiet og legge oppgåver og politiske avgjerder så nært som mogleg dei det gjeld. Oppgåver blir løyst best av dei som kjenner lokale forhold og blir mest påverka av avgjerdene som blir tekne.

For at innbyggjarar over heile landet skal få tilgang på gode tenester, må kommunane vere i stand til å levere desse tenestene. Derfor ønskjer Høgre å vidareføre kommunereformen. Det vil gi innbyggjarane større demokratisk kontroll over kommunen og lokalmiljøet, og sikre betre kvalitet i tilboda. Større kommunar med større fagmiljø vil også kunne påta seg fleire av oppgåvene som i dag blir utført av fylket eller staten.

Høgre vil

- sørge for at innbyggjarane får meir kontroll over eigne tenester ved å auke det kommunale sjølvstyret
- vidareføre kommunereformen med sikte på større kommunar med større fagmiljø som er betre i stand til å løyse oppgåvene dei har i dag, og til å overta fleire oppgåver frå staten og regionane
- utgreie lovpålagt interkommunalt samarbeid for kommunar som over tid ikkje er i stand til å sikre innbyggjarane grunnleggande, lovpålagde tenester
- ha to forvaltingsnivå i Noreg, og derfor avvike fylkeskommunen
- oppheve statlege avgrensingar på skjenketid og la dette vere opp til kommunane sjølve
- fjerne forbodet mot å drikke alkohol på offentlig stad
- liberalisere plan- og bygningslova
- styrke bestillarkompetansen til kommunane i samband med tilbod og innkjøp
- respektere forskjellane mellom kommunane og tillate ulik strandsone- og utmarksforvaltning når naturforholda og befolkningsstorleiken tilseier det
- at lokaldemokratiet skal stå i ei særstilling, og at lokal råderett skal vere det førande prinsippet i arealforvaltningssaker
- ytterlegare redusere statsforvaltarens moglegheit til å overprøve vedtak gjort av kommunen
- styrke eigedomsretten, forenkle plansystemet og gi grunneigarane auka påverknad på forvaltning, regulering og bruk av areal, også i verneområde

Bustad som ein heim

I Noreg har vi ein sterk tradisjon for å eige vår eigen bustad. Høgre meiner dette er positivt og ønskjer at flest mogleg skal eige eigen bustad. Sjølveigardemokratiet er ein av berebjelkane i det norske samfunnet og bidrar både til spreidd privat eigarskap og til sparing på private hender. Å bu i ein eigd bustad gir sjølvbestemming og føreseielegheit for den enkelte. Dette har ein eigenverdi. I enkelte delar av landet er det ei utfordring at bustadprisane har stige mykje over lang tid, og at veggen inn i bustadmarknaden dermed er blitt vanskeleg for mange.

Befolkningsvekst og tilflytting utan tilstrekkeleg bustadbygging er hovudårsakene til stigande bustadprisar. For å halde prisveksten nede er det derfor viktig å gjere det enklare å bygge fleire bustader raskare. God tilgjengelegheit på byggeklare tomter er ein føresetnad for dette. Forenklingar i reguleringar, deriblant plan- og bygningslova, raskare saksbehandling og modernisering av teknisk forskrift er andre tiltak som kan bidra til at det blir bygd fleire bustader.

Høgre vil

- vidareføre sjølveigardemokratiet som ein grunnstein i det norske samfunnet
- jobbe for at flest mogleg får moglegheit til å eige sin eigen heim, for eksempel ved i større grad å ta i bruk den bustadsosiale modellen leige-til-eige over heile landet
- utgreie korleis bustadlånforskrifta kan justerast for å kunne tilby bustadlån for førstegongsetablerarar, der eigenkapitalen er lav, men dei kan betene eit lån
- fortsette å forenkle og modernisere regelverk og fjerne unødvendige krav og pålegg i lover og forskrifter som seinkar bustadbygginga
- redusere klagetilgangen og forenkle prosedyrane når ei byggesak er utforma ut frå gjeldande regulering
- vere pådrivar for at kommunane skal ta i bruk dei digitale søknadsprosessane for regulering og bygging som regjeringa har innført
- legge til rette for gode bumiljø og variert bustadstruktur
- sørge for at Husbanken likebehandlar offentlege aktørar, bustadbyggelag og private aktørar som ønskjer å nytte ulike variantar av bustadsosiale modellar som leige-til-eige eller deleige
- forenkle og modernisere teknisk forskrift for å gjere det billegare og betre for folk å kjøpe og eige bustad
- ta initiativ til ei felles nordisk byggteknisk forskrift og felles krav for å redusere kostnader og bidra til auka konkurranse
- sikre eit meir innovasjonsvennleg regelverk og gjere det enklare for utbyggarar å gjennomføre forsøk med nye metodar
- auke makssparebeløpet i BSU-ordninga
- bygge meir energieffektive og berekraftige bygg
- styrke sjølveigardemokratiet ved å seie nei til nasjonal eigedomsskatt
- innføre éin einheitleg metode for fastsetting av skattegrunnlaget for kommunal eigedomsskatt for å sikre likebehandling

Levande distrikt og bygdesamfunn

Høgre vil arbeide for levande distrikt der folk ønskjer å bu og jobbe. Tettstadar og småbyar med spennande arbeidsplassar, god stadutvikling og solid infrastruktur er viktige føresetnader for å gjere distriktskommunane meir attraktive. Velferdstenester av høg kvalitet, desentralisert

utdanning og gode transportsamband er avgjerende for at folk skal kunne bu i heile Noreg. Utvikling av smarte digitale velferdsløysingar gjer kvardagen til folk i distrikta enklare. Utrulling av høghastigheitsbreiband over heile landet gjer det mogleg å jobbe digitalt frå kvar som helst.

Arbeidsplassar og lokal verdiskaping bidrar til positive ringverknader for lokalsamfunnet. Ein framtidsretta distriktpolitikk må bidra til at lokalsamfunna i størst mogleg grad kan utnytte sine naturgitte fordelar for vekst og utvikling.

Høgre vil

- fortsette å legge til rette for at smarte digitale løysingar kan gi betre velferdstenester der folk bur
- sikre god og rask tilgang på høghastigheitsnett i heile landet og prioritere utbygging i spreiddbygde strok
- oppretthalde ei differensiert arbeidsgivaravgift
- flytte fleire statlege kompetansearbeidsplassar ut av hovudstadsområdet, no som digitaliseringa gjer det mogleg for statstilsette å jobbe i heile landet
- vurdere moglegheita for å tilby statstilsette digital arbeidsstad saman med andre verksemdar
- at departement, direktorat og etatar tilset fleire med bustad og arbeidsstad i heile landet
- sikre eit godt og desentralisert utdanningstilbod, blant anna gjennom digitale kompetanse-hubar
- sørge for meir fleksible etter- og vidareutdanningstilbod i regi av universiteta, høgskulane og fagskulane enn dei som blir tilbydde i dag
- invitere leiande universitet frå andre land til å tilby nettbaserte kurs og universitetsfag gjennom regionale studie-hubar
- styrke plankompetansen i kommunane for å styrke det lokale sjølvstyret
- at kommunane skal få behalde meir av dei verdiane som blir skapte lokalt
- liberalisere plan- og bygningslova ytterlegare for å gi moglegheita til å utnytte lokale moglegheiter og ressursar
- vidareføre Merkurprogrammet for betre utvikling av butikkar i distrikta

Storbyar og byregionar

Høgre vil arbeide for levande byar som bidrar til å skape moglegheiter for innbyggjarane sine. Ein stadig større del av innbyggjarane vel å bu og jobbe i byane. Derfor er byane eit viktig verkemiddel for å møte nokre av vår tids største utfordringar, som befolkningsvekst, bustadbygging, næringslivsutvikling og grøn vekst. Framtidas byar og byregionar må gjerast i stand til å handtere desse utfordringane på ein god måte.

Høgre vil

- føre ein politikk som gjer det enkelt å etablere bedrifter og bustader i byane, ved rask saksbehandling og færre innvendingsmoglegheiter
- gjennomføre fleire prøveprosjekt der store kommunar får ansvar for fylkeskommunale oppgåver som vidaregåande skular, vegar og kollektivtransport
- gjere dei store byane i stand til å handtere ein stor befolkningsauke og utfordringar knytt til sosiale forskjellar, integrering og migrasjon

- sørge for at arealplanlegging, infrastruktur og kollektivutbygging tar utgangspunkt i naturlege bu- og arbeidsmarknadsregionar, for å samordne areal- og planpolitikken betre enn dagens kommune- og fylkesgrenser tillet
- sikre betre samordning mellom statlege etatars høyringsuttalar i lokale og regionale spørsmål, slik at dei bidrar til meir effektive avgjerdsprosessar, og staten blir ein meir føreseieleg samarbeidspartnar
- stimulere til nærings- og sentrumsutvikling gjennom samarbeid mellom offentlege og private aktørar
- gi byane moglegheit til å opprette eigne område der næringslivsaktørar frivillig kan sette av midlar til lokal utvikling til fordel for næringslivet, etter modell frå Business Improvement District i Storbritannia og USA
- satse på klyngeprogramma og bruke klyngene som ein viktig motor i næringsutviklinga i byane
- forsterke, fornye og utvide områdesatsingane
- etablere kollektivknutepunkt og gode kollektivløysingar i og rundt byane
- tilrettelegge for kjeldesortering og insentiv for avfallsreduksjon i storbyane

Val og demokrati

Noreg har eit av verdas mest velutvikla demokrati. Høgre ønskjer å styrke demokratiet ytterlegare ved å gi veljarane større påverknad i lokale og nasjonale val. Ein føresetnad for eit velfungerande demokrati er ei valordning som sikrar at veljarane får gjennomslag for sine preferansar både når det gjeld politikk og personar.

Høgre vil

- gi veljarane større påverknad ved å innføre eit personvalstillegg ved stortingsval og auke personvalstillegget ved fylkestingsval
- behalde 18 år som stemmerettsalder ved både nasjonale og lokale val
- sette eit tak på kor mykje politikarar kan få i samla godtgjersle
- sikre val i Noreg mot utanlandsk påverknad ved å forsterke valprosessane samt styrke myndigheitene sitt arbeid med å førebygge og avdekke moglege påverknadsoperasjonar

Innvandring og integrering

Streng, føreseieleg og berekraftig

Noreg har ei plikt til å hjelpe menneske i naud og til å gi beskyttelse mot forfølgning. Høgres mål er at flest mogleg menneske får hjelp. Noreg er eit land med ein arbeidsmarknad som krev høgkompetent arbeidskraft. Dermed er det også vanskelegare for innvandrarakar med lav eller ingen formell kompetanse å kome inn på arbeidsmarknaden, som igjen gjer integreringa vanskelegare og dyrare for Noreg enn den vil vere for andre land. Høgre meiner at Noreg skal gi den hjelpa som gir mest effekt, og i hovudsak bidra økonomisk til å hjelpe flyktningar i nærområda til heimlandet. Dette vil vere langt meir effektivt enn å auke talet på flyktningar som får kome til Noreg.

Høgre vil

- føre ein streng, føreseieleg og berekraftig innvandringspolitikk
- primært hjelpe menneske på flukt gjennom økonomisk støtte i nærområda
- jobbe for felleseuropeiske løysingar på flyktning- og migrasjonsutfordringar
- vere ein pådrivar for avtalar der menneske med reelt beskyttelsesbehov får opphald i tredjeland, og nytte bistandsmidlane som eit verktøy for å oppnå semje eller inngå slike avtalar
- returnere asylsøkarar som har vore i trygge tredjeland før dei kom til Noreg
- utgreie eit system der Noreg gir beskyttelse til sårbare personar med beskyttelsesbehov ved å betale for omplassering til trygge tredjeland
- jobbe for at flyktningeinnvandring til Noreg i hovudsak skal skje gjennom uttak av kvoteflyktningar, der vi skal prioritere seksuelle minoritetar, heile familiar utan behov for familiegjenforeining og personar med høg sannsynlegheit for god integrering
- at asylsøkarar og flyktningar i likekjønna forhold skal ha krav på familiegjenforeining med ektefelle/partnar, der dokumentasjonskrav skal kunne erstattast med sannsynleggjering for land som avgrensar tilgang til likekjønna ekteskap/partnarskap
- sette eit inntektskrav for familiegjenforeining på eit nivå der det er mogleg å forsørge familien som kjem
- som hovudregel berre gi mellombels opphald og forvente tilbakeføring til område personar har flykta fra, når dette blir trygt
- sikre rask og rettferdig behandling av asylsøknader og sørge for at eventuelle returar blir hurtig gjennomført

Opphaldsløyve og statsborgarskap

Å vere norsk statsborgar er synonymt med å vere norsk. For å få innvilga statsborgarskap må ein snakke norsk på eit nivå som gjer at ein kan delta i arbeidslivet, ta del i sivilsamfunnet og ha kontakt med andre i samfunnet.

Noreg har eit sterkt velferdssamfunn bygd på tillit og deltaking. Føresetnaden for velferda er at så mange som mogleg deltar i arbeidslivet. Derfor må menneske som skal bli ein del av samfunnet, møtast med støtte og hjelp, men også forventingar og krav.

Høgre vil

- etablere eit hurtigspor i introduksjonsprogrammet med høgare krav til progresjon og innsats for dei som er ekstra motiverte, som blir premierte med at all resterande introduksjonsstønad blir utbetalt sjølv om du går rett over i jobb
- gjennomføre ei prøveordning der ideelle organisasjonar og sosiale entreprenørar får tilskot basert på kor mange dei får i fast jobb innan eitt år etter busetting
- innføre krav om å ha forsørga seg sjølv i minst fire år for å få permanent opphaldsløyve
- innføre krav om arbeidsdeltaking for å få permanent opphald, med mindre særlege grunnar tilseier at det er urimeleg
- innføre krav om at personar ikkje kan ha gjeld til det offentlege, herunder manglande skattebetalingar eller pålagde tilbakebetalingskrav for offentlege ytingar, dersom dei skal få permanent opphaldsløyve eller statsborgarskap
- styrke UDIs arbeid med å stadfeste identitet, og ikkje innvilge statsborgarskap og permanent opphald dersom det er tvil om søkaren sin identitet
- at statsborgarskap ikkje skal innvilgast dersom søkaren aktivt motarbeider eller nektar å samarbeide i arbeidet med å avklare eigen identitet
- evaluere språkkravet om B1-nivå muntleg og vurdere å auke språkkravet for å få statsborgarskap til B2-nivå muntleg
- at statsborgarskap skal reknast som endepunktet for integreringa, og derfor opne for at menneske som raskt lærer seg språket, kjem i arbeid og er godt integrert i det norske samfunnet, får moglegheita til å få innvilga statsborgarskap raskare
- ikkje endre krava til statsborgarskap for EØS-borgarar og borgarar frå dei nordiske landa

God integrering

For Høgre er det viktig at dei menneska som skal bli ein del av det norske samfunnet, tar del i arbeidsmarknaden og sivilsamfunnet og blir godt integrert. Det krev noko av samfunnet som heilheit og av den som skal integrerast. Høgre vil legge godt til rette for integrering ved å vidareføre og forbetre introduksjonsprogrammet. Samstundes må oppfølginga folk får, vere tilpassa deira behov og praktiserast likt over heile landet. Ideelle organisasjonar og sosiale entreprenørar er viktige tilskot til det offentlege tilbudet og kan spele ei viktig rolle i integreringsarbeidet.

Høgre vil

- sørge for god og standardisert oppfølging av menneske i introduksjonsprogrammet
- kartlegge flyktningar sin kompetanse tidleg, slik at dei kan få eit utdanningstilbod i introduksjonsprogrammet som aukar sannsynlegheita for jobb
- i større grad bruke jobbprogram retta særleg mot minoritetskvinner i introduksjonsprogrammet for å få fleire ut i arbeid
- opne for lengre varigheit på introduksjonsprogrammet for personar som treng lengre tid for å kvalifisere seg inn i det norske arbeidslivet
- tilby mottaksklasser ekstra norskopplæring i sommarferien og stille tydelege krav til at mottakselevar skal bli inkluderte i skulens aktivitetar og læringsmiljø
- opne for at språkopplæring kan gjennomførast i kombinasjon med arbeidsdeltaking
- fortsette praksisen med å ikkje busette innvandrarar i område der ein stor del av befolkninga er innvandrarar

- sørge for god opplæring i norske verdier og samfunnsnormer, særleg knytt til ytringsfridom og aksept for kvinner og seksuelle og religiøse minoritetar
- samarbeide med frivilligheita og idrettslag for å oppfordre til deltaking i sivilsamfunnet
- arbeide for større deltaking i arbeids- og samfunnsliv, spesielt blant innvandrar kvinner frå grupper der desse har lav deltaking
- etablere eit tverrfagleg program der skule, barnevern og helsetenestene samarbeider om å følge opp barn som har vendt heim etter ein lengre periode i utlandet
- innføre kompetansekrav til lærarar som underviser i norsk i introduksjonsprogrammet
- utvikle og forbetre norskopplæringa, blant anna i samarbeid med fagmiljø for språkteknologi og datastøtta språklæring
- sikre at fleire raskare får godkjent si utdanning frå universitet i utlandet
- innføre nasjonale prøver på norskopplæringa for å kvalitetssikre opplæringa

Familie, mangfald og likestilling

Familie

Høgre meiner at familien er vårt viktigaste sosiale fellesskap. Familien skaper og sikrar ei trygg ramme om barns oppvekst. Familiar og familiekonstellasjonar i Noreg er ulike. I tillegg ser kvardagen forskjellig ut for kvar enkelt familie. Høgre meiner at det offentlege må tilpasse seg familiane sine behov, ikkje omvendt.

Høgre vil

- støtte opp om familiens viktige rolle i vårt samfunn
- sikre ulike familiar like rettigheter
- evaluere tredelinga av fødselspermisjonen og konsekvensane det har for familiane og samfunnet, og ved behov gjere justeringar for å sikre auka fleksibilitet for familiane
- auke fleksibiliteten ved utbetaling av foreldrepermisjonspengar, slik at ein kan ta ut ein lavare del enn 80 prosent, men ha lengre permisjonstid
- gjere delt busted til utgangspunktet ved samlivsbrot, og sikre barns rett til samvær med begge foreldre
- fjerne kontantstøtta, men innføre ei ventestøtte til foreldre som ventar på å få barnehageplass
- arbeide for enklare adopsjonsreglar både i Noreg og utanlands
- innføre femårig buplikt for å motta eingongsstønad
- dele opp eingongsstønaden i fleire utbetalingar for å sikre økonomisk føreseielegheit
- sørge for ordningar som gjer det enklare for fleire å få barn tidleg
- arbeide for å gi fedre sjølvstendig opptenings- og uttaksrett i samband med foreldrepermisjon
- behalde barnetrygda og vurdere andre målretta tiltak for å støtte barnefamiliar med svak økonomi
- sørge for at fleire barn får tilbod om barnehageplass når dei fyller eitt år eller når permisjonstida er over
- utvide permisjonstida for mødre som føder etter termin
- innføre rett til tilleggspensjon for alle fosterforeldre som må ta permisjon for å følge opp fosterbarn

Barnevern

Høgre vil ha eit godt og sterkt barnevern som ivaretar barnas og familiane sitt beste. Barnevernet skal sikre at barn og unge som lever under forhold som kan skade deira helse og utvikling, får hjelp og omsorg til rett tid. Då trengst det høg kompetanse i alle kommunar slik at kvaliteten på tenestene blir høg.

Høgre vil

- utgreie ein modell der kommunane får ansvar for den førebyggjande og rettleiande delen av barnevernet, og spesialisthelsetenesta får ansvar for barn som er i barnevernsinstitusjonar
- at alle kommunar skal ha døgnberedskap med barnevernsfagleg kompetanse

- at det skal stillast krav om interkommunalt samarbeid om barnevern for kommunar som har fem eller færre tilsette i barnevernstenesta
- kreve relevant masterutdanning for kommunale barnevernsleiarar
- at offentleg overtaking av omsorga for barn skal vere ein siste utveg, og at det alltid skal gjerast ei ekstravurdering ut frå barnets beste
- at i dei tilfelle der det offentlege må overta omsorga for eit barn, skal saka vurderast av tilsette i barnevernstenesta med fordjuping og spesialkompetanse i barnevernssaker
- lovfeste krav om fysisk og psykisk helseundersøking av barn som det offentlege overtar ansvaret for
- styrke barnevernets kompetanse på førebygging av rusproblem
- sørge for at informasjonsdeling mellom samarbeidande aktørar blir enklare innanfor eksisterande reglar om personvern og taushetsplikt
- sikre ein heilheitleg gjennomgang av fosterheimsordninga i tett dialog med fosterheimane, kommunane og fosterbarna
- styrke fosterbarns rettssikkerheit
- sørge for god kartlegging av fosterbarns helse- og omsorgsbehov
- at saksmapper som ikkje er lukka frå barnevernet, automatisk blir overført til ny kommune ved flytting over kommunegrensene

Likestilling, inkludering, mangfald og leiing

Høgre ønskjer eit samfunn der alle har dei same moglegheitene for å lykkast, uavhengig av kjønn, seksuell orientering, kjønnsidentitet, kjønnsuttrykk, etnisitet eller funksjonsevne. Høgre vil legge til rette for at alle skal kunne leve frie og sjølvstendige liv, og blant anna vere ein pådrivar for at universell utforming blir lagt til grunn for samfunnsplanlegginga.

Høgre vil

- arbeide for eit likestilt samfunn
- prioritere barnehagar, skular og offentleg transport i arbeidet for eit universelt utforma samfunn
- styrke likemannsarbeidet i dei funksjonshemma sine organisasjonar
- gjere likestillingslova kjønnsnøytral
- gjere det enklare for arbeidsføre med ei funksjonsnedsetting å kome ut i jobb
- styrke innsatsen for aksept og toleranse for LHBT+-personar på eldreheim
- sikre tilstrekkeleg kompetanse om LHBT+ på kvar enkelt skule
- auke kompetansen om overgrep blant alle yrkesgrupper som møter barn gjennom sin profesjon
- forsterke arbeidet for likestilling og aksept for alternative livsval i minoritetsmiljø
- arbeide mot negativ sosial kontroll
- forby søskenbarnekteskap for å forhindre negativ sosial kontroll
- styrke innsatsen for å avdekke tvangsekteskap og omskjering av jenter, med mål om å forhindre dette i størst mogleg grad
- gi varslarar frå miljø med utbreidd bruk av negativ sosial kontroll og æresvald eit særleg vern og oppfølging
- forlange moglegheita til å stå i ein Vta-plass til etter 67 år
- legge til rette for auka bruk av konfliktråd i saker som handlar om negativ sosial kontroll
- at familiar med barn med funksjonsnedsettingar skal sikrast gode, tilrettelagde, heilheitlege og koordinerte tenester

- at personar med utviklingshemming må sikrast tenester som i størst mogleg grad gjer det mogleg å leve fullverdige liv
- BPA (Brukarstyrt Personleg Assistanse) er ei viktig ordning som må sikre reell likestilling og deltaking i samfunnet for funksjonshemma som har rett på denne ordninga i høve til lovverket

Urfolk og nasjonale minoritetar

Noreg har gjennom nasjonale vedtak og ratifisering av internasjonale konvensjonar forplikta seg til å verne om eit mangfald som ivaretar urfolk og nasjonale minoritetar. Desse har alle rett til å utvikle sitt språk, sin kultur og sitt samfunnsliv. Høgre meiner dette språklege, kulturelle og samfunnsmessige mangfaldet er ei styrke for landet, og vil arbeide for gjensidig respekt og solidaritet mellom folkegruppene.

Høgre vil

- bevare og vidareutvikle samisk språk, kultur og samfunnsliv som ein del av Noregs felles kulturarv
- sikre støtte til institusjonar som har ansvar for at norske minoritetsspråk som nord-, sør- og lulesamisk, kvensk, romanes og romani blir bevart
- ivareta samiske kulturtradisjonar som joik og forteljartradisjonar
- sikre eit fullverdig samisk utdanningstilbod
- ta vare på nasjonale minoritetar sin kultur og historie
- sikre reindrifta som ein økonomisk og miljømessig berekraftig næringsveg som framleis kan vere ein viktig kulturberar for det samiske folk
- utarbeide ein ny strategi for berekraftige utmarksnæringar i samiske område i samarbeid med Sametinget
- likebehandle bønder og reineigarar når det gjeld avgifter på drivstoff til bruk i næringa

Kultur, idrett og frivilligheit

Kultur

Kulturen og opplevingane den gir, berikar oss som menneske. Kunst og kultur er ein del av vår nasjonale infrastruktur. Kulturinstitusjonane forankrar oss i vår felles historie, utfordrar oss og opnar opp for det ukjende. Dei er ei viktig brikke i den nasjonale demokratiske infrastrukturen. Høgres hovudmål er sterke kulturinstitusjonar som er opne og tilgjengelege for heile befolkninga.

Høgre vil skape nye lønsame jobbar i kulturlivet gjennom å tilrettelegge for kreative næringsklynger og styrke regionale tiltak. Kunst og kultur på høgt nivå er viktig for å stimulere og motivere til aktivitet på amatør- og grasrotnivå. Samstundes er det umogleg å etablere toppsjiktet utan stor aktivitet i breidda. Høgre ønskjer sterke og toneangivande kulturinstitusjonar som sørger for kunst og kultur av ypperste kvalitet, i samspel med aktørar frå det frie feltet. Høgre støttar den immaterielle eigedomsretten for opphavsmenn og kulturaktørar og meiner den må sikrast i møte med den teknologiske utviklinga.

Høgre vil

- fortsette arbeidet for eit fritt og levande kulturliv gjennom både offentleg finansiering og private bidrag
- anerkjenne dei store kulturinstitusjonane si rolle i den demokratiske infrastrukturen og sørge for støtte til desse
- sikre desentralisering og breidde i norsk kulturliv
- evaluere Kulturrådets rolle, oppgåve og samansetting
- bidra til kvalitet og mangfald i kulturlivet med sterkare vektlegging av kulturens næringspotensial
- vurdere eit skattefrådrag for private bidrag til kulturinstitusjonar
- tilrettelegge for auka eksport av norsk kulturliv
- sørge for at populære kulturarrangement som lykkast i å nå eit breitt publikum og får sitt eige inntektsgrunnlag, framleis skal støttast i ein overgangsperiode
- fortsette å redusere byråkratiet i kulturektoren
- forenkla prosessen med å søke støtte til kulturarrangement
- oppretthalde og vidareutvikle filminsentivordninga og ein sterk norsk film- og serieproduksjon
- fortsette satsinga på Talent Norge og norsk talentutvikling
- ha kulturskular som gir barn og ungdom kulturell ballast, opplæring og glede i møte med ulike kunstuttrykk, og styrke kulturskulane si rolle som regionale talentaktørar
- utvide bruk av praksis- og lærlingplassar og aspirantordningar ved kulturinstitusjonar som mottar statstilskot
- sikre gåveforsterkingsordninga og innføre ei ordning der sponsorbidrag til kultur gir rett til frådrag
- forenkla stiftingslova for å legge til rette for meir privat kapital som bidragsytar i kulturlivet
- styrke rammebetingelsane for offentleg–privat samarbeid og privat tilleggsfinansiering i kulturektoren
- fortsette å satse på biblioteka si rolle som ein viktig samfunnsaktør i lokalsamfunna

Tru og livssyn

Religions- og trusfridom er ein grunnleggande menneskerettigheit og ein føresetnad for eit fritt samfunn. Eit godt samfunn har plass for heile mennesket, med den religiøse identiteten og det livssynet kvar enkelt har. Høgre meiner det er viktig å sikre moglegheita til religionsutøving, samstundes som det er viktig å respektere og sikre sekulær og humanistisk, ikkje-religiøs utøving ut frå den enkelte si tru og ønske.

Noreg som nasjon og samfunn har ei klar historisk tilknytning til den evangelisk-lutherske kristne tradisjonen. Dei seinare tiåra har Noreg blitt meir sekulært, og færre besøker kyrkja. Likevel kan ikkje kyrkja si kulturelle betydning, også for ikkje-truande, underdrivast. Institusjonar som bryllaup, gravferd, konfirmasjon og dåp blir praktisert av mange, og for Høgre er det viktig å sikre at dette er tilgjengeleg for heile befolkninga, i heile landet.

Høgre vil

- sikre retten til å tru eller ikkje tru på det ein vil
- sikre yringsfridomen for både religiøse og religionskritiske ytringar
- forby utanlandsk finansiering av trussamfunn i Noreg
- vurdere retningslinjer for ein etisk og verdig gravferdspolitikk
- vidareføre og vurdere styrking av finansieringsordningane for eldre verneverdige kyrkjebygg, herunder middelalderkyrkjer
- innføre forbod mot konverteringsterapi
- ta vare på Noregs forankring i ein kristen-humanistisk kulturarv og verditradisjon
- oppretthalde Den Norske Kyrkje som folkekyrkje og kulturberar i det norske samfunnet

Medium

Ei fri presse er ein av grunnsteinane i det norske demokratiet. Det offentlege skal legge til rette for god nyheitsproduksjon, samstundes som media skal vere uavhengige av politisk press. NRK som allmennkringkastar er ein viktig del av vår nasjonale infrastruktur og bør derfor behaldast, samstundes som det skal vere lett å drive konkurrerande, privat medieverksemd. For å sikre eit godt mediemangfald vil vi også vidareføre ordninga med ein kommersiell allmennkringkastar som eit supplement til NRK.

Høgre vil

- sikre opphavsrettigheter til åndsverk
- liberalisere bransjeavtalen for bøker og styrke konkurransen i bokmarknaden
- sørge for ei mangfaldig og tilgjengeleg lokalpresse i heile landet
- fase ut pressestøtta til riksdekkande aviser og overføre denne til lokalmedium og eit fond for undersøkjande journalistikk og digitalisering
- behalde eit offentleg finansiert, reklamefritt og allment tilgjengeleg NRK som ein viktig del av nasjonal infrastruktur
- arbeide for at internasjonale medieaktørar som opererer i Noreg, må rette seg etter norske konkurransevilkår
- arbeide for at selskap som mottar annonseinntekter frå selskap i Noreg retta mot eit norsk publikum, også betaler skatt i Noreg

Idrett, frivilligheit og friluftsliv

Idretten og frivilligheita er hjørnesteinar i lokalsamfunna og på mange måtar det sosiale limet i samfunnet. Nordmenns deltaking i idrett og frivilligheit ligg heilt i verdstoppen. Dette er ei av årsakene til at tilliten menneske imellom er så høg i Noreg. Denne tilliten bygger på møta mellom menneske i dei små fellesskapa, anten det er i korpset, kyrkjelyden, friluftsliv, fotballaget eller frivilligsentralen. Idrett og fysisk aktivitet har også stor betydning for folkehelsa. Høgre vil satse på idrettsanlegg og tilrettelegge for at alle som ønskjer det, kan delta i fysisk aktivitet. Då er det også viktig med gode, tilrettelagde friluftsområde i lokalsamfunna. Dataspel er ei av dei største fritidsinteressene blant ungdom i Noreg i dag. Stadig fleire norske ungdommar konkurrerer i e-sport, også internasjonalt.

For Høgre er det eit mål at alle skal kunne delta i idretten lokalt, uavhengig av økonomi eller funksjonsevne. Idretten og frivilligheita er viktig for medmenneskeleg kontakt og inkludering og må vere tilgjengeleg for alle.

Høgre vil

- at frivilligheita skal vere fri og uavhengig og ha gode vilkår
- styrke frivilligheita og idrettens rolle i integreringsarbeidet gjennom støtte til lavterskeltilbod og aktivitetsguidar
- sørge for at økonomi ikkje er eit hinder for at barn kan delta i idretten, og derfor styrke og vidareføre utlånsordningar for idrettsutstyr
- stimulere til eit mangfaldig og tilrettelagt idrettstilbod som bidrar til at fleire vil bidra lenger i idretten, friluftsliv og i frivilligheita
- vidareføre ordninga med fritidskort for barn og unge i lavtlønna familiar
- sikre idretten som ein open, trygg og tilgjengeleg arena for alle
- sørge for at det blir bygd idrettsanlegg over heile landet
- sikre føreseielegheit for momskompensasjonen til nye idrettsanlegg
- støtte idrettens nasjonale strategi for idrettsanlegg som inkluderer både nasjonalanlegg og breiddeanlegg, og prioritere fleiridrettsanlegg der det er fornuftig
- sørge for at fleire fleirbrukshallar og kulturhusarenaer er tilrettelagde for datatreff og e-sportskonkurransar
- støtte initiativ for internasjonale e-sportsarrangement
- vidareføre støtten til utvikling av dataspelteknologi og bidra til gode rammevilkår for å styrke profesjonell spelproduksjon i Noreg
- arbeide for større internasjonale arrangement i Noreg med internasjonale aktørar som innfrir krav om godt styresett
- ikkje at myndigheitene skal overføre økonomisk støtte til organisasjonar som ikkje har gode standarder for godt styresett, likestilling, anti-dopingarbeid og utøvarane sine rettigheter
- bevare einerettsmodellen og Norsk Tippings ansvarlege pengespelmodell, der omsynet til dei speleavhengige skal vege tyngst
- legge til rette for meir eigenorganisert idrett og fysisk aktivitet
- sikre ei god og føreseieleg ordning med momsrefusjon for drift av frivilligheita
- tillate alkoholserving ved internasjonale meisterskap og ved kampar i regi av eliteklubbar
- støtte arbeidet med skilting, merking og kartfesting av stiar og turruter i kommunane samt motivere til at desse blir gjort lett tilgjengelege digitalt
- fremme friluftsliv i arbeidet med folkehelse og integrering

- inkludere Norsk nettverk for dataspelbedrifter (Noneda) og andre relevante aktørar i den vidare utviklinga av dataspelindustrien i Noreg
- satse på møteplassar for dataspeling og den digitale kulturen, gjerne i samarbeid med lokale idrettslag og andre frivillige organisasjonar
- vurdere om språknormeringa for bokmål og nynorsk skal flyttast ut av Språkrådet

Norsk kulturarv og språk

Vår felles kulturarv og kunnskap om den er ein viktig del av vår demokratiske og historiske infrastruktur. I ei verd med aukande grad av impulsar og påvirknad utanfrå, er det viktig med kunnskap om eigen kultur.

Språket er ein føresetnad for deltaking i samfunnet. God språkforståing er derfor ikkje berre kulturelt viktig, men faktisk ein demokratisk føresetnad. Norsk språk er også avgjerande for forståinga av våre skandinaviske søsterspråk svensk og dansk, og bidrar til ein felles skandinavisk identitet som er verdt å ta vare på.

Høgre vil

- bygge opp under begge målformene som hovudmål
- styrke det nordiske språksamarbeidet med mål om at skandinaviske språk skal forståast og brukast når skandinavar interagerer
- sikre at norsk kulturarv blir ivaretatt, og sørge for aktiv overlevering av folkemusikk, folkedans og handverk, spesielt små og verneverdige fag
- styrke musea si evne til å ta vare på og gjere vår nasjonale kulturarv meir tilgjengeleg
- styrke produksjonen av norsk skjønn- og faglitteratur og bidra til at den når ut til eit større internasjonalt publikum
- gi lokale myndigheiter større påverknad på skrivemåten av lokale namn

Utanriks og forsvar

Noreg i verda

Norsk utanrikspolitikk skal sikre norske interesser og verdiar. Som eit lite land med open økonomi er vi tente med eit tett internasjonalt samarbeid, ein internasjonal rettsorden og gode rammer for internasjonal handel. Dette inneber at vi ivaretar våre økonomiske interesser og trygghet gjennom NATO, samt at vi deltar i forpliktande internasjonalt samarbeid for å løyse vår tids felles globale utfordringar. Koronapandemien har vist kor viktig det er med tett internasjonalt samarbeid i møte med globale kriser. Høgre meiner Noreg må agere i verda etter klart definerte prioriteringar og i tråd med norske interesser. Dette inneber at vi framover går kritisk gjennom ressurstildelinga på utanriksstasjonane våre, slik at vi kan utøve eit tilstrekkeleg diplomati for å dekke Noregs behov. Noreg må oppretthalde og utvikle det gode bilaterale forholdet vi har til viktige partnarar, slik som dei nordiske landa, USA, EU, Storbritannia og Tyskland.

Høgre vil

- føre ein utanrikspolitikk som ivaretar norske interesser
- ivareta Noregs posisjon som ein aktiv og truverdig NATO-alliert
- arbeide for nødvendige reformar av FN og WTO for å sikre effektivitet og legitimitet i dei viktigaste internasjonale organa
- nytte plassen vår i FNs sikkerheitsråd 2021–2022 til spesielt å fremme kvinners deltaking, løyse konflikhtar gjennom diplomati, beskytte sivile og bekjempe klimaendringar
- inngå fleire frihandelsavtalar med tredjeland
- vere ein pådrivar for global frihandel og inngåing av gode frihandelsavtalar, også med utviklingsland
- at alle norske utanriksstasjonar skal vere i stand til å bistå norsk næringsliv
- gjennomgå ressursbruken på utanriksstasjonane for å kunne prioritere stasjonar som blir vurdert som sentrale for norske utanrikspolitiske interesser
- forsterke forholdet til USA basert på felles sikkerheitsinteresser, økonomisk samkvem, norsk-amerikanske vennsband og felles verdiar som demokrati og fridom
- arbeide for sterkare internasjonalt samarbeid for nedrusting og mot spreining av atomvåpen og andre masseødeleggingsvåpen
- bidra til politisk utvikling i Midtausten gjennom ei balansert haldning, vidareutvikling av gode relasjonar og utdjuping av handels-, nærings-, og forskingssamarbeid med blant anna Israel
- opprette ein mekanisme for å kontrollere utanlandske direkteinvesteringar, slik at ikkje udemokratiske statar eller verksemder som opererer under kontroll av slike, kan utøve politisk press eller strategiske oppkjøp gjennom sine investeringar
- at meldeplikt for utanlandsk eigarskap skal følge like strenge reglar som i EU
- aktivt motarbeide framande makter sin påverknad blant anna gjennom styrking av sikkerheitslova og samarbeid med våre allierte

Europapolitikk og EU

Sjølv om Noreg ikkje er medlem av EU, er vi ein del av Europa både geografisk, kulturelt og historisk. Gjennom historia har Noreg tent på det europeiske samarbeidet, men tapt på europeisk

splitting. Derfor er europeisk samarbeid ei grunnleggande norsk interesse og ein av berebjelkane i utanrikspolitikken. Det handlar ikkje berre om handel, men også om demokrati, sikkerheit og fellesskap. Høgre støttar eit norsk EU-medlemskap, og vi meiner dagens EØS-avtale er grunnleggande viktig for landet.

Høgre vil

- arbeide for norsk EU-medlemskap
- føre ein aktiv europapolitikk og forsvare EØS-avtalen
- at EØS-avtalen skal ligge til grunn som eit krav for eikvar regjering Høgre deltar i
- at Noreg skal vere ein aktiv samarbeidspartnar med EU i spørsmål knytt til klima, demokrati, menneskerettigheiter, sikkerheit og helse, blant anna ved å sikre EØS-midlar til desse formåla
- sørge for eit nærast mogleg forhold til Storbritannia utanfor EU

Utvikling og menneskerettigheiter

Handel og internasjonalt samarbeid er ei drivkraft for økonomisk vekst og ein føresetnad for utbreiing av demokrati og menneskerettigheiter. Noreg spelar ei stor rolle innan global utvikling og bidrar til at menneske kan arbeide seg ut av fattigdom.

Framtidas utviklingspolitikk skal støtte opp om prosessar som skaper varige endringar og gjer mottakarlanda betre i stand til å skape eigen vekst. Humanitær bistand skal giast til dei mest sårbare og til dei som blir ramma av krig, konflikt og katastrofar. Samstundes er det av stor interesse for Noreg og verda at ein større del av norsk bistand går til klimatiltak i utviklingsland. Dette er land som opplever ein sterk befolkningsvekst og industrialisering. Dersom vi skal nå dei globale klimamåla, må desse landa hoppe over fossilstadiet og gå rett til fornybarstadiet.

Høgre vil

- oppretthalde Noregs posisjon som ein viktig bidragsytar innan den globale utviklingspolitikken
- rette hovuddelen av norsk bistand inn mot klima, reine hav og jenters utdanning i utviklingsland
- arbeide for eit meir effektivt FN, der menneskerettigheitene blir gitt prioritet på tvers av organisasjonane sine arbeidsområde
- følge opp FNs berekraftsmål og utarbeide ein nasjonal handlingsplan for berekraftsmålå med nasjonale indikatorar for måloppnåing
- sørge for at Noreg fører ein politikk som fremmar trusfridom, kvinners rettigheiter, likestilling og LHBT+-personars rettigheiter internasjonalt, blant anna ved å ta internasjonalt leiarskap for å avkriminalisere homofili globalt
- i hovudsak unngå direkte stat-til-stat-bistand, men forvente at mottakarar av bilateral bistand viser reell vilje til å oppretthalde og styrke menneskerettigheiter, demokratisk utvikling og yringsfridom
- gjere norsk bistand meir effektiv og resultatorientert ved å konsentrere bistanden om færre land og færre prosjekt
- gjennomføre ein kritisk gjennomgang av norske utviklingsmidlar for å sikre meir målbare resultat og sørge for openheit om bruk av og resultat for bistanden
- at alle bistandsprosjekt og -program skal igangsettast med eit forventat sluttresultat og ein avviklingsstrategi om resultatet ikkje blir oppnådd i ein gitt tidsperiode

- arbeide for auka handel mellom Noreg og verdas fattige land samt mellom fattige land
- prioritere kapitaltilførsel til Norfund
- bidra til framleis auka norske investeringsr i utviklingsland
- arbeide for at norsk bistand bidrar til ressursmobilisering og auka politisk vilje til endring i mottakarlanda
- redusere midlane som blir brukte til bistand, og erstatte dagens prosentmål for pengebruk med klare resultatmål for bistanden
- gjennomføre ein kritisk gjennomgang av organisasjonar som i dag får norsk støtte
- ikkje støtte organisasjonar som oppfordrar til vald eller som fremmar hatefulle ytringar, rasisme eller antisemittisme
- fjerne støtten til palestinske organisasjonar og institusjonar som oppfordrar til terror, vald, kjønnsdiskriminering og antisemittisme
- bidra med humanitær nødhjelp i krisesituasjonar

Nordområdepolitikk

Høgre vil ivareta Nordområda som Noregs viktigaste sikkerheitspolitiske region og strategiske satsingsområde.

Nordområdepolitikken må samlast om dei opprinnelege målsettingane, som er ein sikkerheitspolitikk bygd på avskrekking og beroligelse med auka militær tilstadevering i nord. Samstundes ønskjer Høgre ei realisering av det store næringspotensialet som kan sikre Nord-Noreg varierte og attraktive jobbar og levedyktige samfunn i bygd og by. Høgre vil bidra til meir verdiskaping i Nord-Noreg, som ein av de mest skapande og berekraftige regionane i Europa.

Høgre vil

- styrke forsvarets tilstadevering i nord og ivareta ein sikkerheitspolitikk bygd på avskrekking og beroligelse
- vidareføre den historiske satsinga på infrastruktur i nord, inkludert breiband
- vidareutvikle Nord-Noreg som romindustriregion i tett samarbeid med kunnskapsmiljø nasjonalt og internasjonalt
- etablere eit innovasjonssenter for gründarbedrifter innan romindustri
- auke samarbeidet med USA, Canada, Storbritannia, EU og dei nordiske landa om nordområdepolitikken
- utvikle ein felles vestnordisk nærings- og utviklingsstrategi saman med Danmark, Island, Grønland og Færøyane
- oppretthalde Noregs leiarrolle for lav spenning i nord gjennom Arktisk råd og bruke plassen vår til å fremme norske synspunkt og interesser i nordområda
- ivareta eit godt naboforhold med Russland og auke samarbeidet innanfor område av felles interesse, samstundes vil vi vere tydelege på grunnleggande norske samfunnsverdiar og sikkerheitspolitiske interesser
- styrke og vidareutvikle folk-til-folk-samarbeidet i nordområda for å redusere spenning og auke forståing mellom folk
- oppretthalde ei norsk befolkning på Svalbard og arbeide for at talet på nordmenn aukar
- jobbe for internasjonal oppslutning om og forståing av Svalbardtraktatens vedtekter
- styrke forskinga og legge til rette for meir polar-, klima- og romforskning

- utforme eit regionalt kompetanseløft tilpassa arbeidslivets behov og bygge opp desentraliserte tilbod for at folk skal kunne utdanne seg der dei bur
- sikre vidare finansiering av regjeringas oppretta investeringsfond drifta frå Nord-Noreg, for å gi grundarar i nord betre tilgang på kapital

Eit sterkt forsvar

Statens viktigaste oppgåve er å sørge for innbyggjarane si sikkerheit og samfunnets trygghet. Høgre vil vidareutvikle eit forsvar som sikrar Noregs suverenitet, interesser og handlefridom. Noreg ivaretar NATOs tilstadevering i nordområda, og NATO sørger for Noregs sikkerheit. Høgre meiner Noregs sikkerheitspolitiske interesser blir ivare tatt gjennom beroligelse, avskrekking, sikkerheit og stabilitet i våre eigne nærområde og gjennom internasjonale bidrag i samarbeid med våre allierte. Høgre vil fortsette å styrke Forsvarets reaksjonsevne, kampkraft og uthaldenheit.

Høgre vil

- auke løyvingane til Forsvaret, slik at det møter landets sikkerheitsutfordringar, opprettheld NATOs 2 prosent-ambisjon og dagens nivå på minst 20 prosent investeringsdel, i tråd med Wales-vedtaket
- styrke verneplikta som institusjon og sørge for auka rekruttering
- sikre eit landsdekkande og slagkraftig Heimevern med god reaksjonsevne
- sikre eit heilheitleg og balansert forsvar med gjensidig forsterkande kapasitetar innan land-, sjø- og luftmakt
- sikre sterk norsk tilstadevering i nærområda våre, situasjonsforståing, suverenitetshevding i heile landet og ei truverdig førebyggjande avskrekking
- bidra til å styrke NATOs kollektive forsvar og oppretthalde Noregs gode posisjon i alliansen
- sikre brei internasjonal forståing for dei komplekse sikkerheitspolitiske utfordringane som pregar nærområda våre
- styrke forsvarssamarbeidet med dei viktigaste alliansepartnerane våre: USA, Storbritannia, Nederland, Tyskland og Frankrike
- styrke det nordiske og europeiske forsvarssamarbeidet som supplement til NATO
- vidareutvikle og styrke Forsvarets kapasitear for å handtere nye scenario innan etterretning, cyber og nye, hybride truslar
- sikre gode og føreseielege rammevilkår for norsk forsvarsindustri
- vidareutvikle totalforsvaret i tråd med den skjerpde sikkerheitspolitiske situasjonen og samfunnets behov i fred, krise og krig
- betre Forsvarets verktøy for offentleg kommunikasjon med befolkninga
- vidareutvikle Forsvarets samarbeid med andre etatar, slik som politi og tollvesen
- betre samfunnets sikkerheit og beredskap, herunder forsyningssikkerheita, og styrke evna til å ivareta samfunnets kritiske funksjonar
- ta i bruk kunstig intelligens i Forsvaret, etter kvart som teknologien blir utvikla, i tråd med landets forsvarspolitiske interesser og Forsvarets behov
- sørge for at grunnleggande nasjonale funksjonar er tilstrekkeleg sikra
- jobbe for at sivil sektor og næringslivet styrkar sin evne til beredskapsstøtte i krisesituasjonar
- sørge for at veteranar får tilstrekkeleg oppfølging etter endt teneste

- betre vilkåra for familieane til soldatar på utanlandsoppdrag, blant anna ved å gi den heimeverande forelderen foreldrekvoten til den som er ute og ikkje får tatt ut sin kvote grunna tenesta
- fortsette moderniseringa av Forsvaret og gjennomføre planlagde investeringar i nytt materiell og utstyr
- fjerne kravet om at ein del av byggebudsjettet skal brukast til kunst, når bygga har militære formål eller skal driftast av Forsvaret